

# Kunnskapsgrunnlag

Regional plan for senterstruktur og  
berekraftige lokalsamfunn

# Innleiing



Eit levande sentrum er eit hovudelement i den klimavennlege og attraktive staden. Sentrum er byen og tettstaden sin historiske tyngdepunkt, med stadeigen karakter og ofte med stor betydning for innbygarane sin identitet og tilhøyrse til staden. Sentrum er oftast òg tyngdepunktet ny utvikling kan konsentrerast om i ein kompakt byutvikling. Omkringliggande områder har ofte stort potensial for fortetting og transformasjon, med handels- og servicetilbod i nærleik og med god kollektivtilgjenge.

Det du no har framfor deg er kunnskapsgrunnlaget for dei seks temaa definert i planprogram for regional plan for senterstruktur og berekraftige lokalsamfunn. Kunnskapsgrunnlaget er utarbeidd av breitt samansette temagrupper, men er ikkje ei komplett oversikt over tilgjengeleg kunnskap.

Datamaterialet som kunnskapsgrunnlaget byggjer på er henta frå offentlege kjelder, m.a. Vestland sine kartleggingar og prognosar. Dokumentet viser til sentrale utfordringar som temagruppene har peika på og er henta frå eigne erfaringar kombinert med biletet vi ser i datamaterialet. Feltet er vidt, og utfordringane som er valt ut, er i stor grad retta mot det regionale verkemiddel- og myndigheitsnivået.

Kommunane i Vestland har ulike fortrinn og utfordringar i arbeidet med sentrumsstruktur og lokalsamfunnsutvikling. Ein regional plan skal bidra til å skape kunnskap om desse forskjellane og støtte opp under samfunnsutviklinga i alle delar av fylket. Planen skal gje retning, koordinere og inspirere til berekraftig utvikling i kommunar både med og utan vekst for lokalsamfunn i alle målestokkar, i alle delar av fylket. Spesielt ser vi moglegheiter ved fortetting, transformasjon, gjenbruk og sambruk, saman med samordna areal-, bustad- og transportplanlegging. Nettopp for å samordne den regionale innsatsen betre, vedtok fylkesutvalet juni 2023 å sette arbeidet med ein eige regional plan for senterstruktur og lokalsamfunn på vent. No lar vi Utviklingsplanen definere korleis vi som fylkeskommune kan best kan jobbe med å løyse dei store samfunnsprosmåla.

For at forvaltningsnivåa skal utfylle og styrke kvarandre, trengs klare grenser mellom ansvaret staten, fylkeskommunen og kommunane har kvar for seg, og korleis dei skal samarbeide. Staten skal ha eit nasjonalt blick, fylkeskommunane eit regionalt, og kommunane ansvar for det som er lokalt. I praksis kan likevel rollene blandast saman. I prosessen har vi fått mange gode innspel til planprogrammet (på høyring hausten 2023), som vi har tatt med i arbeidet med grunnlaget, og som er lagt ved som ein eigen rapport.

Temagruppene har bestått av representantar frå dei fleste avdelingar i fylkeskommunen, KS, Statsforvaltaren, Vestlandsforskning, Distriktssenteret, Høgskulen på Vestlandet, Statens vegvesen og Universitetet i Bergen har òg bidrege. Norconsult har gjort ei evaluering av dei eksisterande planane i tidlegare Sogn og Fjordane og Hordaland, som ligg som vedlegg. I tillegg til dette dokumentet har NIBR og TØI på bestilling utarbeidd ein rapport om senterstruktur, regionsentre og regional utvikling i Vestland fylke, som òg ligg som vedlegg. Ein kortversjon av kunnskapsgrunnlaget er under utarbeiding og du finn eit utkast på [denne lenka...](#)

Planprogrammet la opp til eit eige tema om berekraft. Undervegs i arbeidet med kunnskapsgrunnlaget har det blitt klårt at berekraft gjennomsyrrer tankegangane i alle temaa, og det vart eit kunstig skilje å definere det som eit eige kapittel. Prosessen med utarbeiding av kunnskapsgrunnlaget har likevel avdekkja potensialet for målkonfliktar som vil vere eit sentral tema framover i utforming av regional politikk.

# Innhold

<b>Innleiing .....</b>	<b>2</b>
<b>Plantema .....</b>	<b>5</b>
Senterstruktur.....	6
Kvifor regionsenter?.....	7
Bu- og arbeidsregionar (BA-regionar) .....	9
Forholdet mellom regionsenterkommune og omlandskommunar .....	10
Har regionsenter-strukturen påverknad? .....	11
Råd/forventingar til politikk:.....	12
<b>Lokalisering av arbeidsplassar, tenester og tilbod .....</b>	<b>13</b>
Berekraft – avhengig av rett lokalisering og mobilitetsløysingar .....	14
Samordna bustad-, areal-, og transportplanlegging .....	17
Arbeidsplassar .....	20
Tenester og innhald .....	24
Handel .....	32
Korleis styrke styrke sentrum som etableringsarena for handel og service? .....	37
Råd/forventingar til regional politikk:.....	39
<b>Utbyggingsmønster og arealbruk.....</b>	<b>40</b>
Noverande arealbruk .....	41
Vestlandsk bustad- og utbyggingsmønster.....	41
Land- og skogbruk .....	44
Naturmangfald og karbonlagring .....	45
Vassforvaltning.....	46
Råd/forventingar til regional politikk:.....	47
<b>Kvalitet i omgjevnader .....</b>	<b>48</b>
Arkitektonisk kvalitet som verkemiddel for å nå samfunnsmåla .....	49
Korleis vert arkitektonisk kvalitet heimla? .....	51
By- og stadutvikling i eit regionalt perspektiv .....	51
Arkitektur og formgjeving som reiskap .....	52

Metodikk - innsatsområde og verkemiddel .....	57
Samarbeid og partnerskap – særskilt relevante .....	59
Råd/forventingar til politikk: .....	62
<b>Bustad</b> .....	<b>63</b>
Heilskapleg bustadpolitikk, roller og handlingsrom .....	64
Roller og handlingsrom i bustadpolitikken .....	64
Situasjonsrapport bustad i Vestland – utvalde tema.....	69
Om bustader og bustadtilhøve.....	70
Bustadmarknaden – sentrale delar og distrikt .....	73
Om bustadareal i kommunane i Vestland og arealbehov .....	76
Råd/forventingar til politikk: .....	77
<b>Barn og unge - trivsel og tilhøyrse</b> .....	<b>78</b>
Rammer for planlegging - barn og unge .....	79
Planar og satsingar i Vestland knytt til barn og unge .....	81
Regionale og lovpålagte samarbeid.....	83
Gode døme frå arbeid i Vestland dei siste åra: .....	84
Medverknad - ei kjelde til kunnskap og samfunnsdeltaking .....	85
Oppvekstarenaer.....	86
Råd/forventingar til politikk: .....	87
<b>Vedlegg 1: Identifiserte kunnskapsbehov</b> .....	<b>88</b>
<b>Vedlegg 2: Hovudinndeling av regionklasser, BA-regionar, senter- og omlandskommunar:..</b>	<b>90</b>
<b>Vedlegg 3: Nøkkeltal for BA-regioner og senterkommuner rangerte etter ulike nivå:.....</b>	<b>90</b>
<b>Vedlegg 4: Svar frå Ungdata-undersøkinga</b> .....	<b>91</b>
<b>Vedlegg 5: Folkehelseprofil for Vestland 2023</b> .....	<b>94</b>
<b>Vedlegg 6: Busetnadsmønster i Vestland</b> .....	<b>95</b>
<b>Vedlegg 7: Fordeling av bustadtyper i Vestland</b> .....	<b>96</b>
<b>Vedlegg 8: Sjukepleiarindeksen Vestland</b> .....	<b>97</b>

# Plantema

# Senterstruktur

Eit regionsenter er ein by eller tettstad i ein bu- og arbeidsmarknad-region (BA), som gjennom regional plan vert peika ut som eit knutepunkt for viktige funksjonar og tenester for fleire omlandskommunar, eller i nokre høve berre ein kommune. Regionsenter kan variere mykje i storleik (1.000 - 30.000), i høve kva roller og funksjonar dei har, og når det gjeld omlandet si utstrekning. Folketalet i omlandet må likevel ha ein viss storleik.

Sterke og attraktive regionsenter kan verke som motorar i regionane og gjere det mogleg å arbeide og bu i alle deler av fylket. Kraftfulle regionsenter kan vere viktig i ein strategi for å motverke negative effektar av sentralisering mot Bergen og Oslo, og kan stimulere til verdiskaping og konkurransekraft. I regionsentera skal det finnast spesialiserte offentlege tenester, handel med varer, tenester og service som innbyggjarane ikkje berre treng til dagen. Sentera er knutepunkt i kollektivnettet og er viktige for kulturtilbod og handelsnæringa. I omlandet bur mange av innbyggjarane, og det er viktige område for landbruk, reiselivsnæring og industri, og ofte for rekreasjon og friluftsliv. Grunnleggande kommunale tenester og lokale handelstilbod skal finnast nær der folk bur, anten det er i senter eller omland.

På denne måten er regionsenter og omland gjensidig avhengig av kvarandre, og styrkar kvarandre si utvikling og funksjon. Dette fordrar eit godt samarbeidsklima mellom senter og omlandskommunane, og at samarbeidet er basert på likeverd mellom kommunar uavhengig av storleik og sentralitet. Ein står overfor fleire utviklingstrekk knytt til teknologiutvikling og infrastrukturutbygging som påverkar jobbmoglegheiter, handel og tenester si rekkevidde og fysiske lokalisering. Dette vil påverke arbeids- og bustadmønster og etablerte senterstrukturar. Det kan og påverke arbeidsdelinga mellom senter, og senter og omland. Pandemien og utviklinga innanfor IKT har opna moglegheiter for å kunne bu i større avstand frå jobben innafor ein del yrker. Fleire nyttar sekundærbustaden meir, og kan jobbe frå den inn mot kontorlokaliteten. Dette kan ha betydning for BAS-regionane (bu- og arbeids- og servicemarknad regionar), kanskje særskilt for dei meir spreidd bygde delane av fylket.

I dette kapittelet legg vi særleg til grunn NIBR-rapporten *Senterstruktur, regionsentre og regional utvikling i Vestland fylke*<sup>1</sup> som belyser eigenskapar ved Vestland sine senter- og regionstrukturar, demografiske og økonomiske strukturar og utviklingstrekk med spesielt søkelys på dei mindre byregionane og deira senter- og omlandskommunar.



Figur 1 Vossevangen (VLFK)

---

<sup>1</sup> Onsager, K., Bergsli., H, Gundersen. F. og Landa. I. *NIBR-rapport 2022:15 Senterstruktur, regionsentre og regional utvikling i Vestland fylke*. Oslo: NIBR Oslo Metropolitan University. <https://oda.oslomet.no/oda-xmlui/handle/11250/3039118>

## Kvifor regionsenter?

Eit regionsenter er eit tyngde- og knutepunkt for mykje av tenesteytinga og arbeidsmarknaden i heile regionen. Dei mindre byregionane er berebjeleg i fylket si verdiskaping, desentralisert busetting og fordelinga av velferdstenester. Det å utvikle mindre byar og tettstadar som attraktive og berekraftige regionsenter blir viktigare for å skapa livskraftige og robuste distriktsregionar i åra som kjem. Deira utvikling kan vere avgjerande for å nå overordna mål på sikt om meir berekraftige regionar og ei regionalt balansert utvikling i heile fylket.

Dei gjeldande planane definerer dagens regionsentre: I Hordaland: Knarvik, Vossevangen, Straume, Kleppstø, Osøyro, Norheimsund, Odda, Leirvik, Husnes, Indre Arna. Bergen er definert som fylkessenter. I Sogn og Fjordane: Florø, Sogndal, Måløy (1/4), Nordfjord (1/4), Stryn (1/4), Sandane (1/4), Bu-, arbeids- og servicesenter (BAS): Øvre Årdal, Høyanger, Dale. Førde er definert som fylkessenter.

Relasjonen mellom dei ulike sentera i ein overordna senterstruktur gir felles grunnlag for avgjerd om lokalisering og investering. Vi viser mellom anna til regional plan for innovasjon og næringsutvikling og areal til næringsutvikling<sup>2</sup> med målsetning om *rett areal til rett formål til rett tid*. Senterstrukturen dannar grunnlag for planlegging og forvaltning av næringsareal, lokalisering av offentlege/fylkeskommunale tenester og handelsetablering.

I arbeidet med berekraftig verdiskaping er ei viktig utfordring å sikre verdiskaping, arbeidskraft og arbeidsplassar i heile fylket. Sentera er viktige for næringslivet, og er til dømes essensielt for handels- og servicenæringa.

### **Ulike typar regionsentre gir differensiert regionsenterstruktur**

I fylket er 37 prosent av innbygarane busett i dei mindre byregionane (236.000, 2021), 62 prosent i Bergensregionen (395.490) og vel 1 prosent i dei spreidd budde regionane. Dei mindre byregionane består av 6 småbyregionar (15.000-35.000 innb.) og 9 bygdebyregionar (5.000-15.000 innb.). Dei mindre byregionane er såleis basisen for det desentraliserte busettingsmønsteret i fylket utanfor storbyområdet, jf. NIBR-rapporten.

Det er eit ganske systematisk mønster av samvariasjon mellom BA-regionen og regionsenteret sine storleikar (innbyggartal), nivået på senterkommunane sitt tenestemangfald og innslaget av høgare ordens spesialtenester (Universitet og høgskole (UoH), sjukehus, statleg/fylkeskommunal administrasjon m.m.). Det er nokre få nyansar i dette biletet ved at eit par av sjukehusa og enkelte handelssenter er lokaliserte på eit lågare senter- og regionnivå enn det som er hovudmønsteret elles. For det andre gjeld det for handelsnæringa der storleik ikkje føl senternivåa heilt systematisk. Enkelte senter og tettstadar har ei større handelsnæring enn det innbyggartalet i BA-regionen skulle tilseie. Dette gjeld stadar med mange besøkande (turistar, hyttefolk) eller som har spesielle forsyningsfunksjonar (eks. offshore, maritim verksemd).

På grunnlag av folketal, arbeidsplassar, tenestemangfald og innslag av spesialtenester skil rapporten mellom fem senternivå. Av dei 21 regionsentera vi har i Vestland i dag, er det store variasjonar i folketalet og tenestetilbodet:

---

<sup>2</sup> Regional plan for innovasjon og næringsutvikling, 2021-2033: [www.vestlandfylke.no/narings-og-samfunnsutvikling/regional-plan-for-innovasjon-og-naringsutvikling/](http://www.vestlandfylke.no/narings-og-samfunnsutvikling/regional-plan-for-innovasjon-og-naringsutvikling/)

- Fylkessenter Bergen (260 000 innb.)- BA-region (391 000 innb.)
- 15 regionsenter:
  - 5 større regionsenter (5000-20 000 innb.) - BA region (17000-34000 innb.) (Leirvik, Knarvik, Florø, Førde, Vossevangen)
  - 10 mindre regionsenter (1000-5000 innb.) – BA region (3000-17000 innb.) (Sogndal, Odda, Øvre Årdal, Husnes, Norheimsund, Stryn, Sandane, Storebø, Viksøyri, Dale)
- 5 små kommunesenter (200-1000 innb.) – BA region (600-4000 innb.) (Aurlandsvangen, Våge, Fedje, Hardbakke, Eivindvik)

Trenden frå åra 2011-2021 er at av dei 15 mindre byregionane er det seks med tydeleg vekst i folketal og arbeidsplassar, fem har stabil utvikling og fire har nedgang. Når det gjeld utviklinga i tal arbeidsplassar har tilveksten vore svak i dei mindre byregionane i perioden 2015-21 (2,2 %) samanlikna med fylket (4,5%) og landet (6,4%). Tilveksten har vore lågare enn del av dei sysselsette i fylket skulle tilseie (omvendt for Bergensregionen). Viktig her er ulikskapar i nærings- og sektorstrukturar. Dei næringane som har bidratt til størst reduksjon i tal arbeidsplassar i dei mindre byregionane i perioden 2015-21 er, i rangert rekkefølge, teknologiindustri (mest maritim), landbruk/foredling og handel.

På generelt grunnlag krev utvikling av attraktive og berekraftige regionsenter ein heilskapleg og samordna innsats **tilpassa den enkelte region**, men der nokre tiltakselement har relevans:

- Utvikle kompakte og fleirfunksjonelle regionsenter med varierte tenester og arbeidsplassar, som og er attraktive som bu-, arbeids og besøksstader for ulike grupper.
- Sikre god fysisk sentrumsutvikling som er menneskevenleg og godt tilpassa staden sin historie, kultur og natur/miljø, med kvalitet i bygg, fasadar, offentlege møteplassar som bidreg til interesse og glede for mange.
- Samlokalisere større statlege og private kompetanseintensive arbeidsplassar/institusjonar sentralt
- Etablere kompetanse- og innovasjonssenter som er tilpassa regionsenteret sin storleik og regionen sitt behov (t.d. lågterskel kontorfellesskap, møteplassar for entreprenørar, etablerte verksemder, etc)
- Styrke senteret sit utdannings- og kompetansetilbod (vidaregåande skule og høgare utdanning), samt moglegheiter for desentraliserte tilbod i omland og senter.
- Styrke rolla som kultursenter for ulike grupper
- Utvikle politikk for regionen si deltidsbefolkning (folk med fritidsbustad etc.)

Sjølv om det er betydelege forskjellar i kapasitet og moglegheiter for regionsenter på ulike nivå vil det på alle senternivåa vere relevant å styrke deira eigenskapar som *kompakte og fleirfunksjonelle senter* med ein *god fysisk sentrumsutvikling*.

Type region-senter	BA-regionen (innb.)	Region-senteret (innb)	«Minste tjenestetilbud» i regionsenter (senterkommune)	Hovedtyper av nærings- og sektorspesialiseringer til BA-regionene (bare type 1 i noen grad koplet til regionstørrelse)
Mindre byregioner	10.000-35.000	4.000-25.000	<ul style="list-style-type: none"> <li>· Over 90 tjenestetyper (stort tjenestetilbud)</li> <li>· UoH, fagskole og videreg.skole</li> <li>· Spesialiserte legetjenester (somatisk sykehus, psykiatri)</li> <li>· God bredde av ord.helsefjenester (allm.lege, tannlege, hjemmesykepl)</li> <li>· Faste kulturtilbud og sportsanlegg for regionen</li> <li>· Stor bredde i handelsnæring (ulike typer detalj- og spesialhandel)</li> </ul>	1. Statlig/fylkeskommunal adm., UoH, sykehus 2. Handelsvirksomhet 3. Grønne bionæringer 4. Blå bionæringer
			<ul style="list-style-type: none"> <li>· Minst 75 tjenestetyper (middels stort tjenestetilbud)</li> <li>· Videregående skole</li> <li>· Alm. lege- og helsefjenester</li> <li>· Temporære kulturtilbud og mer faste sportsanlegg for regionen</li> <li>· Mindre variert handelsnæring (men noe mer enn bare dagligvarer)</li> </ul>	5. Maritime næringer 6. Kraftkrevende industrier og relatert teknologi 7. Reiseliv/opplevelser

Figur 2 - Oversikt over anbefalte tenester og tilbod knytt til størrelse på regionsenter (Kjelde NIBR-rapport 2022-15)



Strukturane i Kinn kommune og BA-regionen, samt i Nordfjord elles, gjer at senterstrukturane her må vurderast på ein litt anna måte enn standardkriteria for regionsenter. En ting er oppdelinga av Kinn kommune i to geografisk skilde område og sentre (Florø og Måløy) i ein splitta senterkommune i Kinn-BA. I denne BA-regionen ligg òg kommunesenteret Nordfjordeid med sjukehus (i Stad kommune) og som grensar til Gloppen BA og Stryn BA med høvesvis Sandane og Stryn som sine region- og kommunesenter. Med andre har vi i Nordfjord fire ganske nærliggande sentre omtrent av same storleik med visse regionsenterfunksjonar (Måløy, Nordfjordeid, Sandane og Stryn). Nordfjord er altså eit av dei fleirsentrerte større områda i fylket der dei nemnte sentra ligg i tre ulike BA-regionar.

### Dagens regionsentre

Dei eksisterande tettstadsstrukturane og senterhierarki vil legge sterke føringar på framtidige senterstrukturar og -hierarki. Dette gjeld sjølv om det over tid har vore og fortsett vil kunne bli mindre forskyvingar og posisjonsendingar, særskilt i dei nedre delane av hierarkiet (dvs. kommune- og lokalsentre). Sentertypar og posisjonar i eit senterhierarki er eit resultat av langvarige historiske utviklingsprosessar og legg føringar på kva slags sentertypar og -nivå ein stad realistisk sett kan utvikla seg til dei næraste tiåra. Det er ein stor tregheit i slike stads- og senterhierarki. Dette gjeld sjølv om digitaliseringa bidreg til å endra enkelte tenester og arbeidsfunksjonar sine lokaliseringskrav og blant anna opnar moglegheiter for auka desentralisering av visse tenester og tilbod til låge senter- og regionnivå<sup>3</sup>

### Bu- og arbeidsregionar (BA-regionar)



Figur 3 Bu- og arbeidsmarknadsregionane (BA) med største tettstad (NIBR 2022-15)

BA-regionar er dagpendlingsregionar, der pendlingsmønsteret vert brukt til å definera senter- og omlandskommunane. Dette fell stort sett alltid saman med at største tettstad ligg i senterkommunen. I nokre regionar og større område kan ein ha fleire største tettstader med omtrent det same folketalet og som kan vere kandidatlar som regionsenter. I slike område er det aktuelt å samarbeide om ein viss funksjonell arbeidsdeling mellom senter-kandidatane om ulike tenester. Dette er i Nordfjord regionen i dag, der det er ¼ deling mellom Sandane, Stryn, Måløy og Nordfjordeid.

<sup>3</sup> NIBR-rapport-2022:15: <https://oda.oslomet.no/oda-xmlui/handle/11250/3039118>

Når ein skal sjå på kva som bør styrkast som regionsenter og deira tenestefunksjonar i eit 20-30 års perspektiv framover kan det vere aktuelt å vurdera dagens strukturelle tilhøve saman med meir dynamiske kriterium om utviklinga framover. Til dømes sannsynlege demografiske utviklingstrekk framover på grunnlag av dagens befolkningsstruktur. Befolkningsutviklinga er svært viktig for mange tenester si robustheit og utviklingsmoglegheit på sikt.

## Forholdet mellom regionsenterkommune og omlandskommunar

Senter- og omlandskommunane har ulike ressursar, spesialiseringar og fortrinn som ofte komplimentere kvarandre, og som påverkar utviklingskapasitet og attraktivitet for busetjing, sysselsetjing og verdiskaping i regionen. Men, det kan òg vera enkelte konkurranseflater mellom senter- og omlandskommunar om lokalisering av enkelte tenester o.a.

Regionsentera er avhengige av sitt omland, som omlandet er av sitt regionsenter. Utvikling og styrking av mindre byar som regionsenter for sitt omland, bør derfor skje i eit nært samarbeid med relevante aktørar i dei kommunar og område som tilhøyrar omlandet. Mange av kommunane, særskilt i omlandet, er òg såpass små at dei har svært avgrensa med ressursar til på eiga hand å drive strategisk utviklingsarbeid og samfunnsplanlegging i samarbeid med dei andre kommunane i BA-regionen. Gjennom eit godt og tillitsbasert samarbeid mellom senter- og omlandskommunane, vil moglegheitene vere størst for å utvikle attraktive og berekraftige regionsenter som kan tene sitt omland på den rette måten, og sjølv utviklast gjennom solid forankring til omlandet og regionen sine fortrinn og moglegheitene som heilskap. I dette er det viktig å sikra at òg dei små og meir «isolerte» kommunane som ikkje er integrerte i større, regionale arbeidsmarknader, òg vert trekt med gjennom kommunikasjonar og utviklingssamarbeid med dei mest nærliggande regionsentera.

I Noreg har busette i tettstader (urbaniseringsgraden) nådd eit høgt nivå (83% i 2021), sjølv om den framleis ligg litt under våre nordiske naboland. I ein europeisk kontekst er den norske urbaniseringa atypisk med ein svært småskala og desentralisert bystruktur, det vil seie at ein stor del er busett i mindre byar og tettstadar som er spreidd over eit stort geografisk område. Noreg er eitt av dei landa i Europa med lågast del busette i storbyar, og omvendt høgast del busette i mindre byer og spreidd budde strøk<sup>4</sup>. Mykje av landet sitt eksportorienterte næringsliv, velferdstenester og bustadpreferansar er forankra til dei mindre byregionane i heile landet. Sjølv om veksten er størst i storbyregionene vil ein framleis få utviklings- og vekstprosessar i mindre sentrale strøk.

Ein rapport frå Statistisk sentralbyrå (SSB)<sup>5</sup> frå 2023 viser at trenden med at flyttestraumen går frå distrikta til meir urbane strøk, held fram. Her går det mellom anna fram at delen bufaste er lågast i dei minst sentrale kommunane, og få av dei som har flytta ut av desse kommunane har flytta attende.

Data om tal verksemder og sysselsetting gir ikkje heile biletet, tenester må òg vere tilgjengelege. Sentraliseringstrendar bidreg til at region- og kommunesentera klumpar fleire tenester, og då er det viktig å sjå på reisetider og reiseavstandar til ulike tenester for å vurdera om regionsentera tilfredsstillar tenestebehov til et forholdsvis større omland. Eit mål på tilgjengelegheit til ein teneste i ein kommune kan vere gjennomsnittleg reisetid som befolkninga brukar til å nå næraste teneste.

---

<sup>4</sup> Mindre byer og regionsentre – roller og funksjoner i regioner og regional utvikling (2021): <https://oda.oslomet.no/oda-xmloi/handle/11250/2766213>

<sup>5</sup> SSB, Even Høydahl: Bofaste og flyttere En kohortanalyse av ungdomskull fra de var 15 til 35 år, 2023: [www.ssb.no/befolkning/flytting/artikler/bofaste-og-flyttere/\\_/attachment/inline/a9ef5bdb-c9cb-44b9-b80c-e761290f6847:8c6aa1d5ba0920b6ab87c156ec9448ae61161e07/RAPP2023-17.pdf](http://www.ssb.no/befolkning/flytting/artikler/bofaste-og-flyttere/_/attachment/inline/a9ef5bdb-c9cb-44b9-b80c-e761290f6847:8c6aa1d5ba0920b6ab87c156ec9448ae61161e07/RAPP2023-17.pdf)

Likevel, dei fleste arbeider i eigen bustadkommune uavhengig av om det er senter- eller omlandskommune. Sjølv om hovuddelen av utpendling frå omlandskommunane vanlegvis går berre til senterkommunen, har ein del òg betydeleg pendling til andre omlandskommunar og til dels BA-regionar.

## Har regionsenter-strukturen påverknad?

Å utvikla regionsenter av ulike typar i eit fylke krev overordna planar og strategiar, som kan gi rammer og koordinera retning og mål for avgjerder og tiltak. Dette handlar om planar og strategiar som sørger for å koordinera sektorar og nivå på tvers av dei politisk-administrative grensene til kommunar, fylke og regional stat.

Når det gjeld fylkeskommunal verksemd og tenester er vidaregåande skuler og fagskular eitt av dei viktigaste ansvarsområda, og dei er òg viktige for å styrka sentera i regionane. Større regionsenter bør vanlegvis ha eit breitt skule- og utdanningstilbod og godt tilpassa regionale behov i arbeids- og næringslivet. Fylkeskommunen har elles gjennom eigarskap og innkjøp av transporttenester, pluss vegmidlar, viktige funksjonar og verkemiddel som påverkar tilgangen til mellom anna regionsentera frå omlandskommunane.

God kollektivdekning er òg ein føresetnad for god tilgang til vidaregåande skular og høgare utdanning i dei regionale sentra. Tannhelse og klinikkstruktur er og eit ansvarsområde hjå fylkeskommunen, og på dette området skal vi snart i gang med ein tema- og strukturplan. Vidare forvaltar fylkeskommunen midlar til kulturbygg og idrettsanlegg, og kan slik understøtta lokaliseringar som bidreg til å skapa attraktive regionale senter. Meir om dette under kapittelet *Lokalisering*.

Ikkje minst har fylkeskommunen ei rolle i FoU-, innovasjons- og næringspolitikken og -strategiane i fylket. Fylkeskommunen forvaltar midlar til innovasjon og distriktsutvikling. Klynge- og nettverksutvikling vil ofte vere forankra til ein eller fleire regionar eller regionale senter. Slike nodar vil ved samlokalisering med utdannings- og utviklingsmiljø i regionsentera kunne bidra til kunnskapsdeling og gjensidige utviklingsprosessar som kan styrke utviklinga av kompetanse- og innovasjonsmiljø i ulike regionar i fylket. Utover dette har fylkeskommunar ei viktig rolle i den strategiske regionale planlegginga for fylket, koordinera offentleg innsats og verkemiddel, mobilisera ulike aktørar og driva rådgjeving overfor kommunane. Gjennom planarbeid vert det lagt eit viktig felles grunnlag og rammeverk for mellom anna senterstrukturar i fylket, regionar og kommunar.

### **Prioriteringar**

Regionsentera på nivå 2 (og særskilt nivå 2a) ha eit mykje betre rekrutteringsgrunnlag for fagpersonar til «høgare ordens» spesialtenester, enn sentre på nivå 3 og 4\*. Regionsenter på nivå 2 er, og bør ytterlegere forsterkast, som områdesentre for høgare utdanningar og fagskular.

Regionsenter på nivå 3 gir ikkje moglegheiter til å utvikle same breidde av tenestetilbod som sentre på nivå 2. Og, med eit mindre befolkningsgrunnlag og arbeidsmarknad enn på nivå 2, vil nivå 3-sentre kunne ha større utfordringar med å rekruttera fagpersonar med høgare utdanning til spesialiserte tenester innan helse- og omsorg m.m. Men, i sentre på nivå 3 bør det vere mogleg å vidare styrka kultur- og aktivitetstilbodet for regionen.

\*Nivå 1: Bergen, nivå 2a: Knarvik, Leirvik, Florø, Førde, nivå 2b: Sogndalsfjøra, Vossevangen, Odda, Husnes, nivå 3: Norheimsund, Øvre Årdal, Stryn, Sandane, Storebø, Dale, nivå 4: Viksøyri, Aurlandsvangen, Våge, Eivindvik, og nivå 5: Fedje, Hardbakke.

## Råd/forventingar til politikk:

Konsentrert senterstruktur med aktiv lokaliseringpolitikk kan stø opp om meir robuste regionsentre, bremse sentraliseringa og bygge opp om sterke distrikt. Ein balansert og meir definert senterstruktur med eit tydeleg hierarki kan skape eit større mangfald i tilbod av tenester og aktivitetar som òg har stor betydning for bulyst og trivsel, både i og utanfor senterområde. Robuste regionsentre som er attraktive, kompakte og gir eit godt tilbod til omlandet, kan skape positive ringverkingar for heile fylket i alle berekraftsdimensjonane. Fleire kan velje kollektive transportformer, difor er prioritering av kollektivtransportlinjer inn mot regionsentera ein viktig fylkeskommunal satsing.

Samlokaliserte einingar med stort tenestemangfald og breidde av kultur, -idretts og næringstilbod, er avgjerande for å skape attraktive og berekraftige stader. Både region- og kommunesentre vil tene på å planlegge for sentrumsnære kompetanse-, innovasjons- eller entreprenørsentre. Desse kan bli viktige møteplassar for kunnskapsdeling, -innhenting og nettverksbygging mellom aktørar i området og eksternt, dimensjonert etter staden sin plassering i senterstrukturen. <sup>6</sup>

- Utvikle kompakte og fleirfunksjonelle regionsentre med varierte tenester og arbeidsplassar, som og er attraktive som bu-, arbeids og besøksstader for ulike grupper.
- Sikre god fysisk sentrumsutvikling som er menneskevenleg og godt tilpassa staden sin historie, kultur og natur/miljø, med kvalitet i bygg, fasadar, offentlege møteplassar som bidreg til interesse og glede for mange.
- Samlokalisere større statlege og private kompetanseintensive arbeidsplassar/institusjonar sentralt
- Etablere kompetanse- og innovasjonssentre som er tilpassa regionsenteret sin storleik og regionen sitt behov (t.d. lågterskel kontorfellesskap, møteplassar for entreprenørar, etablerte verksemdar, etc)
- Styrke senteret sitt utdannings- og kompetansetilbod (vidaregåande skule og høgare utdanning), samt moglegheiter for desentraliserte tilbod i omland og senter.
- Styrke jobb- og læringsarenaer, samt kultur- og aktivitetstilbod i kommune- og lokalsentre.
- Utvikle politikk for regionen si deltidsbefolkning (folk med fritidsbustad etc.)
- Bygge vidare på eksisterande senterstruktur, men samordning av satsingsområde, og fordeling av oppgåver mellom BAS-sentrene i Nordfjord.
- Lage retningslinjer for avgrensing av sentra som grunnlag for kartfesting i kommuneplanen sin arealdel og områdereguleringsplanar.
- Sambruk, samordning og samhandling for å styrke regionsentera etter plassering i nivåinndelingane nemnd under overskrifta [Prioriteringar](#).

---

<sup>6</sup> Mindre byer og regionsentre – roller og funksjoner i regioner og regional utvikling (2021): <https://oda.oslomet.no/oda-xmlui/handle/11250/2766213>

# Lokalisering av arbeidsplassar, tenester og tilbod

Kvar ein lokaliserer ulike funksjonar og tilbod påverkar både transportbehov, klimautslepp, naturinngrep, tilgang og næringsutvikling. Mangfald i arbeidsplassar, bustadar, kultur-, vare-, service- og tenestetilbod gir robustheit og attraktivitet. Rett aktivitet på rett stad er eit grunnleggande prinsipp for lokalisering.

Transport og mobilitet er viktig for brei deltaking i samfunnet, og i Vestland har mange av innbyggjarane lang reisetid til arbeid og til ulike tilbod. Demografiske endringar og utfordringa med å få tak i nok og relevant arbeidskraft vil bli ei betydeleg utfordring for næringslivet i Vestland i åra framover. På mindre stader så blir dei offentlege tenestene/romma/bygga enda viktigare, då dei ofte skal fylle lokale behov og utanfor opningstid. Handel-, teneste- og kontortilbod må vere i balanse med bustadtilbod.

Gode levekår og livskvalitet heng og saman med tilbod knytt til og lokalisering av arbeidsplassar, bustader, skule, barnehage, fritidsaktivitetar og mobilitetsevne/-tilbod. Dette tilseier at publikums- og arbeidsplassintensive tilbod bør ligge i senterområde tilpassa senterstrukturen. Kan hende særleg på mindre stadar med avgrensa tilbod vil samlokalisering vere føremålstenleg for å skapa synergimoglegheiter, meir liv, eit «sentrumsmiljø» og mogelegheiter for å gå og sykle mellom dei. Mykje tyder på at attraktivitet og opplevingar vert stadig viktigare å satse på i stadutviklinga.

Utviklinga kan bli påverka av ei sterkare 'grøn bølge', auka digitalisering, erfaringar frå pandemien og nye arbeids- og reisevanar. Dette kan gje nye moglegheiter for å motverke urbaniseringa og trekke kompetansearbeidskraft til mindre sentrale delar av fylket.

Digitale løysingar kan vere med på å oppretthalde tilfredsstillande tenestetilbod i heile fylket. Det kan òg bidra til moglegheiter for å «fjernjobbe» i distriktet, inn mot hovudkontor. Dette kan bety nye føresetnader og moglegheiter for regionane og regionsentera i Vestland. Når vi snakkar om balansert utvikling og vekst kan IKT spele ei viktig rolle, om vi legg til rette for det.



## Berekraft – avhengig av rett lokalisering og mobilitetsløysinger

Det å kunne flytte på seg er ein grunnleggande faktor for å leve eit aktivt liv, og delta i både arbeidsliv og fritidsaktivitetar. Difor er tilrettelegging av trygge ferdselsårar for alle trafikantgrupper avgjerande i samfunnsutviklinga. Korleis ein forflytter seg har og innverknad på transportrelaterte utslepp og arealbeslag. Dette krev tett samordning mellom areal- og transportplanlegging.


Heilskapleg gateplanlegging bør ligga til grunn for areal- og transportplanlegging i senterområde. Transportpyramiden er eit verktøy for klimavenleg by- og tettstadsutvikling, med utgangspunkt i menneskeleg skala. Pyramiden seier i kva rekkjefølgje trafikantgruppene bør prioriterast i planlegginga. Overordna areal- og transportplanlegging har ei viktig oppgåve i å redusera transportbehovet. Det inneber mellom anna kompakt senterutvikling og medviten lokalisering av bustadområde, arbeidsplassar og ulike senterfunksjonar som genererer transport.

Dei gåande er øvst i transportpyramiden av trafikantgruppene, følgt av andre former for aktiv transport, kollektivtransport, taxi og bildeleordningar, osb. Det betyr at i eit senterområde er det dei gåande som den viktigaste gruppa å leggja til rette for, og dette må speglast i korleis transportsystemet er utforma. Samstundes er ikkje dette ein fasit for korleis ein skal prioritera i det einiskilde gatetverrsnitt. Til dømes kan det vera behov for kapasitetssterke innfartsårar for motorisert transport. Kollektivnett og sykkelnett bør ideelt sett ikkje gå i same trasé, pga. risiko for alvorlege trafikkulykker. Heilskapleg gateplanlegging handlar difor (mellom anna) om å definera eit nett for dei ulike transportgruppene/-behova og prioritera kva behov som skal løysast kor.

Kvar ein lokaliserer ulike funksjonar og tilbod påverkar både transportbehov, klimautslepp, naturinngrep, tilgang og næringsutvikling. Mangfald i arbeidsplassar, bustadar, kultur-, vare-, service- og tenestetilbod gir robustheit og attraktivitet. Rett aktivitet på rett stad er eit grunnleggande prinsipp for lokalisering.

Transport og mobilitet er viktig for brei deltaking i samfunnet, og i Vestland har mange av innbyggjarane lang reisetid til arbeid og til ulike tilbod. Demografiske endringar og utfordringa med å få tak i nok og relevant arbeidskraft vil bli ei betydeleg utfordring for næringslivet i Vestland i åra framover. På mindre stader så blir dei offentlege tenestene/romma/bygga enda viktigare, då dei ofte skal fylle lokale behov og utanfor opningstid. Handel-, teneste- og kontortilbod må vere i balanse med bustadtilbod.

Gode levekår og livskvalitet heng og saman med tilbod knytt til og lokalisering av arbeidsplassar, bustader, skule, barnehage, fritidsaktivitetar og mobilitetsevne/-tilbod. Dette tilseier at publikums- og arbeidsplassintensive tilbod bør ligge i senterområde tilpassa senterstrukturen. Kan hende særleg på mindre stadar med avgrensa tilbod vil samlokalisering vere føremålstenleg for å skapa synergimoglegheiter, meir liv, eit «sentrumsmiljø» og mogelegheiter for å gå og sykle mellom dei. Mykje tyder på at attraktivitet og opplevingar vert stadig viktigare å satse på i stadutviklinga.



Figur 4: Transportpyramiden fra INSAM (Lier kommune 2019)

[Regional transportplan for Vestland 2022 – 2033](#)<sup>7</sup> gir strategisk retning for samferdselssektoren i Vestland, og er eit viktig grep for å sikre ei heilskapleg utvikling. Denne legg vekt på at det må vere samanheng mellom ulike transportformer, for at vi skal dempe bilbruken.

Regionale (og nasjonale) retningslinjer stiller krav om å legge til rette for at fleire skal gå, sykle og reise kollektivt. I dei fleste sentrumsområde og tettstader er det arealknappheit og det må gjerast prioriteringar mellom ulike trafikantgrupper. Dette gjer det naudsynt å prioritere areal for mjuke trafikantar, samt sette av tilstrekkeleg areal til infrastruktur for buss. Både plassering og utforming av kollektivknutepunkt må vere knytt til det kringliggande mobilitetstilbodet, og vere universelt utforma.

Parkeringspolitikken er eit viktig verkemiddel i det systematiske arbeidet for å legge til rette for miljøvenlege reisealternativ, skape møteplassar og trygg tilkomst for dei som går og sykklar. God parkeringsdekning som er gratis gir bilen eit konkurransefortrinn som gjer det lett å velje bil sjølv på korte strekningar. Parkeringspolitikken har generelt sett gått frå tilrettelegging for bil til å vere eit verkemiddel for å nå mål om redusert bilbruk. Det er mange ulike interessentar i parkeringsdebatten, og få kommunar har utarbeidd ein heilskapleg parkeringspolitikk der ulike parkeringsverkemidlar vert drøfta i forhold til overordna samfunns mål og som legg føringar for arealbruk og prioritering av trafikantgrupper. [Tiltakskatalogen](#)<sup>8</sup> har eit eige tiltak retta mot heilskapleg parkeringspolitikk.

Innfartsparkering er primært eit tilbod for arbeidsreisande i ytre deler at eit senterområde der parkeringstilbodet er lokalisert nær eit kollektivnett tilkopla viktige reisemål. I 2014 kartla Transportøkonomisk institutt (TØI) bruken av innfartsparkering i Bergensområdet. Her svarte over 70 % av brukarane at dei kunne nytte buss til innfartsparkeringsplassen. Vidare budde 40 % av brukarane innanfor 3 km frå innfartsparkeringsplassen dei brukte. Det er difor viktig å vidareføre/etablere innfartsparkering i område der avstand og manglande kollektivdekning tilseier at bruk av privatbil er det reelle alternativet. For innfartsparkering er det utarbeidd [styringsdokument](#) i regi av Miljøloftet<sup>9</sup>.

### Rutetilbod kollektiv – eit puslespel til lands og vanns

Vestland fylke har ein kompleks geografi, og rutetilbodet er eit omfattande puslespel. Skyss set saman tilbodet for buss, båt, ferje og tilpassar tilbodet til togtider. Start- og slutt-tider på skulane set rammene for skuleskyssen. Årlege ruteendringar vert i hovudsak gjort i samband med haustrutene, i dialog med kommunane. Kartet under viser ein oversikt over hovudlinjenettet i Vestland, og korleis kommunesentera kan vere kopla til hovudlinjenettet gjennom dei grønne linjene.

<sup>7</sup> [www.vestlandfylke.no/fylkesveg/regional-transportplan/](http://www.vestlandfylke.no/fylkesveg/regional-transportplan/)

<sup>8</sup> [www.tiltak.no/b-endre-transportmiddelfordeling/b-1-styring-bilbruk/helhetlig-parkeringspolitikk/](http://www.tiltak.no/b-endre-transportmiddelfordeling/b-1-styring-bilbruk/helhetlig-parkeringspolitikk/)

<sup>9</sup> <https://miljoloftet.no/globalassets/sentrale-dokumenter/strategi-innfartsparkering/strategisk-styringsdokument-for-innfartsparkering-2022--2029.pdf>





Figur 5 - Oversikt over hovudlinjenettet i Vestland. (OBS: revidert kart kjem hausten 2023)

I regionsentera ligg knutepunkt for kollektivtrafikken og det beste kollektivtilbodet, i tråd med vår [Strategi for berekraftig mobilitet 2022 –2033](#)<sup>10</sup>. Framskrivning av folketal og demografisk utvikling viser at det er behov for auke i kollektivtilbodet i by- og regionsentera, samt det nærliggande omlandet. Rygggrada i eit berekraftig mobilitetssystem er det faste rutegåande tilbodet med buss, båt, ferje og bybane. Dette krev god utnytting av areal for å sikre eit tilstrekkeleg passasjergrunnlag som grunnlag for etablering av effektive transportløyningar der mange reiser saman.

Samstundes er det venta at kundegrunnlaget i enkelte deler av fylket vert så lågt at det faste rutetilbodet utanom skuleskyss fell bort. Dette vil krevje andre måtar å tenke mobilitetstenester på, som til dømes bestillingstransport. Det er gjennomført ein del uttesting og pilotar av ulike mobilitetsløyningar, men utviklinga av slike tilbod er framleis i støypeskeia.

### Avstand til kollektivtilbod

I følgje reisevaneundersøkingar går ein i snitt 9 minutt i samband med kollektivreise. Eldre brukar meir tid enn yngre aldersgrupper. Avstand mellom heim og haldeplass har betydning for kor attraktivt kollektivtilbodet er. Sidan gåing og kollektiv heng tett saman det er viktig å legge til rette for begge transportformer. Reisevaneundersøkingar har vist at 75 % av dei reisande er villige til å gå opp til 400-500 meter til haldeplass for buss eller bane. Ein slik avstand kan vere eit utgangspunkt for å sikre akseptabel gangavstand til eit knutepunkt. TØI har på bakgrunn av reisevaneundersøkingar utarbeidd følgjande indeks for tilkomst til kollektivtransport i sin rapport *Tilgang til kollektivtransport og bruk*<sup>11</sup>:

<sup>10</sup> [www.vestlandfylke.no/globalassets/fylkesveg/rtp/siste\\_strategi-for-berekraftig-mobilitet-i-vestland-2022-33-horingsutkast\\_korrigert.pdf](http://www.vestlandfylke.no/globalassets/fylkesveg/rtp/siste_strategi-for-berekraftig-mobilitet-i-vestland-2022-33-horingsutkast_korrigert.pdf)

<sup>11</sup> [www.toi.no/getfile.php?mmfileid=44038](http://www.toi.no/getfile.php?mmfileid=44038)



	Under 1 km	1 – 1,5 km	Over 1,5 km
Minst 4 avgang pr time	Svært god	God	Svært dårlig
2-3 avgang pr time	God	Middels god	Svært dårlig
1 avgang pr time	Middels god	Dårlig	Svært dårlig
Sjeldnere	Dårlig	Svært dårlig	Svært dårlig

Figur 6 - Indeks for tilkomst til kollektivtransport

### Trafikktryggleik for mjuke trafikantar

Det er eit viktig samfunns mål å få fleire til å sykla og gå, både av omsyn til folkehelsa og for å redusere utslepp av klimagassar. Vi finn dette att i mellom anna nasjonale mål for barn og unge på skuleveg og i byvekstavtalane, der nullvekstmålet seier at veksten i persontransporten skal takast med sykkel, gonge og kollektivtransport. Men det er behov for ei betydeleg opptrapping av trafikktryggingsarbeidet i byområda<sup>12</sup>. Tiltakskatalogen<sup>13</sup> for transport og miljø er eit samarbeid mellom dei viktigaste forskingsmiljøa på feltet og Statens vegvesen som gir kunnskap om effektar av miljøtiltak innan transportområdet, særskilt retta mot byar og tettstader. Tiltaka er organisert i følgjande tema; kollektivtrafikk, bil, sykkel, gonge, miljøteknologi, samordna planlegging, godstransport og parkering som alle har betydning i utforming og bruk av sentrumsområde.

Vestland har sin eigen strategi for mjuke trafikantar, og satsinga er sentrert rundt sentrumsområde og viktige målpunkt for barn og unge i heile fylket. Ved infrastrukturtiltak for mjuke trafikantar skal effektive trasear, universell utforming og trafikktryggleik prioriterast. Bakgrunnen for at sykkel og gonge er eit satsingsområde er at det reduserer miljøulempar, reduserer støy, betrar folkehelsa, og fører med seg mindre kø samanlikna med bil. Barn og unge har eit særleg fokus i strategien, då dei er både dagens og framtidens trafikantar.<sup>14</sup>

### Samordna bustad-, areal-, og transportplanlegging

All arealplanlegging skal som hovudregel følgje opp dei [Statlege planretningslinene for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging](#)<sup>15</sup> som mellom anna seier at *Planlegging av arealbruk og transportsystem skal fremme samfunnsøkonomisk effektiv ressursutnyttelse, god trafiksikkerhet og effektiv trafikkavvikling. Planleggingen skal bidra til å utvikle bærekraftige byer og tettsteder, legge til rette for verdiskaping og næringsutvikling, og fremme helse, miljø og livskvalitet.*

*Utbyggingsmønster og transportsystem bør fremme utvikling av kompakte byer og tettsteder, redusere transportbehovet og legge til rette for klima- og miljøvennlige transportformer. I henhold til klimaforliket er det et mål at veksten i persontransporten i storbyområdene skal tas med kollektivtransport, sykkel og gange (...).*

Sjølve retningslinene går fram av pkt. 4 i denne, og mål og retningslinjer er direkte kopla mot tema "klima" i rundskrivet [T-2/16 Nasjonale og vesentlege regionale interesser på miljøområdet](#)<sup>16</sup> - klargjering av miljøforvaltninga si praksis for motsegn.

[Nye nasjonale forventingar](#)<sup>17</sup> trådte i kraft i juni 2023. Forventing 20 legg særleg vekt på lokalisering for å styrke lokalsamfunn: *I byer og tettsteder lokaliseres boliger, næringsvirksomhet, arbeidsplasser, handel og tjenestetilbud slik at de bidrar til å styrke stedenes attraktivitet og bygger opp under*

<sup>12</sup> [statens-vegvesen-trafiksikkerhet.pdf](#)

<sup>13</sup> [www.tiltak.no](#)

<sup>14</sup> [www.vestlandfylke.no/globalassets/fylkesveg/rtp/rtp\\_del-3\\_strategi-for-mjuke-trafikantar\\_med-kunnskapsgrunnlag\\_jan22\\_ny.pdf](#)

<sup>15</sup> [www.regjeringen.no/contentassets/689bae9d728e48e8a633b024dcd6b34c/sprbatp.pdf](#)

<sup>16</sup> [www.regjeringen.no/no/dokumenter/nasjonale-og-vesentlige-regionale-interesser-pa-miljoområdet-klargjoring-av-miljoforvaltningens-innsigelsespraksis/id2504971/?q=T-2/16](#)

<sup>17</sup> [www.regjeringen.no/no/dokumenter/nasjonale-forventninger-til-regional-og-kommunal-planlegging-20232027/id2985764/](#)

sentrumsfunksjonene. Sentrumsområdene utvikles og følges opp i samarbeid med private aktører og innbyggerne.

Kommunane skal leggje nasjonale planretningslinjer og forventningar, samt regionale føringar nedfelt i planar og strategiar til grunn for arealplanlegginga si, jf. retningsline 6.4. Men det er stor variasjon i kor stor grad kommunane følgjer opp innhaldet i BÅTP (eigne erfaringar, [Hanssen og Aarsæther 2018 b](#) – *Evaluering av plan- og bygningsloven*<sup>18</sup>, og *Evaluering av statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging*, 2022). Føringane i BÅTP skal gjelde sterkare i Bergensregionen (jfr. [Byvekstavtalen](#)<sup>19</sup>) og dei større regionsenterområda (t.d. Førde, Sogndal og Stord) enn i distrikta. Bergen kommune følgjar opp politikken, og vedtok ved førre revisjon av arealdelen av kommuneplanen mellom anna å gjere om på lag 7000 daa med areal sett av til byggeføremål til LNF-formål, fordi arealet vart liggjande for langt frå sentra, vart bilbasert og ville byggje ned store naturareal.

I evalueringa av plan- og bygningslova går det fram at det er signifikante forskjellar mellom store kommunar (> 10 000 innbyggjarar) og småkommunar i kva grad dei oppgir at SPR BÅTP påverkar arealplanlegginga, der dei store kommunane i større grad oppgir at SPR BÅTP påverkar kommunen si planlegging. Det kan likevel vere ei forskjell i kva kommunar oppgir at har verknad, og kva som vert det endelege resultatet i ein kommuneplan. Ei differensiering av kor sterkt innhaldet i planretningslina skal gjelde, går òg fram av praksis i bruk av motsegn hjå statlege instansar. I Vestland har ein til no ikkje nytta dette i like stor grad som i t.d. Oslo-området.

### **Spreidd utbygging påverkar klima, sosial berekraft og kommuneøkonomi**

Uavhengig av senterstrukturnivå, er det avgjerande at større, nye bustadfelt-/område og funksjonar vert lagt til ein senterstruktur, og ikkje vert plassert som “satellittar” for å nå samfunnsmåla. Dette er av betydning for meir enn berre nullvekstmålet, og rårar interessefelt av både nasjonal, regional og lokal betydning. Vert avstandar i mellom bustader og samfunns- og servicefunksjonar for stor og/eller spreidd, får det ofte konsekvensar for kommuneøkonomi. Særskilt til dømes ved planlegging og organisering av tenester og tilbod for eldre og for born og unge, og ved planlegging og bygging av infrastruktur som skal legge til rette for mjuke trafikantar. Store avstandar mellom mål og funksjonar gjer det òg vanskelegare for den aukande delen eldre som ikkje kan gå eller sykle i same grad som yngre. Ikkje alle kan eller vil nytte eigen bil.

Trafikksikkerheit og avstand/terreng er avgjerande faktorar for i kva grad gonge eller sykkel er attraktivt å nytte. Jo meir kompakte senterområde, dess tettare kan ein kople ulike tilbod og funksjonar.

Større vegprosjekt som fører til vesentleg reduksjon i reisetid, betre komfort og følelse av tryggleik vil påverke korleis kommunane i omlandet vil forvalte sine areal. Kommunane langs slike vegprosjekt vert del av ei større bu- og arbeidsmarknad gjennom kortare reiseveg/pendlarveg. Det vil kunne føre til auka utbyggingspress i sårbare område, til større press på eksisterande sentrum, og det vil òg føre til at nye sentrum eller handelsområde kan “presse” seg fram.

Kommunane må i arealplanlegginga si ta utgangspunkt i eksisterande infrastruktur. All ny utbygging i omlandet til vegane har konsekvensar for kapasitet og trafikktryggleik. I utgangspunktet må difor større utvikling, anten det er bustadområde eller område til næring, leggst der tilkomstveg og fylkes-/riksveg, inkludert kryss mot veg har kvalitet og kapasitet nok til å ta i mot ein trafikkauke. Utbyggingsområda må og vere lokalisert slik at dei er i rimeleg nærleik til viktige målpunkt som sentrum, konsentrasjonar av arbeidsplassar og viktige fritidsaktivitetar. Og ikkje minst må det vere

<sup>18</sup> [Hanssen G.S., Aarsæther N. \(2018\). Pbl \(2008\) – en lov for vår tid?: <https://doi.org/10.18261/ISSN1504-3045-2018-03-0>](#)

<sup>19</sup> [www.regjeringen.no/contentassets/66644bf4b3e642acaf10bea324af42b8/signert-byvekstavtale-for-bergensområdet-2019-20291957830.pdf](http://www.regjeringen.no/contentassets/66644bf4b3e642acaf10bea324af42b8/signert-byvekstavtale-for-bergensområdet-2019-20291957830.pdf)

mogleg å nå desse målpunkta på ein trygg måte utan bil, anten gjennom bruk av kollektivtransport, sykkel eller gonge.

### Nasjonale investeringar dei næraste åra

Stortingsmelding om [Nasjonal transportplan](#) (NTP)<sup>20</sup> skal leggast fram våren 2024. Under hovudmålet; eit effektivt miljøvennleg og trygt transporttransportsystem, er det formulert fem delmål:



Figur 7 - 5 delmål under Nasjonal transportplan

### Hovudmoment i planen:

- Ta vare på det vi har, utbetre der vi kan, bygge nytt der vi må
- Digitalt, navigerbart vegnett som legg til rette for framtidens automatiserte transport og tek ut verdien av den
- Redusere klimagassutslepp og inngrep i naturmiljø og dyrka jord
- Auka innsats for trafikktryggleik
- Tilgjengeleg infrastruktur som forutsetning for næringslivets behov for transport
- Sikre nasjonal beredskap på veg for å møte utfordringane knytt til klimaendringar, tilgangen på energi og den sikkerheitspolitiske situasjonen i Europa

Å ta vare på eksisterande vegnett betyr å ta vare på det vi har, utbetre der vi kan, og bygge nytt der vi må. Dette er berekraftig, samfunnet får mest igjen for pengane, det bidreg til reduksjon i klimautslepp og gjer Norge mindre sårbar.

Vegnettet er sentralt for å knyte større bu- og arbeidsmarknadsregionar saman for å sikre effektiv bruk av arbeidskrafta. Det å få arbeidstakarar fram til arbeidsstaden utgjorde om lag 25 prosent av næringsliv og offentleg sektor sin samla verdi av bruken av vegen i 2022. SVV opererer med *korridorar* som førande prinsipp i planlegging, der dei ser riksvegtiltak i samanheng over lengre strekningar. Godsverdiar har no blitt ein del av det faglege grunnlaget for prioriteringane, og framkome for tungtransporten veg no tyngre enn tidlegare.

Russland sin invasjon av Ukraina og endra sikkerheitspolitisk situasjon i Europa vil gje SVV, fylkeskommunen og andre vegeigarar nye utfordringar i planlegging og drift av veginfrastrukturen. Auka kostnader generelt inneber at vi får mindre igjen for kvar krone som vert nytta til drift, vedlikehald og utbygging, medan samfunnet sine forventingar til utbetring og drift er aukande.

Statleg tenesteyting (sjukehus, [UoH](#), samferdsel, politi/rettsvesen m.m.) representerer viktige velferds- og sikkerheitstenester med mange kompetansearbeidsplassar ofte konsentrert til fylkeshovudstadar og større regionsentre. Utviklinga i desse sektorane har vore prega av strukturreformer, auka spesialisering og nye teknologiske løysingar dei siste 10-15 åra. Ein bieffekt har vore auka sentralisering av arbeidsplassar i statleg tenesteyting, dvs. sterk vekst i større byar og nedgang i

<sup>20</sup> [www.regjeringen.no/no/tema/transport-og-kommunikasjon/nasjonal-transportplan/id2475111/](http://www.regjeringen.no/no/tema/transport-og-kommunikasjon/nasjonal-transportplan/id2475111/)

mindre sentrale distrikt. Sentrale myndigheiter sin politikk for utlokalisering av statleg arbeidsplassar frå hovudstaden har omfatta om lag hundre arbeidsplassar til mindre byar dei siste 10-12 åra<sup>21</sup>. Statleg sektor si utvikling har vore ujamn blant dei mindre byregionane det siste tiåret.


## Arbeidsplassar

### Eksisterande kunnskapsgrunnlag og føringar

Vestland er eit fylke i vekst, samstundes som nokre regionar opplever nedgang i folketal og tenestetilbod. Mange kommunar og verksemder har utfordringar når det gjeld både rekruttering og å skape gode nok fagemiljø. Fagekspertise blir samla i færre og større miljø – einingar som ofte er meir økonomisk rasjonelle. Tilgjenge kan då opplevast som dårlegare for brukarar og lokale arbeidsplassar kan gå tapt, men kvaliteten på tilbodet kan samla sett bli betre.

Eit mangfald av arbeidsplassar aukar sjansen for at begge personar i to-inntektshushald kan finne tilfredsstillande jobbar, difor er lokaliserings- og distriktspolitikk viktig. [Retningsliner for lokalisering av statlege arbeidsplassar og statleg tenesteproduksjon](#)<sup>22</sup> fastset den statlege lokaliseringspolitikken og vurderings- og prosedyrekrav i samband med lokalisering av statlege arbeidsplassar og statleg tenesteproduksjon. Retningslinene skal mellom anna medverke til:

- robuste arbeidsmarknadar i alle delar av landet
- sikre innbyggjarane i heile landet god tilgang til statlege tenester
- redusere dei samla negative verknadane som bortfall av statlege arbeidsplassar har for kommunar
- at nye og omlokaliserte statlege verksemder i hovudsak vert lokalisert utanfor Oslo, sentrale kommunar i Oslo- området eller andre av dei største byane.



Figur 8 - Spesialiserte næringer i Vestland basert på tal arbeidsplassar 2021 (SSB)


Kulturlandskapet i Vestland er karakteristisk, og speglar ei aktiv primærnæring. Men delen som jobbar i primærnæringer er på låge 2 prosent på landsbasis dei siste åra (vi har p.t. ikkje egne tal for Vestland). [Kunnskapsgrunnlaget til Utviklingsplanen](#)<sup>23</sup> gjer greie for vekst og geografiske variasjonar, og meir om fordelingar mellom næringer (under kap.2). Grovt sett kan vi seie at fordelinga mellom ulike næringstypar i Vestland målt i tal på arbeidsplassar i 2021 var omlag 6 % i primær-, 25 % i

<sup>21</sup> <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nou-2020-2/id2689744/>

<sup>22</sup> [www.regjeringen.no/no/dokumenter/retningslinjer-for-lokalisering-av-statlege-arbeidsplassar-og-statleg-tenesteproduksjon/id2924136/](https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/retningslinjer-for-lokalisering-av-statlege-arbeidsplassar-og-statleg-tenesteproduksjon/id2924136/)

<sup>23</sup> [www.vestlandfylke.no/globalassets/planlegging/regionale-planer/utviklingsplan-for-vestland-2024-2028/utfordringsrapport-for-utviklingsplan-for-vestland-2024-2028-regional-planstrategi.pdf](https://www.vestlandfylke.no/globalassets/planlegging/regionale-planer/utviklingsplan-for-vestland-2024-2028/utfordringsrapport-for-utviklingsplan-for-vestland-2024-2028-regional-planstrategi.pdf)

sekundær-, og 70 % i tertiærnæringa. For meir spesialiserte næringar er det framleis ein overvekt innan teknologi- og oljegassektoren, sjå figur 9 under.



Figur 9 - Vekst- og nedgangsnæringar i Vestland 2008-2021 målt i endringar i tal arbeidsplassar (SSB)

[Regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021-2033](#)<sup>24</sup>, har Rett areal til rett føremål til rett tid som eit av sine 4 hovudmål, som skal stø opp om eit næringsliv i Vestland med netto nullutslepp i 2030. Planen legg til grunn at det i planlegginga vert tatt omsyn til tilgang til infrastruktur, og kommunane har gjennom sitt ansvar for arealforvaltning ei sentral rolle i denne satsinga. Eit klima- og miljøvenleg utbyggingsmønster fører til at transportbehovet vert avgrensa, reduserer klimagassutslepp og sparar verdifulle areal. Ein viktig arealressurs er reetablering i eksisterande handels- og næringsområde, og det å endre arealformål for å tilpasse seg eit næringsliv i endring.

Det er mogleg å utvikle ny industri utan nye naturinngrep, t.d. gjennom reetablering og fortetting rundt eksisterande handels-, industri- og næringsområde. [Regional plan for klima 2022- 2035](#)<sup>25</sup> har og retningslinjer som forventar berekraftig næringsutvikling; ny utbygging skal skje på ein skånsam måte som tek i vare naturressursane, biologisk mangfald og dei nasjonale jordvernmåla.

### Kontor erstattar handel og bustader

Kontorarbeidsplassar i sentrumskjernar gjev eit fortrinn for byar ved å gje auka sirkulasjon av menneske i sentrum, og dermed betre grunnlag for sal av varer og tenester. I mange mellomstore byar vert sentrum i dag fylt opp med bustadar på kostnad av arbeidsplassar mellom anna sidan det er meir lønnsamt enn kontoretablering. Denne utviklinga kan føre til at byen vert mindre kompakt, og at potensialet for urban attraktivitet og vekst vert svekka.<sup>26</sup>

### ... men fjernarbeid gjev nye moglegheiter for distrikta

Utbreiinga av bilen som framkomstmiddel parallelt med industriutviklinga i etterkrigstida, laga eit geografisk skilje mellom arbeid og heim, som pregar mange Vestlandske byar og tettstadar. Samstundes så har utbygging av digital infrastruktur og generell auka kompetanse på digitalisering har mogleggjort heimearbeid for svært mange. Arbeidskvardagen har for mange endra seg, og heimekontortrenden som vart etablert under Covid-perioden ser ut til å ha satt varig preg. Fleire praktiserer ein hybrid-modell kor dei jobbar nokre dagar heime eller i lokalt kontorfellesskap og nokre dagar/periodar på sentralt kontor. I tillegg til fleksibiliteten det gjev den einskilde i kvardagen, skapar

<sup>24</sup> [www.vestlandfylke.no/globalassets/innovasjon-og-naringsutvikling/regional-plan-inn/berekraftig-verdiskaping-2021-2033\\_plan\\_22okt-2siders.pdf](http://www.vestlandfylke.no/globalassets/innovasjon-og-naringsutvikling/regional-plan-inn/berekraftig-verdiskaping-2021-2033_plan_22okt-2siders.pdf)

<sup>25</sup> [www.vestlandfylke.no/globalassets/klima-og-natur/regional-klimaplan/regional-plan-for-klima-2022-2035-vedtatt-i-ft-des-2022.pdf](http://www.vestlandfylke.no/globalassets/klima-og-natur/regional-klimaplan/regional-plan-for-klima-2022-2035-vedtatt-i-ft-des-2022.pdf)

<sup>26</sup> Mindre byer og regionsentre - roller og funksjoner i regioner og regional utvikling: [nibr-rapport-2021-2.pdf](#)

det og konsekvensar på samfunnsnivå. Auka mobilitet og digitalisering gjev moglegheit for auka busetting i bygdene, då ein er mindre avhengig av fysisk nærleik til jobben.

Rapporten *Fjernarbeid og moglegheiter for regional/lokal utvikling*<sup>27</sup> slår fast at Covid-pandemien har synleggjort at ein stor del av arbeidsoppgåvene innan fleire bransjar kan gjerast digitalt og uavhengig av geografisk lokalisering. For distriktskommunar representerer denne utviklinga ei moglegheit til å trekke til seg arbeidstakarar som er sysselsett i verksemdar utanfor kommunen, ved å legge til rette for fjernarbeid.

Funn frå arbeidet syner at det finst moglegheiter for å legge til rette for fjernarbeid innanfor ei rekkje produkt- og tenestekategoriar, inkludert utvikling av lokale kontortilbod, teneste relatert til livsstil og balanse mellom arbeid og fritid, sosiale arrangement, fagleg utvikling, kopling mellom eksisterande lokalt næringsliv og fjernarbeidarar, og strategisk samarbeid mellom kommunar og arbeidsgjevarar for fjernarbeidarar. Moglege tiltaksområde inkluderer mellom anna betre utnytting av unike kvalitetar hjå kommunane, etablering av arenaer for samarbeid og kunnskapsdeling mellom ulike aktørar i kommunane, meir målretta oppfølging og rådgjeving av skuleelevar og studentar, og regionalt samarbeid for felles bu- og arbeidsmarknad.

### **Kultur som verdiskapar**

[Regional plan for kultur 2023-2035](#)<sup>28</sup> har *kulturell verdiskaping* som eit av 4 hovudmål. Kulturell og kreativ næring er ei grøn og berekraftig bransje og fungerer soleis som ei framtidsnæring. Den har potensial til å bidra til nye og innovative løysingar på mange utfordringar som ligg føre i samfunnet. Det er difor ei målsetting i Vestland å utvikle og styrke regionale bransjestrukturar for kulturell og kreativ næring i Vestland. Berekraftsmåla til FN er den raude tråden, den omfattande verdien kulturfeltet gir til folk og samfunn, gjer kulturen til ein sterk ressurs i å løyse vår tids største utfordringar.

Målet om at kulturell verdiskaping skal bygge på profesjonalitet, samvirke og innovasjon skal gi fart til den kulturelle verdiskapinga, og kultur- og naturarven i Vestland skal vere ein basis for nyskaping. Det skal leggjast til rette for verdiskaping gjennom utvikling av klynger og samarbeid.

### **Utviklinga av hubar som drivarar for innovasjon og nye arbeidsplassar**

Staten har satsa på desentraliserte arbeidsplassar som ein måte å styrke attraktiviteten i distriktet gjennom det fireårige [pilotprosjektet Statens hus i Distrikts-Norge](#)<sup>29</sup> på bakgrunn av tilrådingane til Demografiutvalet (NOU 2020:15) og Distriktsnæringsutvalet (NOU 2020:12) om fornying av norsk distriktspolitikk.

Målet med pilotprosjektet er å bidra til å styrke samarbeidet i kompetansekllynger og eventuelt samlokalisere mindre einingar av statlege etatar i same bu- og arbeidsmarknadsregion. Siktemålet er å styrke det samla faglege, offentlege kompetansmiljøet i regionen, og gjere det lettare å behalde og rekruttere kompetanse i dei statlege etatane som finst på pilotstadane.

Pilot *Statens hus* blei sett i gang i Stad, Orkland, Narvik og Lyngdal i 2021, og skal vare ut 2024. I kvar av de fire pilotane samarbeider kommunen, statlege etatar som er lokalisert i pilotkommunen, fylkeskommunen og statsforvalteran. I Stad vart delprosjektet [Distriktshub Vestland](#)<sup>30</sup> oppretta for å som del av satsinga. Distriktspolitiske tema som rekruttering av kompetent arbeidskraft, desentralisert utdanning og klynge- og næringsutvikling er og del av dette delprosjektet.


<sup>27</sup> Norce 2021; Fjernarbeid og muligheter for lokal/regional utvikling (329835) [www.regjeringen.no/no/dokumenter/strategi-for-smabyer-og-storre-tettsteder-som-regionale-kraftsentre/id2862406/](http://www.regjeringen.no/no/dokumenter/strategi-for-smabyer-og-storre-tettsteder-som-regionale-kraftsentre/id2862406/)

<sup>28</sup> [www.vestlandfylke.no/kultur/regional-plan-for-kultur-idrett-og-friluftsliv/](http://www.vestlandfylke.no/kultur/regional-plan-for-kultur-idrett-og-friluftsliv/)

<sup>29</sup> [www.regjeringen.no/no/tema/kommuner-og-regioner/regional--og-distriktspolitikk/statleg-lokaliseringpolitikk/pilot-statens-hus/id2964330/](http://www.regjeringen.no/no/tema/kommuner-og-regioner/regional--og-distriktspolitikk/statleg-lokaliseringpolitikk/pilot-statens-hus/id2964330/)

<sup>30</sup> [www.stad.kommune.no/tenester/samfunnsutvikling/statens-hus-pilot/](http://www.stad.kommune.no/tenester/samfunnsutvikling/statens-hus-pilot/)





Figur 10 - Oversikt over hubar i Vestland

I Vestland har fylkeskommunen gjennom samarbeidsprosjektet *Grøn region Vestland* (GrV) utlyst midlar til etablering av grønne hubar spreidd omkring i fylket. Ein hub er definert som eit geografisk avgrensa område der tilhøva ligg særst godt til rette for miljøvenleg og berekraftig utvikling gjennom samarbeid på tvers av ulike aktørar og næringar. GrV har peika på 16 hubar i fylket, og legg ingen føringar for korleis hubane skal lokalisrast, strukturast og utviklast.

### Inkubasjonsprogrammet og næringshagar

Gründerar, bedrifter og lokalsamfunna skal ha så gode verktøy som mogleg for å skape grønne arbeidsplassar og auke berekraftig verdiskaping. [Inkubatorane og næringshagane](#)<sup>31</sup> utgjør ein viktig del av den regionale næringsinfrastrukturen.

Inkubasjon er eit verktøy for å leggje til rette for utvikling av berekraftige bedrifter med internasjonalt vekstpotensial, og på den måten bidra til auka verdiskaping og eksport. Gjennom inkubatorane får bedriftene tilgang til profesjonelle rådgivingstenester, arenaer for utveksling av kunnskap, relevante nettverk og tilgang til kapital.

Næringshageprogrammet har som visjon å utvikle eit berekraftig og framtidretta næringsliv i distrikta. Næringshageprogrammet skal bidra til auka verdiskaping ved å tilby tenester som gjer at bedriftene effektivt kan bli meir berekraftige og framtidretta. Næringshagar i Vestland er *Klar Bedrift AS*, *Sognefjorden Næringshage AS*, *Stryn næringshage AS*, *Hardanger* og *Voss Næringshage AS*.

### Reiseliv

Norsk offentlig utredning (NOU) [Leve og oppleve](#) (2023)<sup>32</sup> definerer reisemål som ... *et geografisk sted som besøkes fordi stedet har noen kvaliteter, og stedet gir den besøkende noen opplevelser som gjør det verdt å besøke*.

Vestland fylke er i dag eitt av dei største fylka når det gjeld verdiskaping generert av reiseliv. Kombinasjonen vakker natur, inngangsporten og motoren Bergen, samt eit bygde- og distriktsmiljø rikt på kultur, tradisjon og matopplevingar er i tråd med visjonen om å være eit nyskapande, attraktivt og berekraftig reisemål ([temaplan Reiseliv 2023-2025](#)<sup>33</sup> – på høyring hausten 2023). Visjonen for reiselivsnæringa på Vestlandet er: *Det mest berekraftige reisemålet i Europa, basert på lønsame og tilgjengelege naturopplevingar*.

<sup>31</sup> [www.vestlandfylke.no/narings-og-samfunnsutvikling/inkubator-og-naringshageprogrammet-2023-20322](http://www.vestlandfylke.no/narings-og-samfunnsutvikling/inkubator-og-naringshageprogrammet-2023-20322)

<sup>32</sup> [www.regjeringen.no/contentassets/1d876bb6e74642908297a9e2bc981118/no/pdfs/nou202320230010000dddpdfs.pdf](http://www.regjeringen.no/contentassets/1d876bb6e74642908297a9e2bc981118/no/pdfs/nou202320230010000dddpdfs.pdf)

<sup>33</sup> <https://www.vestlandfylke.no/politikk/hoyringar/temaplan-for-reiseliv-i-vestland-2023-2025/>

Verdiskapinga av reiselivsaktivitet i Noreg har i stor grad vore fokusert på volum, med talet på gjestedøgn og reine omsetjingstal som indikatorar. I seinare tid er det auka merksemd på å styrke bedriftene si verdiskapingsevne gjennom andre tiltak enn stadig aukande volum. For det enkelte reisemålet er det òg vesentleg at det er lagt til rette for at ein kan optimalisere ringverknadane av reiselivsaktiviteten på staden. I tillegg til omsetning hos bedriftene, arbeidsplassar, skatt og avgifter fører reiseliv med seg eit marknadsgrunnlag for å oppretthalde tilbod som dei lokale har bruk for og glede av, slik som butikk, aktivitetstilbod og serveringstilbod.

Fortrinn ved Vestland er at den bratte naturen og dei små lokalsamfunna langs kysten kan gje høve til attraktivitet og utvikling av stader som ikkje er definert som senterområde. Dei kan ha særmerkte estetiske kvalitetar, t.d. natur- eller kulturminnemessig, kunstprosjekt, arrangement, festivalar kan løfte fram desse stadene. Den viktigaste turisten i framtida kan kome til å vere kulturturen som kjem for å oppleve kultur, mat og natur, og som gir meir inntekter lokalt. Det ligg eit stort potensial i samarbeidet mellom reiseliv og heile breidda av kultur. Til dømes er arrangementsturisme ein aktivitet i vekst, og musea i fylket er ein betydeleg aktør i reiselivet.

Vestland er fylket med flest regionalparkar i Noreg, desse er interessante modellar for identitetsskapande utvikling, basert på FN sine berekraftsmål og Den europeiske landskapskonvensjonen<sup>34</sup>. Desse parkane, saman med lokale og nasjonalparkar, har fått ein status som har med seg både verneomsyn og satsingar. Dei tre verdsarvstadene i Vestland er ein basis for ei sterkare satsing på kulturturisme. Og så har nærturisme utvikla seg til å verte ein betydeleg marknad.

Dei fleste former for turisme har konsekvensar for miljø og klima, ikkje minst cruiseturisme og gruppeturisme frå utlandet. Dette kan m.a. føre til konflikt med lokale (areal)behov, slitasje og skade på kulturminne og natur. Eit berekraftig og balansert reiseliv med besøkande som er interessert i det særmerkte på staden dei vitjar, kan vere viktig for å halde liv og utvikle mindre lokalsamfunn. Grunnlaget for verdiskaping ligg i første leddet i verdikjeda: naturen, kulturminne, skaparar, landskapet, kunstnarar og entrepenørar. Småskala næringsverksemd, m.a. innan mat, drikke og kunst og handverk kan vere ein viktig del av dette.

## Tenester og innhald

### **Gode tenester i heile fylket**

For at folk skal kunne leve gode liv i heile Vestland er det avgjerande at ein har tilgang til "kvardagstenester" i nærleiken av der ein bur. Matbutikk, barnehage og grunnskule er døme på tenester som barnefamiljar må ha tilgang til utan for lang reiseveg.

Tenester som rettar seg direkte mot brukarar og/eller som er arbeidskraftintensive er ofte gunstig å lokalisere i senter. Sentera er transportknutepunkt, og lokalisering i senter skapar grunnlag for effektiv og miljøvenleg transport. Utfordringa er å finne den rette balansen i teneste-tilbodet med omsyn til rasjonell drift, kvalitet, reise-tid for brukar, miljø og lokal samfunnsutvikling. Ein tydeleg senterstruktur med sterke regionsenter og gode kommunikasjonar bør byggje opp under eit best mogleg tenestetilbod innan rimeleg reiseavstand for flest mogleg.

Mange offentlege tenester er direkte retta mot brukar og mange er arbeidskraftintensive. Både staten, fylkeskommunen og kommunane kan bidra til berekraftig arealbruk gjennom medviten lokalisering av eigne funksjonar. Tenester folk nyttar i kvardagen har ofte ein naturleg plass i lokale senter,

---

<sup>34</sup> [https://www.regjeringen.no/no/tema/plan-bygg-og-eiendom/plan\\_bygningsloven/planlegging/diverse/landskapskonvensjonen/id410080/](https://www.regjeringen.no/no/tema/plan-bygg-og-eiendom/plan_bygningsloven/planlegging/diverse/landskapskonvensjonen/id410080/)



kommunedekkjande funksjonar i kommunesenteret og meir spesialiserte tenester i regionsenter og fylkessenter.

Senter med eit mangfald av tilbod gjer at ulike funksjonar kan dra gjensidig nytte av kvarandre, og ulike brukarar møtast. Samlokalisering kan gje god arealutnytting, og gjer det mogleg for verksemdar å samarbeide om tenester og fellesfunksjonar, til fordel for kundar og brukarar.

Ein del tenester kan gjerast tilgjengeleg i distrikta gjennom ambulering og bruk av digital teknologi. IKT kan verke både i sentraliserande retning ved at lokalt tenestetilbod utført av personar forsvinn, men kan òg gjere det enklare å bu og arbeide desentralisert.

### Eksisterande rammeverk

*Strategi for tettstadutvikling og senterstruktur for Sogn og Fjordane (2018)* seier at *nyetablering av tenester som er besøksintensive og/eller arbeidsplassintensive bør lokaliserast i sentrum definert i kommuneplan eller områderegulering.*

*Regional plan for attraktive senter i Hordaland* peikar på ei rekkje offentlege tenestetilbod som etter prinsipp om samordna areal- og *transportplanlegging* bør etablerast i senterområde. Tabell nedanfor syner retningsgivande prinsipp for lokalisering i senterstruktur:

Prinsipp for lokalisering av nye besøksintensive offentlege tenester			
	Stat	Fylkeskommune	Kommune
Fylkes-senter	Sjukehus / spesialisthelseteneste for heile fylket	Fylkesadministrasjon; kultur, tannhelse, opplæring, samferdsel	[opplisting ikkje aktuelt]
	Universitet / høgskule	Tannhelse Kompetansesenter Vest – Hordaland / Spesialiserte tannhelsetenester	
	Politikontor for heile fylket		
	Skatt vest – kontor med oppgaver i heile fylket (ID-kontroll i Bergen og Odda)	Vidaregåande skular med stor breidde i fagtilbod	
	NAV- Hordaland, administrativ eining for fylket	Fagskule og vaksenopplæring i samband med vidaregåande opplæring	
	Nasjonale kulturinstitusjonar (teater, opera, ballett)		
Region-senter	Sjukehus / spesialisthelseteneste for regionen	Større tannklinikk / Eventuelt: klinikk for fleire kommunar	Interkommunal legevakt
	Høgskule / desentralisert universitet	Spesialiserte tannhelsetenester i nokre regionsenter (Stord, Norheimsund, Nordhordland)	Lokalmedisinske senter
	Politi som dekkjer fleire kommunar	Vidaregåande skule med breitt fagtilbod og fagtilbod tilpassa næringslivet i omlandet. Eventuelt vaksenopplæringstilbod.	Interkommunale helse- og sosialtenester
	Skattekontor	OT/PPT for fleire kommunar	Regionalt kulturhus Bibliotek
	NAV-kontor med koordinerande oppgaver for regionen		Regionalt symjeanlegg (25m basseng)
Kommunesenter	Spesialisthelseteneste	Eventuelt: Tannklinikk	Rådhus / kommuneadministrasjon
	Eventuelt: Politi	Eventuelt: Vidaregåande skule	Spesialisert helse- og sosialteneste, legekontor / legevakt
	NAV-kontor		Bibliotek Eventuelt: Kulturhus Den norske kyrkja  Eventuelt: Symjebasseng
Bydels-senter i Bergen kommune	Spesialisthelseteneste	Tannklinikk	Spesialisert helse- og sosialteneste
	Eventuelt: Politi NAV-kontor for bydelen	Vidaregåande skule	Eventuelt: Kulturhus for bydelen, bibliotek
Lokalsenter	[opplisting ikkje aktuelt]	[opplisting ikkje aktuelt]	Helseinstitusjon  Grunnskule Barnehage
Nærsenter	[opplisting ikkje aktuelt]	[opplisting ikkje aktuelt]	Eventuelt: Grunnskule / barnehage

Statlege forventingar seier at samfunns- og arealplanlegginga skal sikre fysiske omgjevnadar og sosiale arenaer som er *varierte, inkluderande og varige*, med tilgang til *naudsyn*te tenester for alle deler

av befolkninga. Forventingane legg òg vekt på at gode lokalsamfunn som grunnsteinar i ein berekraftig utvikling, og at det er viktig å motverke sentralisering som svekker lokale tenester og tilbod: *Levande distrikt er avgjerande for å sikre matproduksjonen og at jordbruksareala vert halt i drift.*

### **Kultur bygger samfunn**

Å kjenne tilhøyrslø og kunne delta i lokalsamfunnet er viktig for utvikling og å oppretthalde gode og demokratiske samfunn. Den enkelte kommune har eit ansvar for å legge til rette for at innbyggjarane kan delta. Kommunane har eit særskild ansvar for det frivillige kultur- og organisasjonslivet og tilbod til barn og unge. Fylkeskommune og stat har eit større ansvar for meir spesialiserte tilbod, jf. kulturlova.

[Regional plan for kultur 2023-2035](#)<sup>35</sup> har som mål av Vestland skal vere eit *levande* kulturfylke. Ei viktig satsing for å få til dette er at Vestland skal ha *ein berekraftig kulturell infrastruktur med eit mangfaldig tilbod for alle*. Målet er at alle skal kunne delta, oppleve og skape. Det gjer vi gjennom fire strategiar; stimulere til berekraftige møteplassar og arenaer, sikre eit variert utval av arenaer for kultur, støtte opp om organiseringa av ein sterk frivillig sektor, og stimulere til godt samarbeid om og fora for kunnskapsproduksjon og –deling

### **Offentleg ansvarsdeling**

Offentlege styresmakter har ansvar for å fremje og legge til rette for eit breitt spekter av kulturverksemd slik at alle kan få høve til å delta i og oppleve eit mangfald av kulturuttrykk. Det er gitt oppgåver til alle forvaltningsnivå, der ein skal syte for relevante verkemiddel som legg til rette for aktivitet på alle nivå.

Den enkelte kommune har ansvar for eit basis kulturtilbod til sine innbyggjarar, dette er kalla den kulturelle grunnmuren. Omgrepet vart tatt i bruk i *Kulturutgreiinga 2014*<sup>36</sup>, og omfattar folkebibliotek, kulturskule, kino, den lokale kulturfrivilligheita og fritidsklubbar. Kulturskule og bibliotek er spesifikt sett opp som lovpålagt for kommunane. Det bør òg leggjast til rette for ulike lokale kulturtilbod som innbyggjarane sjølv organiserer – det må leggjast til rette for at kor, ulike klubbar og lag og liknande kan halde på med sine aktivitetar i nærmiljøet. Møteplassar som, grendehus og skular er viktige for dette. Det må vere høve til å drive med kultur-, eigenorganisert aktivitet og idrettsaktivitetar i nærmiljøet. Der fylkeskommunen treng anlegg for å løyse våre oppgåver, har vi i aukande grad dei siste åra samarbeidd med kommunar for etablere bygg eller anlegg i fellesskap, som t.d. idretts- og kultursalar. Meir om dette under punktet [Utdanning](#)

### **Sivilsamfunnet og profesjonelt kulturliv**

Nokre av Vestland sine store styrker er at vi har eit sterkt og ambisiøst profesjonelt kunst- og kulturliv, og eit sterkt frivillig organisasjonsliv. Det er fleire stader eit godt samarbeid mellom kommersielle aktørar, kommune og frivilligheita. Men ein av svakheitene er at det er manglande samordning mellom forvaltningsnivåa på deler av kulturfeltet, og tilfredsstillande fasilitetar/arenaer for frivilligheita.

Fylkeskommunen er òg ein utviklingsaktør og tenesteleverandør ovanfor kommunane innan t.d. bibliotekutvikling, kulturformidling til born og unge samt eldre, tilrettelegging for idrett og friluftsliv, folkehelse, integrering og inkludering, som kan spele ein viktig rolle i utvikling av lokalsamfunn.

Fylkeskommunen forvaltar midlar til lokale og regionale kulturbygg, og midlar til anlegg for idrett og friluftsliv som er opne for alle. Skal kulturlivet i Vestland utvikle seg og femne om alle, er moderne, funksjonelle og universelt tilrettelagde anlegg avgjerande. Museum, kulturhus og kulturbygg,

---

<sup>35</sup> [www.vestlandfylke.no/kultur/regional-plan-for-kultur-idrett-og-friluftsliv](http://www.vestlandfylke.no/kultur/regional-plan-for-kultur-idrett-og-friluftsliv)

<sup>36</sup> Kulturutgreiinga

idrettsarenaer, kyrkje og kyrkjelydshus, nærmiljøanlegg og friluftsanlegg, biblioteka og alle dei andre fellesarenaene skal styrke Vestland som ein leiande kulturregion.

Det er viktig å legge til rette for fleirbruk og arenaer for både frivillige og profesjonelle, og utvikle dei eksisterande arenaene. Kommunane og fylkeskommunane har eit stort ansvar som eigar av skular og andre anlegg. Både grunnskulane og dei vidaregåande skulane er i ulik grad møtestader og arenaer for kulturlivet. Bruk av skular både på dagtid og ettermiddag er god samfunnsøkonomi, og skulebygga må planleggast og driftast ut frå dette. Samstundes må Vestland ha spesialiserte arenaer for t.d. profesjonell kunst og idrett. Meir om utlån av fylkeskommunale lokale [her...](#)

### **Idretts- og kulturarenaer – vitaliserer staden og menneska**

Gode møteplassar er viktig for god folkehelse og gode nærmiljø. Tilgangen til tenlege arenaer er ein føresetnad for eit aktivt idretts- og kulturliv. Idretten må ha gode rammer for fysisk aktivitet, friluftslivet har behov for tilrettelegging og organisasjonshus, og frivillig og profesjonelt kulturliv treng fysiske arenaer i byar, tettstader og lokalsamfunn. Vestland er ikkje godt nok dekkja når det gjeld kulturhus, konsertlokale, bibliotek, idrettsanlegg, symjehallar, museum og magasin. Tilgang til sosiale møteplassar og gode friluftsområde er avgjerande for trivsel og vekst, og dermed psykisk og fysisk helse. Eit viktig mål er å styrke tilgangen til eit breitt spekter av universelle møteplassar, både i nærmiljøet og regionalt, for det organiserte og det eigeninitierte, for frivilligheita og det profesjonelle.

Mange av dei kjende livsstilsutfordringane kan motverkast av auka fysisk aktivitet og opphald i naturen. Nærfriluftsområde som ein kan nå utan bruk av bil eller buss har stor verdi, både som møteplass og som fremjar av god fysisk og psykisk helse.

Arenaklynger med både næringsliv, frivillig kulturliv og profesjonelle kulturaktørar kan gi grunnlag for samskaping og samarbeid. Det er behov for kunnskapsutvikling for å utvikle nye og betre modellar for sambruk og fleirbruk for frivillige og profesjonell, og mellom idrett og andre kulturaktivitetar. Eit mangfald av fritidstilbod der alle kan finne sin plass og delta, krev arenaer som senkar barrierane og inviterer alle inn. Universell utforming av arenaene skal gjere det lett for alle å delta, uavhengig av funksjonsnivå og alder. Gode møteplassar og arenaer er ei solid investering i folkehelse.

Arenaer kan òg vere møteplassar som t.d. festivalar og andre arrangement. Desse er viktige, midlertidige arenaer i eit lokalsamfunn, både under sjølve arrangementet, men òg som heilårleg aktivitet for arrangørane. Kulturarrangement som ledd i by-/tettstadsutvikling kan vise moglegheiter for å fylla tomme plassar og lokale, transformasjon og ny bruk av eksisterande bygningsmasse. Døme kan vere Lærdal med sitt prosjekt [Lys i gamle hus](#)<sup>37</sup> og [Levande lokaler](#)<sup>38</sup> og Odda med Lindehuset som etter at produksjonen på Odda Smelteverk vart stengt ned, er nytta som mellom anna kulturbygg.

### **Tilskotsforvaltning arenaer og møteplassar**

Vestland fylkeskommune fordeler årleg mellom 200-250 millionar kroner i spelemidlar til anlegg for kultur, fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Tilskot kan gjevast til anlegg for organisert eller sjølvorganisert idrett, kulturhus, fleirbrukslokale eller spesiallokale for kunst og kultur, som bibliotek, bygg for museum eller andre kulturverntiltak, scenekunstlokale, konsertsal eller formidlingslokale for biletkunst. I denne ordninga ligg det føring om at anlegga og kulturhusa bør lokaliserast sentralt i lokalsamfunnet eller regionen. Spelemidlane gjer fylkeskommunen i stand til å gjennomføre anleggspolitikken i godt samspel med kommunane og organisasjonane. Anleggsutvikling er eit særskilt viktig verkemiddel for å få folk i aktivitet, og det er innbyggjarane sine behov som skal ligge til grunn for kva anlegg som skal byggast.

---

<sup>37</sup> [www.lysigamlehus.no](http://www.lysigamlehus.no)

<sup>38</sup> [www.doga.no/aktiviteter/arkitektur/kunnskap-og-nettverk/levende-lokaler](http://www.doga.no/aktiviteter/arkitektur/kunnskap-og-nettverk/levende-lokaler)

I den fylkeskommunale satsinga [Nyskapande aktivitsanlegg](#)<sup>39</sup> vil vi stimulere til å utvikle og bygge enkle, lokale møteplassar med varierte og attraktive lågterskeltilbod for fysisk aktivitet.

Fylkeskommunen bygger, eig eller driftar ikkje eigne kulturhus. Men vi samarbeider ofte om bygging, til dømes samlokalisering av vidaregåande skular og idretts- og/eller kulturhus. I hovudsak bidreg fylkeskommunen med tilskot til bygging, og kommunar, selskap, stiftingar, organisasjonar og andre samanslutningar kan søkje om tilskot om kulturarenaen har regionale funksjonar. Idrettshallar er prioritert i *Regional plan for kultur*, og det blir tilrådd sentral lokalisering – gjerne i tilknytning til skulebygg /anleggsparkar.

Omgrepet regional viser til to hovudkriterium: Geografisk kriterium og funksjonskriterium. Altså om arenaen og tiltaket omfattar fleire kommunar. Funksjonskriteriet er noko meir skjønnprega - det handlar om at arenaen og tiltaket har regional funksjon i kraft av oppdrag, storleik, fagleg tyngd, kvalitet og særpreg.

### Vestland tannhelseteneste

Det er omtrent ein tannklinikk i kvar kommune i Vestland fylke, med hovudtyngda av tannklinikkar i Bergensområdet. Tannklinikane sørger for at tannhelsetenester, òg spesialisttenester, i rimeleg grad er tilgjengelege for alle som bur eller oppheld seg i fylket. Om ein reknar med «stort og smått»; klinikkar som er opne kvar dag og klinikkar som er bemanna delar av veka (ambuleringsklinikkar), er det 55 tannklinikkar i Vestland tannhelseteneste, lokalisert som vist i kartet nedanfor:



<sup>39</sup> Nyskapande aktivitsanlegg: <https://www.vestlandfylke.no/idrett-og-friluftsliv/nyskapande-aktivitsanlegg/>

Figur 11 Kart over tannklinikkar i tannhelsetenesten

Tannklinikane er fordelt i fem tannhelseområde; Nord-, Sørøst-, Vest- og Sentrum tannhelseområde. I tillegg er TkVestland – tannhelsetenesta sitt kompetansesenter Vestland – definert som eit eige område. Tannklinikane i fylket har under tilsyn om lag 190 000 pasientar i året (2021). Dette er særleg pasientar som har rettar i den offentlege tannhelsetenesta (barn og unge/unge vaksne 0-26 år, personar som bur i institusjon, personar med vedtak om heimesjukepleie, personar med utviklingshemming, personar i fengsel, personar som bur på statlege mottak asylsøkjjarar/flyktingar) og personar med rusutfordringar). Klinikane gir òg tenester til vaksne betalande om det er kapasitet.

Dei fleste tannklinikane er plassert slik at dei har relativt enkel tilkomst for dei fleste pasientane, òg med tanke på universell utforming. Nokre klinikkar ligg i eigne bygg, medan andre er samlokalisert med andre tenester. Døme på samlokaliseringar er Åsane og Nordhordland tannklinikkar: *Åsane tannklinikk* ligg nær Åsane Storsenter og Åsane kulturhus, i Åsane vidaregåande skule. *Nordhordland tannklinikk* ligg i eit regionalt helsehus, der ei rekke ulike helse- og omsorgstenester for Nordhordlandsregionen er samlokalisert.

Etablering/nedlegging/ombygging av tannklinikkar i Vestland fylke følger gjeldande klinikkstrukturplanar. I høve lokalisering av tannklinikkar, er reiseveg for pasienten til klinikken sentralt. I gjeldande klinikkstrukturplan, er det lagt til grunn at akseptabel reisetid for pasientane er ein time kvar veg. Dei siste tannklinikane som er opna, er Åsane tannklinikk, Nesttun tannklinikk og Nordhordland tannklinikk. Det er plan for nye klinikkar mellom anna i Førde, i Florø, på Os, på Bremnes og i Odda.

### **Kollektivtransport og mobilitet**

Regional transportplan legg som nemnd [ovanfor](#) rammene for kollektivtilbodet i Vestland. Saman med staten, kommunane og ulike mobilitetsaktørar skal vi legge til rette for at mobiliteten til innbyggjarar og næringsliv vert ivareteke i og mellom ulike stadar.

I sentrumsområde er det særleg viktig med trasear som er tilrettelagt for bussframkome. For at fleire skal kunne reise kollektivt, er det viktig at infrastrukturen til kollektivtransporten støttar opp om dei driftsopplegga som det er behov for i befolkninga, som til dømes terminalar og haldeplassar eller sjølve vegnettet.

Regionsenter er særleg prioritert for gode korrespondansepunkt. For å styrke mobilitetstilbodet, vert kollektivtilbodet nokre stader supplert med fleksible transporttenester som er meir tilpassa dei som av ulike årsaker ikkje kan nytte det ordinære tilbodet, eller fordi dei bur i område der det ikkje er marknad for eit ordinært rutetilbod, som *HentMeg*<sup>40</sup>-tilbodet i Odda.

### **Infrastruktur for mobilitetssystemet**

Kollektivtransport har behov for tilrettelagt infrastruktur for å fungere optimalt og gi kundane eit godt tilbod. Rutene må ha god framkome, og det må vere tilstrekkeleg vegkapasitet i område med store reisestraumar. Der ulike linjer og transportmiddel korresponderer er det viktig med gode mobilitetspunkt. I tillegg må dei reisande ha god tilkomst til haldeplassar og knutepunkt.

I sentrumsområde er det særleg viktig å legge til rette for gode publikumsfasilitetar, der dei reisande kan bytte mellom ulike linjer, og ha venterom med sjåførfasilitetar. For at det skal vere attraktivt å reise med kollektivtransport er det viktig med haldeplassar tett på målpunkt, som ein gjerne finn i senterområde.

<sup>40</sup> [www.skyss.no/omskyss/nyheitsportal/2020/hentmeg-bussen-i-odda-opna-med-brask-og-bram/](http://www.skyss.no/omskyss/nyheitsportal/2020/hentmeg-bussen-i-odda-opna-med-brask-og-bram/)

Prinsippa i [Kollektivstrategi for Hordaland](#)<sup>41</sup> legg føringar for utforming av kollektivinfrastruktur, som seier at framtidens mobilitetstenester må bygge vidare på eksisterande tilbod og infrastruktur.

### Utforming rundt og av knutepunkt

Jernbanedirektoratet, KS og Statens Vegvesen gav i 2018 ut ein rettleiar [med tema heilskapeleg knutepunktutvikling](#)<sup>42</sup> som har verdi for kommunar som har / får anlagt eller bygd om eit kollektivknutepunkt /-terminal i eit senterområde. Rettleiaren gjev råd om til dømes samarbeidsprosessar, og særskilt relevant for arbeid med regional plan; lokalisering og utforming av knutepunkt. Kor knutepunkta er lokalisert er avgjerande for kor godt dei fungerer som ein del av byen eller tettstaden. Viktige prinsipp i denne samanheng er:

- Fortetting på og rundt knutepunkta
- Effektiv arealutnytting
- Utforming som opnar for interaksjon med resten av staden
- Arealbruk som genererer aktivitet på bakkeplan
- Bygningsmasse som styrkar staden sine urbane kvalitetar
- By- og eigedomsutvikling som bidreg til auka bruk av kollektivtransport
- Sentral lokalisering av arbeidsplassintensive og publikumsintensive funksjonar

### Trafikktryggleik

Tryggleik er ein føresetnad for å få fleire til å sykla og gå, sjå til dømes resultat frå spørjeundersøking i [Sykkelstrategi for Bergen 2020-2030](#)<sup>43</sup>. For å auka sykkeldelen i reisemiddelfordelinga må ein få nye og meir tryggleikssøkjande trafikantar opp på sykkelsetet. Såleis er trafiksikkerheit og arbeid for fleire gåande og syklende to sider av same sak.

Ved lokalisering av arbeidsplassar, tenester og tilbod i senterområda er det viktig å ta vare på trafiksikkerheit, opplevd tryggleik og attraktivitet for dei mjuke trafikantane. Det er viktig at det ikkje vert etablert nye målpunkt utan at det er moglegheiter for gåande og syklende å ta seg trygt fram. Gåande og syklende har høgare risiko for å omkomma eller verta hardt skadde i vegtrafikken, samanlikna med bilførarar. Særleg gjeld dette for syklistar, der store mørketal på eineulykker gir ein reelt, betydeleg høgare risiko enn kva risiko målt ut frå den offisielle ulykkesstatistikken tilseier. Eldre fotgjengarar og syklistar peikar seg særleg ut med høgare risiko enn resten av befolkninga.

Samstundes er det rett å halda fram med ei særskilt satsing mot barn og unge, då desse òg er sårbare og ikkje ferdig utlærte trafikantar. Tiltak for universell utforming av transportsystemet gagnar alle sårbare trafikantar, både yngre og eldre. Ei styrka tilrettelegging i sentrumsområde er viktig for å sikra trygg ferdsel og auka attraktivitet for fotgjengarar i dei områda der gonge som transportform har eit særleg fortrinn.

### Utdanning

Vidaregåande opplæring er den fylkeskommunale tenesta som talmessig er størst med 43 skular, kor av 14 av desse ligg i Bergen. Den vidaregåande skulen har ca. 23.000 elevar.

<sup>41</sup> [www.skyss.no/globalassets/om-skyss/strategiar-og-fagstoff/strategiar-og-handlingsprogram/kollektivstrategi/kollektivstrategi-for-hordaland-2014.pdf](http://www.skyss.no/globalassets/om-skyss/strategiar-og-fagstoff/strategiar-og-handlingsprogram/kollektivstrategi/kollektivstrategi-for-hordaland-2014.pdf)

<sup>42</sup> [www.ostlandssamarbeidet.no/wp-content/uploads/2018/02/Veileder-for-helhetlig-knutepunktutvikling-2018.pdf](http://www.ostlandssamarbeidet.no/wp-content/uploads/2018/02/Veileder-for-helhetlig-knutepunktutvikling-2018.pdf)

<sup>43</sup> [www.bergen.kommune.no/politikere-utvalg/api/fil/3241791/2-Sykkelstrategi-for-Bergen-2020-2030](http://www.bergen.kommune.no/politikere-utvalg/api/fil/3241791/2-Sykkelstrategi-for-Bergen-2020-2030)



Dei tidlegare fylkeskommunane sin vedtekte regionsenterstruktur er utgangspunkt for hovudretninga i den føreslåtte skulestrukturen for Vestland fram mot 2030. Strukturen søkjer å sjå kollektivplanar og offentleg og privat tenesteproduksjon i samanheng, og har som mål å sikra eit godt skuletilbod i heile fylket.

Det er ikkje likegyldig korleis skulane ligg i høve til andre sentrumsfunksjonar dersom skulen skal inngå i livet i lokalsamfunnet. Lokalisering i eller nært sentrum vil bidra til styrking av sentera. God kollektivdekning er ein føresetnad for lokalisering av vidaregåande skule. Om lokalisering og reisetid seier fylkeskommunen sin [skulebruksplan](#)<sup>44</sup> mellom anna at elevar ikkje bør ha meir enn 1 time reisetid til skulen, og at skulestrukturen bør samsvare med regionsenter-strukturen. Alle regionsentera bør ha breie skuletilbod som er godt dekkjande for regionen sine behov, og som gir godt grunnlag for samarbeid med næringslivet og for livslang næring.

Rettleiingstenesta omfattar pedagogisk- psykologisk teneste (PPT), oppfølgingstenesta (OT), oppfølging av lærlingar, lærekandidatar og lærebedrifter, og rettleiing i vidaregåande opplæring for vaksne. Rettleiingstenesta samarbeider med skular, arbeidsliv, offentlege instansar, opplæringskontor og lærebedrifter. Tenesta har 3 kontorstadar i Bergen, samt i Sogndal, Nordfjordeid, Førde, Odda, Stord, Voss.

Fylkeskommunen har ansvaret for praktisk og yrkesretta høgare utdanning i form av dei offentlege fagskulane. Fagskulane i Vestland har om lag 1900 studentar, og har studietilbod innan tekniske fag, marine fag, helsefag, petroleumsfag, jordbruksfag, arboristfag og lokal matkultur. Undervisninga er lokalisert på 8 stadar i fylke der dei fleste er regionsentre.

Erfaringa frå opplæringsavdelinga er at det i byane/tettstadene er enklare å drifte eit berekraftig skuletilbod, då fleire elevar/deltakarar søkjer til tilboda her, men vi kan få eit kapasitetsproblem. I mindre lokalsamfunn kan vi få den motsette problemstillinga, og tilboda er mindre berekraftige på grunn av for få søkjarar.

Våre vidaregåande skular er i dag ein meir synleg deltakar i lokalsamfunnet enn tidlegare, open for både elevar og nærmiljø.

For å styrke rolla til dei vidaregåande skule i lokalsamfunnet bør vi:

- Utvikle og støtte dei vidaregåande skulane i rolla som samfunnsutviklar
- Gje eit godt og fylkesdekkande VGS og fagskuletilbod.
- Samarbeide med arbeids- og næringsliv for å skaffe lære plassar
- Skulen som aktiv deltakar i lokalmiljøet
- Opne skular om ettermiddagar og i feriar

### **Tilpassing mellom utdanningstilbod og kompetansebehov**

Lokalisering av utdanningsinstitusjonar og studietilbod verker inn på rekruttering til både offentlege og private verksemdar. Mange unge ønskjer å ta utdanning i same region der dei har vakse opp, og mange får jobb etter utdanninga i same region der dei har studert. For vaksne som ønskjer å ta utdanning eller etterutdanning kan det vere avgjerande at dei kan ta utdanning i same region der dei til dømes er etablert med familie. For å sikre både offentlege og private tilgangen på riktig arbeidskraft, bør det difor vere eit godt samsvar mellom studietilbodet i ein region, og kompetansebehovet i offentleg og privat næring i regionen.

---

<sup>44</sup> Skulebruksplan for Vestland: [www.vestlandfylke.no/globalassets/statistikk-kart-og-analyse/rapportar-og-analysar/rapportar-og-analysar-etter-tema/opplaring-og-kompetanse/hoyringsforslag---rullering-skulebruksplanen-2017-20301.pdf](http://www.vestlandfylke.no/globalassets/statistikk-kart-og-analyse/rapportar-og-analysar/rapportar-og-analysar-etter-tema/opplaring-og-kompetanse/hoyringsforslag---rullering-skulebruksplanen-2017-20301.pdf)

I Nordfjord samarbeider kommunen, NAV, fylkeskommunen, vidaregåande skular og lokalt næringsliv om eit fagutdanningstilbod som er tilpassa vaksne innvandrarar og kompetansebehova i offentlege og private verksemder. Modellen starta opp i Gloppen og vert difor kalla *Gloppenmodellen*.<sup>45</sup>

### **Bruk og lokalisering av fylkeskommunale anlegg; ansvar og samskapingspotensial**

Det er ei auka satsing på våre anlegg, særskilt vidaregåande skule, som nærmiljøanlegg i samspel med andre offentlege (eller private) tenester. Åsane vidaregåande skule, er bygd som eit kombinert hus med skule, fleire kultursalar og bibliotekteneste, og er eit viktig bidrag til å utvikle Åsane frå kjøpesenterstad til tettstad. Amalie Skram vidaregåande i Bergen sentrum er bygd i kombinasjon med eit stort, kommunalt badeanlegg. Kvam vidaregåande skule som er i prosjekteringsfasen, tar opp i seg både ein større, kommunal kino-/kultursal, bibliotek og vaksenopplæringa til heradet. Erfaringa med kommunalt samarbeid er i hovudsak positiv, og ringverknadane lokalt er store.

Askøy vidaregåande skule blir no lokalisert saman med vaksenopplæringa til kommunen. Dei vil òg dele fleirbrukssal og idrettshall. I Førde er delar av den vidaregåande skulen sitt utomhusanlegg utvikla saman med ein *Folkepark* for kommunen. Kultur- og idrettshuset *Trivselshagen* på Sandane i Gloppen kommune er eit anna døme på god sambruk. God sambruk og finansiering mellom kommune og fylkeskommune er Operahuset på Eid der vidaregåande skule er samlokalisert med eit kulturhus med regionale funksjonar og lokale funksjonar som bibliotek. Den vidaregåande skulen nyttar kulturlokala til undervisning og er sterkt deltakande til at framsyningane i Opera Nordfjord vert gjennomført gjennom undervisninga.

Samlokalisering med godt planlagde funksjonar og god utforming av bygg og uteområde, kan vere med å skape ein felles samlingsstad på tvers av alder og interesse, og bidra positivt til by- og sentrumsutviklinga.

## Handel

Handel og service er framleis vesentlege element i eit attraktivt og levande sentrum. Ein viktig føresetnad for at innbyggjarane skal nytte sentrum, er at dei finn eit attraktivt handels- og servicetilbod. [TØI](#) peikar på at sentrumshandelen likevel tapar marknadsandelar til kjøpesentera og storhandelsområder utanfor sentrum<sup>46</sup>, og særskilt langs nye motorvegar. Kor vi legg til rette for handel, verker på moglegheitene for å utvikle attraktive, livlege og konkurransedyktige sentrum; *Brukerne har ulike formål med sine sentrumsbesøk, men et godt handelstilbud er en viktig attraksjon.*<sup>47</sup> Per juni 2023 har vi 154.000 butikkmedarbeidarar i Noreg<sup>48</sup>, som gjer dette til det vanlegaste yrket i Noreg.

### **Eksisterande rammeverk**

*Regional plan for attraktive senter i Hordaland* seier at nytt bruksareal for detaljhandel berre er tillatt i fylkessenter, regionsenter, kommunesenter, bydelssenter og lokalsenter definert i regional plan eller i kommuneplan; nytt bruksareal for detaljhandel skal vere innanfor sentrumsutstrekninga definert i kommunal plan. Der det ikkje er fastsett ei sentrumsutstrekning i kommunal plan, gjeld retningslinjer for arealplanar i sentrumsområde pkt. 2.3 i den regionale planen:

---


<sup>45</sup> [www.gloppenmodellen.no](http://www.gloppenmodellen.no)

<sup>46</sup> [www.toi.no/publikasjoner/hva-kan-gjores-for-a-styrke-sentrums-attraktivitet-som-etableringsarena-for-handel-og-service-article32589-8.html](http://www.toi.no/publikasjoner/hva-kan-gjores-for-a-styrke-sentrums-attraktivitet-som-etableringsarena-for-handel-og-service-article32589-8.html)

<sup>47</sup> <https://www.toi.no/publikasjoner/kunnskapsstatus-handel-tilgjengelighet-og-bymiljo-i-sentrum-article33134-8.html>

<sup>48</sup> [www.ssb.no/arbeid-og-lonn/sysselsetting/artikler/dette-er-de-vanligste-jobbene-i-norge](http://www.ssb.no/arbeid-og-lonn/sysselsetting/artikler/dette-er-de-vanligste-jobbene-i-norge)





*Inntil kommunen har fastsett sentrumsutstrekning, bør planlegging ta utgangspunkt i at sentrum har følgjande retningsgivande utstrekning frå ytterkant til ytterkant:*

☒ *Fylkessenter: inntil 1000m*

☒ *Regionsenter og bydelssenter i Bergen: inntil 800m*

☒ *Kommunesenter: inntil 600m*

☒ *Lokalsenter og nærsenter: tilbod bør i høg grad konsentrerast*

*Figur 12 prinsipp for senteravgrønsing av regionalt senter, frå regional plan for attraktive senter i Hordaland*

Dersom nytt eller samla bruksareal for detaljhandel i reguleringsplan eller ved søknad om byggjeløyve / rammeløyve overstig 3.000 m<sup>2</sup> krevst det samtykke frå fylkeskommunen. Samla bruksareal for detaljhandel i sentrum skal vere i samsvar med senteret sitt nivå i senterstrukturen og det omlandet som er definert i regional plan eller i kommuneplan vedtatt etter 10.12.2014. Det krevst handelsanalyse for å vurdere samtykke, basert på fylkeskommunen sin [mal for handelsanalyser](#)<sup>49</sup>.

Det gjeld unntak for etablering av ny eller utvida detaljhandel med opptil 3.000 m<sup>2</sup> samla bruksareal lokalisert i bustadkonsentrasjonar eller i nærsenter. Det gjeld òg unntak for ny detaljhandel kor vareutvalet i hovudsak er bilar, båtar, landbruksmaskiner, trelast og større byggjeverar, samt utsal frå hagesenter og større planteskular.

**Strategi for tettstadutvikling og senterstruktur for Sogn og Fjordane** seier at nytt bruksareal for detaljhandel bør lokaliserast innanfor sentrumsområde som er definert i kommuneplan eller områderegulering. Vidare har planen retningslinjer som seier at det i sentera i BAS-regionane bør leggjast til rette for å samlokalisere handel eller tenestetilbod som krev større folketalsgrunnlag, og som tener større område enn den einskilde kommunen.

Strategien har og ei regional planføresegn om lokalisering av handel og kjøpesentra (2017). I føresegna står mellom anna at; *...som hovudregel skal all handelsverksemd lokaliserast i sentrumsområde. Avgrensing av sentrumsområde skal vere fastsett i gjeldande kommuneplan, eller etter ei planfagleg vurdering kan ein avgrense sentrumsområde i områdereguleringsplan.* Det er òg gjeve føringar for etablering av handelsområde med plasskrevjande varer.

Føremålet med planføresegnene i både den regional planen og i strategien er å styrkje eksisterande by- og tettstader, gje effektiv arealbruk, og å leggje til rette for miljø- og helsefremjande transportval. Føresegna skal sikre at ny handelsverksemd blir lokalisert innanfor, eller i tilknytning til eksisterande by- og tettstadssentra, med god tilgjenge for gåande og syklande og med god kollektivdekking. Det langsiktige målet er å oppnå ei meir berekraftig by- og tettstadsutvikling, avgrense klimagassutsleppa og bidra til at inngrep i landbruks-, natur- og friluftsområde blir redusert.

Rapporten frå Norconsult laga i samband med kunnskapsgrunnlaget, tyder på at sentrumsavgrensing er eit av dei tema som regional plan/strategi har hatt størst påverknad på av dei aktuelle tema, men det er ikkje mogleg å sei i kor stor grad dette gjeld samanlikna med andre faktorar som spelar inn på avgrensinga. Erfaringa med regional plan sidan den vart vedteken, er at alle kommunane som har

<sup>49</sup> [www.vestlandfylke.no/planlegging/by-og-stadutvikling/planlegging-av-handelsareal](http://www.vestlandfylke.no/planlegging/by-og-stadutvikling/planlegging-av-handelsareal)

rullert KPA i planperioden, har etablert ei senterstruktur og sentrumssoner i plankartet, nokre med ei utstrekning som er noko større enn retningslinene for avgrensing i den regionale planen/strategien.

Svara frå undersøkinga tyder på at enkelte tema har fått meir fokus i planarbeidet som følgje av regional plan/strategi, særskilt når det gjeld senterstruktur, handel og sentrumsavgrensing i kommunesenter eller regionsenter. Nytt areal til detaljhandel utover daglegvare har i hovudsak vorte opna for i senterområde, med unntak av et par tilfelle der det har blitt gitt samtykke på særskilt vilkår (på Heiane, Stord og på Eitreimsvågen, Ullensvang).

### **Endringar i omsetningsutviklinga innafor detaljvarehandel**

Vi har ikkje oppdatert kunnskap på utviklinga i Vestland, men i 2019 ga Kommunal- og distriktsdepartementet ut ein rapport som kartla omsetninga i eit utval norske bysentra for perioden 2008-2018<sup>50</sup>. Rapporten synte at omsetninga av utvalsvarer, som kle, sko og sportsartiklar, er sterkt redusert i dei fleste bysentra i 2008-2018. Samstundes veks tenesteytande næring, som servering og kultur, Handelen er i stor omstilling og utviklinga i norske bysentra står overfor store utfordringar, Kartlegginga viser at for alle bysentra samla sett så har omsetninga av utvals-varer gått ned med 19%, medan for servering har dei auka med 29%. (Talla er prisjusterte)

Byar med store kjøpesentra i sentrum har kome betre ut enn dei utan. Samstundes aukar omsetninga i bysentra innafor servering som restaurantar, kafear og kaffibarar, og det er ein samanheng med auke i servering til auka konsum av tenester som kultur, servering og opplevingar.

Fleire relevante funn: *Omsetninga ser ut for å auke mest i byar med attraktive byrom og sjøfront, og med høg andel turistar og/eller studentar, men det er store forskjellar mellom byane.*

*Kartlegginga antyder at byar som arbeider målretta med sentrumsutvikling og samarbeider tett med gårdeigarar, næringsdrivande og innbyggjarar ser ut til å lykkast betre enn andre. Omsetninga av utvalgsvarer utanfor sentrum går òg ned, men med fortsatt vekst i plass-krevande varer og daglegvarer. Òg kjøpesentra utanfor sentrum satsar meir på servering, kultur og opplevingar. Dette kan gi nye utfordringar for bysentra, i tillegg til netthandel.*

### **Framtidig handlemønster er prega av endringskraft og usikkerheit**


Professor i *Urbanisme og arkitektur* på Arkitekturhøgskulen i Oslo, Karl-Otto Ellefsen, har utarbeidd ei utgreiing for Oslo kommune og Viken fylkeskommune kalla [Areal til varehandel og lokal tenesteyting](#)<sup>51</sup> (2022), som har stor overføringsverdi til Vestland. Ellefsen sett fokus på *endringskrafta* i diskusjonen om framtidig handel og tenesteyting og om generell bybruk i framtida. Endringane vil mellom anna omhandle omfanget av netthandel: *I USA forutset for eksempel netthandelen å auke fra 16% i 2020 til 32% i 2030.*

Ellefsen si analyse byggjer på tal frå SSB og nettverksanalyser gjort av rådgjevarfirmaet Asplan viak av omsetningsdata for Oslo og Viken (2022). Denne seier at netthandel i butikkar som er lokalisert i Norge, har ei auke per innbyggjar frå ca. kr 2.200 i 2008 til ca. kr 5.000 i 2019 og til 6.600 i eit koronaprega 2020 – altså ei tredobling på 12 år. Auka samsvarer bra med nedgangen i fysisk detaljvarehandel. Handelsrapporten til bransjeorganisasjonen Virke i perioden 2010-2020 syner at netthandel auka med ca 76% og at det var ein nedgang på 10,6 på fysisk detaljhandelsbedrifter på nasjonalt nivå.

<sup>50</sup> <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/varehandelen-i-sentrum-faller-kafeer-og-restauranter-vokser/id2669704/>

<sup>51</sup> <https://karlottoellefsenblogg.com/2022/04/10/post-covid-6-framtida-for-kjopesentrene/>


## Vekst i antall bedrifter/butikker (i %) per bransje 2010-20



Figur 4.2. Kilde: SSB, Virke Analyse (2022). <sup>1</sup> Jula og Biltema er ikke inkludert siden de ligger i næringskode Byggevare

Figur 13 Handelsrapporten 2022-2023, Virke.

Ein av konklusjonane i analysa som er aktuell òg i Vestland, er at ein synbar konsekvens av netthandel er butikkdød, mindre/endra arealbehov sidan konseptane for å drive butikk vert endra. I Noreg er dette illustrert ved reduserte fasadelengder for handel i «high-streets», tomme lokale i tettstadssentra, køar i post/butikk-lokale og varebilar som bringar varer til døra. Nye kjøpevaner for digitalt orienterte konsumentar syner seg òg i måten butikkane vert organisert og fungerer på. Ellefsen nemner to døme; «show-rooms» der vara kan sjåast og nytast før den vert bestilt, og digitale «klikk-og-hent plattformer».




Figur 14; Møbelgiganten Ikea har flere steder etablert planleggingsstudio i sentrumsområder - òg i Oslo. (CC-lisens)

Vidare skriv Ellefsen at prediksjonar om framtidig organisering av handel er usikre: Det finnes få klare holdepunkter, spesielt om de langsiktige konsekvensene av pandemien og de effektene den har hatt på virkelighetsoppfatning og livsform. Post pandemiske konsumenter vil kanskje aldri følge tradisjonelle kjøpemønstre. Data fra mange land viser at konsumenter nå vender tilbake til det offentlige rom, men data indikerer òg at noen vaner, på engelsk kalt «at-home economy» vil vedvare. Folk planlegger å arbeide – og derfor òg å kjøpe – mer heimefra enn tilfellet var før pandemien. Dette innebærer redusert behov for forretningsareal, men trolig òg at lokale tjenester, altså tjenester i nabolagene, vil komme til å bli brukt i større grad.

TØI-rapporten *Handel, tilgjengelighet og bymiljø i sentrum*<sup>52</sup> (2015) syner òg at sentrumsandelen av detaljhandelen (utvalsvarer, daglegvarer og plasskrevande varer) varierte fra 11 % til 74 % i kommunane. Òg for sju år sidan oppsummerte TØI at: «All vekst i handelen i byene har skjedd i eksternt lokaliserte handleområder, som kjøpesentre, handelsparker og storhandelskonsepter. Sentrum taper markedsandeler til eksternt lokaliserte handleområder, innen detaljvarehandel totalt sett og innen alle undergrupper.»

Omsetningsanalysa<sup>53</sup> (2022) fra Asplan Viak viser at denne tendensen held fram og er blitt forsterka av pandemien. Markedsandelen (sett i forhold til heile Oslo) av detaljvarehandelen i sentrum blei redusert fra 16 til 12 prosent (2019 – 2020) under pandemien, for utvalsvarer ble andelen redusert fra 31 til 24 %.

Kjøpesentera vert òg påverka av endring i handlemønster. Handelsrapporten 2022-2023<sup>54</sup> til handelsorganisasjonen Virke viser at har det over tid har vore ei dreining mot meir tenestehandling på kjøpesenter, til tross for restriksjonar under pandemien. Nokre sentre har endra måten dei nyttar areala på, og handelsrapporten peikar på at tilbudet av opplevingar vert stadig viktigare framover.



Figur 15 Kjelder SSB: 04776: Omsetning per innbygger i detaljhandel, etter kommune, statistikkvariabel og år

## Daglegvare

Nærleik til ein fullverdig daglegvarebutikk er eit behov som er avgjerande for at folk skal kunne bu i heile fylket, og butikkar med fellestenester er og viktig for styrking av nærmiljøa. Over 60 prosent av alle daglegvarebutikker i Distrikts-Norge deltar i [Merkur-programmet](#), som er eit kompetanse- og utviklingsprogram for nærbutikker. Målet er å sikre innbyggerane tilgang til ein nærliggande daglegvarebutikk med god kvalitet og tilleggstenester, og i Vestland er det til saman 111 merkurbutikker.

Mange av Merkur-butikkane fungerer i dag som bygda sitt servicesenter, med post, tipping, apotekvarer, lokal mat, kommunal informasjon, drivstoff og mange andre tenester. Dei siste åra har

<sup>52</sup> [www.toi.no/getfile.php/1340098-1427458808/Publikasjoner/T%C3%98I%20rapporter/2015/1400-2015/1400-sammendrag.pdf](http://www.toi.no/getfile.php/1340098-1427458808/Publikasjoner/T%C3%98I%20rapporter/2015/1400-2015/1400-sammendrag.pdf)

<sup>53</sup> <https://storymaps.arcgis.com/stories/76de4e968e9c4d65b136ef5bdd5feb73>

<sup>54</sup> <https://www.virke.no/analyse/statistikk-rapporter/handelsrapporten/>

mange Merkur-butikkar lagt om til sjølvbetjent og døgnopen drift. Dette har gjort det enklare for nye kundegrupper å handle i butikken, til dømes hyttefolk eller turistar.

Korleis styrke sentrum som etableringsarena for handel og service?

På oppdrag frå Kommunal- og distriktsdepartementet (KDD) har konsulentselskapet Civitas sett på korleis lokalisering av handel og tenesteyting kan styrast gjennom planlegging etter plan- og bygningslova (pbl) i [ein rapport utgitt i 2022](#)<sup>55</sup>. Dei har skildra næringa frå eit planperspektiv, vurdert mål, gjennomgått styresmaktene sitt handlingsrom, og vurdert regionale planar.

Rapporten viser betydninga av god arealplanlegging i stadskaping, og løfter rolla til kommuneplanens arealdel som *navet* i all stadutvikling. Det bør det vere lett for kommunar med oppdaterte planar å trekkje til seg verksemder, og det skal løne seg for butikkar og utbyggjarar å følgje planane. Sentralisering i færre og større einingar skjer ofte på bekostning av dei butikkane som i dag skapar byliv og levande bygder. Rapporten rår difor til å gje fordelar til *bygdelivsbutikker* som styrkar lokalsamfunna og til bylivsbutikker som berikar offentlege rom til gode for menneskemøte, opphald og ferdsel til fots. Vidare foreslår dei utgreiingar knytt til dagslyskrav i butikkar, felles minstepris på korttidsparkering og anbodshandel. Regelverk og rutinar for lokalisering av tenesteyting og handel i offentleg regi bør verte gjennomgått og revurdert.

Utvalde funn som har identifisert hindre for god lokalisering av handel og service:

- 1. Utydelighet. Mål, regelverk, planer og fagstoff er ofte utydelige og/eller vanskelig å forstå for andre enn planleggere. (...)*
- 3. Utdaterte arealplaner, smutthull i regelverket, mange dispensasjoner og mye ulovligheter gir dårlige steder, mye trafikk, er lite rettferdig og fører ofte til dyre reparasjonstiltak etter utbygging.*
- 5. Bransjeglidning. Dagens regelverk forutsetter ofte at en kan skille mellom ulike typer handel og service. Det blir stadig vanskeligere fordi skillene mellom ulike deler av næringen viskes ut.*
- 6. Utdaterte arealformål i kommuneplanens arealdel. Virksomheter med mange besøkende og ansatte bør skilles bedre fra industri etc. Særlig ser vi problemer med underformålet «næringsbebyggelse».*
- 7. Innsigelser er uforutsigbart og tar tid. Bruken kan reduseres hvis reglene blir tydeligere og viktige valg avklares med andre myndigheter, næringen og lokalsamfunnet i kommuneplanens arealdel, basert på føringer i regional plan.*
- 8. Sentralisering. Drivkreftene for færre og større, bilbaserte enheter er svært sterke. For varehandelen lønner det seg med store butikker der en velter mest mulig transportkostnad over på kunden. Bygdebutikker, nærbutikker og småbutikker i byene blir taperne.*
- 9. Sårbare yndlinger. De typene handel og service som bidrar mest til byliv (beriker offentlige rom), levende bygder og gode nærmiljøer er ofte mest sårbare og svakest organisert. Hvis samfunnet vil beholde dem, må en synliggjøre og belønne deres innsats tilstrekkelig. (...)*

### **Samarbeid i sentrumsområde**

Ulike former for offentleg-privat samarbeid om sentrumsutvikling er relativt vanleg i norske byar i dag, men er likevel trekt fram som eit hindring for å sikre utvikling i senterumsområde<sup>56</sup>. Manglande intern samordning innad i kommunen vert og trekt fram som eit problem.

<sup>55</sup> [www.regjeringen.no/contentassets/d8a3c722093c4b789d8db05098bfa57d/civitas\\_lokalisering\\_handel.pdf](http://www.regjeringen.no/contentassets/d8a3c722093c4b789d8db05098bfa57d/civitas_lokalisering_handel.pdf)

<sup>56</sup> [www.regjeringen.no/no/dokumenter/sammen-om-sentrum/id2680842/](http://www.regjeringen.no/no/dokumenter/sammen-om-sentrum/id2680842/)



Mange av handelsaktørane er organisert gjennom sentrumsforeiningar, næringsforeiningar, oblem<sup>57</sup>. næringsutviklingselskap, gårdeigarforeiningar og *sentrums-AS* over heile landet. I følgje Norsk Sentrumsutvikling (NSU), er ca. 60 prosent av deira 45 medlemmar organisert som AS, med kommunen som medeigar i omlag 1/3 av dei. Ei utfordring med denne forma for samarbeid er at mykje av samarbeidet ligg i organiseringa og ikkje i drifta, og at gårdeigarane i for lita grad er representert. I følgje NSU sine erfaringar har mykje har samarbeidet nokre gjennomgåande utfordringar som: kortsiktighet, ad hoc-preg, for dårleg forankring, frivilligheitsbasert, sårbart, lite ressursar, mange gratispassasjerar, få engasjerte gårdeigarar, mangel på kunnskap/fakta og høg turn-over blant dei tilsette – særskilt i dei små, frivillige foreiningane.

Dette syner eit behov for å vidareutvikle samarbeidsformer og metodikk for berekraftig sentrumsutvikling i retning av meir systematisk og langsiktig partnerskap mellom kommune og private aktørar. Fleire stader har ein lukkast godt, og både kommunen og dei private har hatt stort utbytte av samarbeidet, noko NIBR si undersøking viser. [TØI](#) anbefalar at gardeierskapet må omorganisast og restrukturerast dersom sentrum skal kunne bli en meir attraktiv etableringsarena. Fylkeskommunen (og staten) kan bidra med nye verktøy og økonomiske tilskot. Videre må utbygging av handelsareal utanfor sentrum begrensast, og ny utbygging av bustader, arbeidsplassar og handel styres inn mot sentrum. En siste viktig utfordring er å få alle aktørane til å dra saman for å styrke sentrum. <sup>58</sup>



<sup>57</sup>[www.regjeringen.no/contentassets/87c08113be524b0eb36010ba30f2ecf9/afi\\_fou\\_2020\\_04\\_arkitektonisk\\_kvalitet\\_planlegging.pdf](http://www.regjeringen.no/contentassets/87c08113be524b0eb36010ba30f2ecf9/afi_fou_2020_04_arkitektonisk_kvalitet_planlegging.pdf)

<sup>58</sup>[www.regjeringen.no/globalassets/upload/kmd/plan/dokumenter/sentrumshandel\\_rapport.pdf](http://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kmd/plan/dokumenter/sentrumshandel_rapport.pdf)

## Råd/forventingar til regional politikk:

**Utvikling av lokalsamfunn og senter i Vestland i tråd med ein fastlagt senterstruktur skapar føreseielege rammar for både offentlege og private aktørar. Tydeleg satsing i utvalde senter vil gjere dei attraktive som lokaliseringsstad for tenester, tilbod og arbeidsplassar og kan setje i gong ein positiv etableringsspiral som gagnar omlandet og motverkar sentralisering mot Bergen og Oslo.**

**Attraktive og robuste senter er allsidige og tilgjengelege i høve til behov. Velfungerande mobilitet inneber at alle skal ha moglegheit til å kome seg dit ein skal uavhengig av funksjonsnedsettingar, alder eller avstand.**

- **Gå føre gjennom rett lokalisering av eiga verksemd og dra anna verksemd med**

Fylkessenter og regionsentre bør prioriterast for fylkeskommunale tenester, avhengig av besøksintensivitet. Vidaregåande skule er særskilt eigna for å kombinere med andre arenaer og funksjonar, og ved nybygg og større ombyggingar, bør fylkeskommunen vurdere sambruk med utgangspunkt i lokale behov. Fleirbruk, sambruk og deling av ulike arena mellom nærings- og det profesjonelle og frivillige og kulturliv, kan styrke kvarandre og auke samhald, fellesskap og læring.

- **Etabler og stø opp om opne, inkluderande møteplassar inne og ute**

For arenatilbodet for kultur og idrett bør det vere ein kontinuerleg vurdering av behovet, for å gi retning og fart til utvikling av tilbodet i Vestland. Tilskotsordningar er viktige verkemiddel og kan gi føringar òg i høve til lokalisering av anlegg og aktivitet i fylket.

- **Lag retningslinjer/føresegner for lokalisering av tenester og handel og nytt ABC-prinsippet for lokalisering av besøks- og arbeidsplassintensive verksemdar.**

For å sikre ein balansert utvikling i heile fylket er prinsipp om høgast mogleg kvalitet, nærast mogleg brukar, innanfor samfunnsøkonomiske forsvarlege rammer, vert det anbefalt å utarbeide retningslinjer og/eller føresegner om lokalisering for handel og tenester, samt for besøkintensive verksemdar.

- **Etabler/vidarefør kollektivakser og innfartsparkeringer langs denne**

Kollektivtransport er eit viktig bidrag for å nå klimamåla, både som ei arealeffektiv transportform og gjennom at fleire kan la bilen stå. Utanfor Bergensområdet skal infrastruktur og kollektivtilbodet saman leggje til rette for at innbyggjarane kan nå funksjonar og tenester innan rimeleg reisetid.

- **Bygg digital infrastruktur og legg til rette for kontorarbeidsplassar i senterområde**

Pandemien synleggjorde at fleire har arbeidsoppgåver som kan gjennomførast digitalt og uavhengig av geografisk lokalisering, og for distriktskommunar utgjør det ein moglegheit å leggje til rette for fjernarbeid.

- **Prioriter mjuke trafikantar og kollektivtenester i senterområde**

Dei store transportvoluma i Vestland blir generert i Bergensområdet. I sentrum er det særleg viktig å unngå at alle nyttar bil, då vi skal sikre best framkome for dei mjuke trafikantane i tette (historiske) bykjernar

- **Støtt kommunene i arbeidet med lokaliseringsspørsmål og mobilitetsløsningar lokalt**

Avveininger mellom god biltilgjengelighet og godt bymiljø kan løses gjennom bevisst prioritering av gående i de viktigste gangstrøkene, satsing på sykkelinfrastruktur, prising av parkeringsplasser og parkering for arbeidstakere og andre i utkanten av sentrum.

# Utbyggingsmønster og arealbruk

Natur og arealtype har historisk lagt premiss for utbygging, sentrumsplassing og lokalsamfunnsutvikling. Det er blitt sagt gjennom utarbeiding av dette kapittelet at Vestland er *vertikalt utfordra*, og det er ein god oppsummering på korleis høge fjell, smale dalar og ein langstrakt kyst har bestemt kor ein har valt å busette seg. Naturen og arealtype fortset å legge premiss, med viktige omsyn kring naturmangfald, klimagassreduksjon, klimarisiko og jordvern.

Kva er karakteristisk med noverande arealbruk i Vestland, og korleis legg naturen forutsetningane for utbyggingsmønster både historisk òg i dag? Utbyggingsmønster følgjer elvane og fjordane, og klimaendringane fører til auka risiko for naturhendingar som flaum og ras, og gir restriksjonar på framtidig utbygging. Den følgjer òg den gode matjorda. For matsikkerheit og lokal verdiskaping framover blir jordvern viktig omsyn under sentrumsutvikling.

For ein berekraftig utvikling av sentrumsstruktur og lokalsamfunn, er god forståing av berekraftsmål, synergjar og målkonfliktar viktig. Dette temaet er relevant for alle tre berekraftsdimensjonane, men arealbruk og utbyggingsmønster er særskilt viktig for den miljømessige dimensjonen. Berekraftarbeid føregår ikkje ved å jobbe mot einskilte mål, men heller sette søkelyset mot synergiane og jobbe med fleire mål samtidig. I tillegg bør vi arbeide for å redusere målkonfliktane. Difor har vi her lagt fram tre forslag til både synergjar og målkonfliktar som blir viktig å arbeide med framover for å få til god sentrumsstruktur og berekraftig lokalsamfunnsutvikling.




Figur 16 Vestland – bratt kultur- og naturlandskap (VLFK)



## Noverande arealbruk

Vestland er eit fylke med variert natur og arealbruk, men kjenneteiknast med mykje fjell og utmark. I 2022 kan 45 prosent av arealet i Vestland kategoriserast som open fastmark (fig. 17). Dette er ein samlekategori for areal som ikkje er myr, skog, jordbruksareal, og busettingar. På andre plass har vi skog, som inkluderer både naturskog og produksjonsskog, med 27 prosent. Vestland har 3 prosent jordbruksareal, som inkluderer fulldyrka- og overflatedyrka mark og innmarksbeite. 1,7 prosent av fylket er busettingar. 1 prosent tilsvarar 339 km<sup>2</sup>. Et viktig poeng er at påverknad av arealbruk går utover det arealet som er brukt. Til dømes vil ein veg gjennom ei skog kunne påverke heile skogen, ikkje bere der vegen går. Det same gjeld myr, der utbygging ved sidan av myra kan påverke område 100 meter unna grunna endra vasstilførsel.



Figur 17: Prosent av Vestland sitt totale areal etter ulike arealtype. Vi har mest åpen fastmark, som består av nesten 45 prosent av det totale arealet vårt. Deretter kjem skog med 27 prosent (SSB, 2022c). Data frå før 2020 er delt mellom gamle Sogn og Fjordane fylke og Hordaland fylke. For å kunne forstå overordna utviklingstrekk i arealbruk har vi summert data per år per arealtype for dei to fylka.

## Vestlandsk bustad- og utbyggingsmønster


### Utbygging langs elvar, dalar og fjordar

Vestland er kjenneteikna ved ha ein todeling i busettingsmønster. 45% av Vestland sin befolkning bur i Bergen kommune, mens resten er spreidd i resten av fylke (SSB, 2022b).

Historisk har spreidd busetting dominert i distrikta. Gardsklyngar og klyngetun har fungert som små bygder, og var vanleg fram til jordskifte på 1800-talet<sup>59</sup>. Busetting i Vestland er lokalisert langs dalføre og ved kysten. Sjølve garden er ofte lagt til dalen, med seterdrift og utmarksbeite høgare i fjellet. I dag har hytteutbygging og friluftsliv i stor del overtatt aktiviteten frå seterdrifta i fjella.

Ofte er bygder oppstått i nærleik til elv og kyst. Det gir tilgang til ressursar som ferskvatn, fiske og matjord. Fjordane vart brukt som ferdselsåre, og var essensielt for handel og mobilitet. I dag fortset bygdene våre å vere lokalisert i dalføre, men mobilitet er sikra gjennom vegnett og infrastruktur på land. Likevel er hurtigbåtnett og ferjesambandet viktig for samferdsel på Vestlandet i dag.


<sup>59</sup> Store norske leksikon: [https://snl.no/Norge\\_-\\_bosettingsm%C3%B8nstersnl.no/Norge\\_-\\_bosettingsm%C3%B8nstersnl.no](https://snl.no/Norge_-_bosettingsm%C3%B8nstersnl.no/Norge_-_bosettingsm%C3%B8nstersnl.no)




Figur 18 Busetnad i delar av Vestland - markert med lilla i kart – tal frå SSB (2022) sjå heile fylket i [vedlegg 4](#)

### Buform

Det er klart flest einebustader i Vestland i dag, etterfølgt av bustadblokker (fig. 19). I 2022 bur 56 prosent av personar i einebustader, etterfølgt av 19 prosent i bustadblokk (fig. 19). Det er noko variasjon mellom kommunane. Til dømes bur 31 prosent i einebustad i Bergen kommune, mens 75 bur i einebustad i Alver kommune. Derimot bur 37 prosent i bustadblokk i Bergen, men berre 5 prosent bur i bustadblokk i Alver. Dette er eit døme på interkommunale forskjellar som viser korleis utbyggingsmønster og arealbruk varierer i fylket.



Figur 19 Fordeling av bustadtypar i delar av Vestland– tal frå SSB (2022) sjå heile fylket i [vedlegg 5](#)



Figur 20 Bustadtype for heile Vestland (SSB, 2023).

Figur 21 Prosent av personar som bur i ulike bustadtyper i Vestland i 2022 (SSB, 2022a).

### Byspreiing/sentrumsspreiing: status og utfordringar

Etterkrigstida kom med folkeauke og sentralisering, som førte til sterk vekst i byar og tettstader. Lenge var tettstadutviklinga prega av ineffektiv arealbruk, der tettstadane spreidde seg utover i det vi kallar by- eller tettstadspreiing, etter det engelske uttrykket *urban sprawl*<sup>60</sup>. Dette oppstår når arealbruksendringa og arealforbruket skjer raskare enn befolkningsveksten i ein tettstad og kjenneteiknast ved svak arealplanlegging, stort arealforbruk, lange avstandar mellom ulike samfunnsfunksjonar og eit bilbasert transportsystem. Likevel kan drivarane av tettstadspreiing vere mange og komplekse. Blant dei er:

- Økonomisk vekst
- Bustadpris
- Bustadpreferansar
- Eige og bruk av bil
- Dårleg kollektivtilbod
- Svak arealplanlegging
- Mangelfull gjennomføring av eksisterande planar

Tettstadspreiing er ein trussel mot jordbruksareal, men ofte finn ein matjord òg innafor tettstadgrensene. Om lag 80 prosent av areala i tettstadene blir brukt til busetnad, likevel kan ein finne mykje jordbruksareal i dei resterande 20% prosentane. Ein del ligg i ytterkanten av tettstadene, men mesteparten ligg som *øyer* blant bustader og vegar. Ei analyse gjort på dei gamle fylka viser at gamle Hordaland har eit areal på 10 km<sup>2</sup> med *jordbruksøyer*, mens gamle Sogn og Fjordane har 6,8 prosent av arealet i sine tettstader som jordbruksmark<sup>61</sup>. Sidan hovuddelen av matjorda som vert bygt ut mellom 2008 og 2015 er innafor tettstadgrensene, er tettstaden sitt utbyggingsmønster avgjerande for jordvern<sup>62</sup>.

Andre utbyggingsmønster som fører med seg større arealbruk og utslepp gjennom transport er såkalla satellittar. Dette er mindre utbyggingsområde i omland rundt tettstaden som skaper eit stort behov for køyring. Dette fører til utslepp av klimagassar frå transport og tek areal frå landbruket eller natur.

<sup>60</sup> Brueckner, 2000 Urban Sprawl: Diagnosis and Remedies <https://journals.sagepub.com/doi/10.1177/016001700761012710>


<sup>61</sup> Aune-Lindberg, 2017

<sup>62</sup> Groven, Hamre, Moberg og Selseng, 2021

Sidan 1990-talet har arealplanlegging snudd mot fortetting som ei løysing for berekraftig arealbruk i tettstader og byar. Fortetting betyr at eksisterande bygde område, til dømes bustadområde, får høgare utnytting ved at eit betydeleg tal nye bygningar førast opp innimellom eksisterande bygningar. Tettstadutvikling har gått frå å fokusere på arbeidsplassar, busetting og infrastruktur til å òg innhalda meir komplekse målsettingar rundt utsleppsreduksjon, folkehelse og berekraftige lokalsamfunn<sup>63</sup>. Meir kompakte byar og tettstader gjennom fortetting har godar som auka tilgjengelegheit til arbeidsplassar, service og kulturtilbod, samtidig som det brukar mindre jordbruks- og naturareal.

## Land- og skogbruk

Vestland er eit landbruksfylke, med lange og særeigne tradisjonar innan jordbruk og skogbruk. Det er registrert om lag 1.028.000 dekar jordbruksareal i Vestland, som er om lag 9 % av det nasjonale jordbruksarealet. Dette er fordelt på 483.000 daa fulldyrka mark, 121.000 daa overflatedyrka og 424.000 daa innmarksbeite (fig. 22). Vestland fylke er, saman med Rogaland, i særklasse når det gjeld den høge delen innmarksbeite (41,3 % av registrert, 37,5 % i produksjon) i jordbruksareala, noko som viser arven frå landskapet, historia og folkesetnaden gjennom tidene. Innmarksbeite er særleg utsett for omdisponering og nedbygging, då det vert tillagt låg verdi i eit produksjonsintensivt jordbruk. Ofte er det fyrst til å gå ut av bruk, og då det såleis vert tillagt låg verdi i utbyggingssamanheng. I den nasjonale jordvernstatistikken tel det likevel like mykje, dekar for dekar.



Figur 22 Prosent av landbruksareal i Vestland fordelt på fulldyrka- overflatedyrka mark og innmarksbeite (NIBIO Arealbarometer, 2022)

Det meste av jordbruksarealet (98,2 prosent) vert nytta til beite og grovforproduksjon til husdyrhaldet. Av 5.810 føretak driv heile 3.507, eller 60,4 prosent sauehald<sup>64</sup>. Desse står rett nok for berre 16,9 prosent av verdiskapinga, men òg for store delar av grovfordyrkinga (nærare 40 prosent) og det aller meste av kulturlandskapsrøkta og nyttinga av beiteressursane både i innmark og utmark.

Resten av jordbruksareala vert i hovudsak brukt til frukt og bærproduksjon (1,5 prosent) og noko potet- og grønsaksproduksjon (0,2 prosent). Dette utgjer heile 13,6 prosent av verdiskapinga i jordbruket i Vestland. I område tilhøyrande tidlegare Sogn og Fjordane er det noko grønsak- og potetdyrking spesielt i Lærdal. Indre Sogn og Hardanger har større område til dyrking av frukt og bær.

Likevel har talet på gardsbruk som dyrkar frukt og bær gått ned. Det har vore ein reduksjon i frukt og bærareal på 17 prosent i dei fleste kommunane rundt Hardangerfjorden, med unntak av Kvam. Nedgang har det òg vore rundt Sognefjorden, der vi ser ein reduksjon på 11 prosent. Her er unntaket Lærdal, som har ei auke i jordbruksareal. Langs Nordfjord, i Gloppen og Stryn har det òg vore ei stor auke i areal til frukt og bærproduksjon på 28 prosent<sup>65</sup>. Drifta i Vestlandslandbruket har gått ned mellom 2007 og 2019 med 3,8 prosent, men vi ser ei auke i storleiken på gjennomsnittsbuka.

<sup>63</sup> H. Hofstad, 2012; Compact city development: High ideals and emerging practices: <https://zenodo.org/record/5139751>

<sup>64</sup> NIBIO Arealbarometer, 2022 <https://kilden.nibio.no>


<sup>65</sup> Stokstad, 2020 Status og utvikling i jordbrukslandskapet på Vestlandet. NIBIO. <https://nibio.brage.unit.no/nibio-xmlui/handle/11250/2681939>

Det vestlandske skogbruket har forandra seg mykje dei siste 200 åra. Fram til 1900 talet var det lite skog i Noreg, da eksport, befolkningsvekst og intensivt beite førte til manglande skogressursar. På 50-talet var det ei stor satsing på skogreising, der tidlegare snaumark vart planta med produktiv skog, eller uproduktive skogar langs kysten vart tilplanta med meir produktive treslag<sup>66</sup>. Sidan 1920 har Noreg tredobla tømmer volumet. Dimensjonshogst og plukkhogst blei erstatta med flatehogst. I dag blir 91 prosent av den produktive hogsten i Noreg gjort med flatehogst<sup>67</sup>. I tillegg vert det meir aktiv forynging av hogstflater, då i hovudsak med norsk gran<sup>68</sup>

## Naturmangfald og karbonlagring

Karbonrike areal blir definert som naturareal som har særleg høg lagring av karbon i biomasse og jordsmonnet. I Noreg er mykje av karbonet lagra i økosystem som skog, fjell og våtmark (fig. 23), men lagringskapasiteten per areal er spesielt høg for naturtypene myr og høgbonitetsskog. Mange av desse naturtypene inneheld òg eit høgt naturmangfald med særeigne eller sjeldne artar. Til dømes lever 48 % av Noreg sine trua artar i skog, og av desse er 84 % knytt til gammalskog<sup>69</sup>. Gammalskog har eit høgt nivå av karbon i jordsmonnet, fordi karbonlageret aukar med tida etter kvart som meir CO<sup>2</sup> blir tatt opp via fotosyntese. Påverknad på habitat er rekna som den største drivaren av populasjonsnedgang for artar i Vestland.

### Karbon lagra i norske økosystem



Figur 23 Karbon lagret i norske økosystem. a) Totalt lagret karbon i norske økosystem og b) karbon i norske økosystem i Gg C per km<sup>2</sup>. Hentet frå (Kyrkjeeide et al., 2020).

Naturen gir gode i form av økosystemtenester. Dette er alt av verdi som naturen gir oss, ofte delt opp i fire kategoriar.

- **Nøkkeltenester** handlar om tenester som er naudsynt for at naturen skal overleve, som primærproduksjon og nedbryting av organisk materiale.
- **Konkrete tenester** er produkt vi kan hausta frå naturen som vann, mat, brensel og minerala. Det er gjerne denne vi ser på som direkte gode vi kan forbruke.
- **Regulerande tenester** er til dømes karbonlagring, flaumdemping frå myr og vegetasjon, samt vann- og luft reinsing. Denne gruppa forbinder vi gjerne med klimatilpassing.
- **Kulturelle tenester** som er ikkje-materiell. Den omhandlar kva vi får av naturen i form av kulturell-, intellektuell-, og spirituell inspirasjon samt friluftsliv og rekreasjon. Det at grøntområde gir glede og fremmer folkehelse, er kulturelle tenester.

Mange norske artar lever i habitat påverka av menneskjer, og er avhengig av skjøtsel. Døme her er kystlynghei og semi-naturleg eng. Desse vegetasjonstypene karakteriserast med rikt naturmangfald,

<sup>66</sup> Nygaard, 2021 Skogreising. Bærekraftig skogbruk i Norge. <https://www.skogbruk.nibio.no/skogreising>


<sup>67</sup> Kyrkjeeide et al., 2020 Karbonlagring i norske økosystemer <https://brage.nina.no/nina-xmlui/handle/11250/2655582>

<sup>68</sup> O. Hofstad & Soltani, 2022 Å treffe en bevegelig blink – om bærekraftig skogforvaltning i 100 år. <https://www.idunn.no/doi/10.18261/9788215062938-2022-02>

<sup>69</sup> Artsdatabanken, 2021b



der karplanter legg livsgrunnlag for pollinerande insekt, som blant anna er ein viktig ressurs i landbruket. Når desse areala ikkje får den skjøtselen den treng, gjennom endra eller nedlagt landbruk, får trer og andre skogsartar vekse fritt og fortrenger dei opphavelege artane. Dette kallast gjengroing, og er tilvekst av vegetasjon i tidlegare open mark. Ofte gjeld dette kulturlandskap og tidlegare beiteområde. Noko av gjengroinga er òg grunna planta skog og auka temperatur frå klimaendringane. Vi ser mest potensiale for gjengroing av jordbruksareal og open mark på kysten, i seterområde og i fjell (fig. 24). Det er kommunane som forvaltar og handhever skjøtsel og driveplikt (lovfesta ved [§8 i jordlova](#)), og driveplikta er viktig for å verne om og bruke matjorda vår.



Figur 24 Kart over deler av Vestland der dei raude merkene er kvar det er potensiale for gjengroing. Modellert gjennom forskingsprosjektet "Cultour" (Bryn et al., 2013), og publisert som kartlag i Kilden (NIBIO, u.å.).

## Vassforvaltning

Vestland fylkeskommune har [Regional vassforvaltningsplan 2022-2027 for Vestland vassregion](#)<sup>70</sup>. Planen bygger på vassdirektivet til EU, og set miljømål for alt vatn, både elvar, innsjøar, kystvatn og grunnvatn. Vestlandet sitt landskap med fjell og fjordar gir varierte vassdrag. Høgaste høgdegradient frå fjell til fjord ligg i indre strøk, medan fjella og vassdraga vert noko slakare og kortare ut mot kysten. Mange vassdrag er bratte og korte. Mellomstore vassdrag dominerer i indre strok, medan vassdraga vert kortare ut mot kysten. Kysten har og grunnare område med mange øyer, holmar, skjer.

Vestland har:

- 12 nasjonale laksevassdrag og 6 nasjonale laksefjordar.
- 57 vassdrag verna mot kraftutbygging (verneplan for vassdrag I, II, III, IV, S).
- 61 vassdrag som har eller har hatt eigen laksebestand (klassifiserte laksebestandar)<sup>71</sup>.

Utbyggingsmønster påverkar vassdrag ved å legge bekkelaup i rør, skape harde overflater som vatn ikkje trengjer igjennom og ved forureining. Vassdrag kan òg utgjere ein betydeleg klimarisiko i bygde område, blant anna ved flaum, overvatn og erosjon langs elvebredder.

<sup>70</sup> [www.vestlandfylke.no/Klima-og-natur/vassforvaltning/regional-vassforvaltningsplan-20222027-for-vestland-vassregion/](http://www.vestlandfylke.no/Klima-og-natur/vassforvaltning/regional-vassforvaltningsplan-20222027-for-vestland-vassregion/)

<sup>71</sup> Anon 2018

## Råd/forventingar til regional politikk:

Internasjonale og nasjonale føringar sett krav om ein ny retning i arealpolitikken. Utbyggingsmønster har mykje å seie for mobilitet og utslepp frå trafikk, og vil ha betydning for korleis vi vil handtere framtida sine klima- og klimarelaterte naturhendingar.

Eit berekraftig utbyggingsmønster set ramma for både sosiale forhold og økonomi, og legg til rette for ei heilskapleg utvikling. Berekraftige byar og lokalsamfunn er inkluderande, trygge, robuste og berekraftige. Utviklingsplanen i Vestland bygger på FN sine berekraftsmål som seier at innan 2030 skal alle ha tilgang til tilfredsstillande og trygge bustader og tenester, samtidig skal vi styrke innsatsen for å verne og sikre verdas kultur- og naturarv. Innbyggarane i desse lokalsamfunna skal ha god helse og livskvalitet og dei skal ha tilgang på sunn, lokal mat. Byar og lokalsamfunn skal ha ein infrastruktur som støtter oppunder lokal innovasjon og verdiskaping og er tilrettelagt for eit anstendig arbeidsliv for alle. Rein energi er tilgjengeleg for alle, og både innbyggarane og industrien er ansvarlege forbrukarar og produsentar. Alle desse måla har direkte samanheng med arealpolitikk, og kan ha målkonfliktar.

- **Stoppe nedbygging av karbonrike areal**

Vi har internasjonale forpliktingar. t.d. naturavtalen Montreal på toppmøtet COP15, forplikta oss til å stanse tap av naturmangfald og utslepp av CO<sup>2</sup> frå karbonrike areal. Noreg og verda har forplikta seg til å jobbe mot at 30 prosent av land og hav på jorda skal vernast innan 2030, og all natur skal forvaltast berekraftig. I tillegg skal 30 prosent av øydelagt natur restaurerast innan 2030 .

- **Vern av naturmangfald**

Behov for utbygging og vern av naturmangfald er ein velkjent målkonflikt som viser seg på fleire forvaltningsnivå. Vi har behov for busettingar, næringsareal, areal til produksjon av fornybar energi og landbruk. Samtidig treng vi velfungerande økosystem som gir økosystemtenester i form av blant anna klimatilpassing, karbonlagring, pollinering og trevirke. Ikkje minst har naturen ein eigen verdi og rett til å eksistere.

- **Samordna areal- og transportplanlegging**

Utbyggingsmønster som tettstadspreiing og satellittutbygging gir utfordringar knytt til arealbruk, ved at det tar areal frå jordbruk eller natur. I tillegg gir det klimagassutslepp ved at transport, bustad, handel, service og arbeidsplassar ofte er lokalisert frå kvarandre.

- **Fortett, transformer, gjenbruk og sambruk**

Sats på bygging i allereie utbygde areal for å hindre tap av natur og karbonrike areal. Det er store moglegheiter for å fortette i større og mindre stadar og byar, gjerne i tilknytning til kollektivknutepunkt. Vurder ny utbygging opp mot verdi av jordbruksareal innafor tettstadgrensa, og anna grønt areal som kan vere viktig for folkehelse og livskvalitet.

- **Klimatilpassing**

Utbygging som ikkje tar omsyn til klimarisiko og klimaframskrivingar har større sannsyn for å oppleve uønska hendingar som overvassproblemar, ras eller flaum. [Utviklingsplanen 2020-2024](#) har som mål 2: *Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling*. Dette gjeld òg utbyggingsmønster, og for å nå målet bør vi i større grad tenke langsiktig rundt klimarisiko, klimatilpassing og utsleppsreduksjon.

- **Medverknad**

Ta omsyn til sosiale behov som møteplassar, leikeplassar, varierte bustadtypar og grønstruktur. For å bidra til den miljømessige og sosiale dimensjonen ved berekraft er det viktig at fortetting skjer igjennom gode planleggingsprosessar og samarbeid mellom ulike aktørar. For å sikre trivelege bumiljø, bør auka tettleik kombinerast med høg kvalitet i utforminga av busetnad, byrom og utemiljø. Samtidig bør vi tenke langsiktig i planlegginga, og legge til rette for forventa endringar i demografi og klima.




# Kvalitet i omgjevnader

Arkitektur og formgjeving er reiskap for å oppnå berekraftsmåla og dei tre dimensjonane; klima- og miljø, den sosiale dimensjonen med fokus på god folkehelse, og dei økonomiske forholda. Alle desse områda som knyter seg til å utvikla gode, levande, inkluderande, trygge og sunne stadar å bu og leve i.

Kapittelet søker å syne kva rammer og verkemiddel vi har for ei god utvikling og gje nokre svar på korleis vi kan stø kommunane i inkorporere arkitektur og estetikk som del av samfunnsutviklinga framover. Korleis planlegg og bygge vi framtidens byar og tettstadar i Vestland?

Vi har eit fantastisk utgangspunkt i vestlandsnaturen. Når vi bygger nytt eller bygger om, stort eller lite, må vi spele på lag med landskapet og med lokale kvalitetar og tradisjonar. Fokus på arkitektur og formgjeving i planlegginga kan til dømes styrke stadtilhørsla og samhald, gjennom målretta satsing på gode møteplassar og kvalitet i offentlege uterom og bygg. Det handlar om å identifisere og vidareføre identitetsberarar i natur- og kulturarven, for å sikre felles verdiar. Det handlar om sikre natur- og kulturmiljø i og utanfor bygd areal, slik at vi bygg opp under det biologiske mangfaldet, tar vare på verdifull landbruksjord og samstundes legg til rette for rekreasjon og friluftsliv. Det handlar til slutt om energieffektivisering, sirkulærøkonomi og miljøvennleg materialbruk.

Det er i hovudsak eit lokalt ansvar å sikre kvalitet i dei bygde omgjevnadene, men lovverket og nasjonal og regional politikk gir viktige rammer. Regionale og kommunale planar skal setje mål og lage strategiar for den fysiske utviklinga.



Figur 25: Vik torg etter oppgradering (Vik kommune)

# Arkitektonisk kvalitet som verkemiddel for å nå samfunnsmåla

## Kva er arkitektur og kva er kvalitet?

Arkitektur er definert som våre menneskeskapte omgjevnadar som femner om både bygningar og anlegg, uterom og landskap. Det handlar om ein skilde bygg og bygningar i samspel, om heilskapen i byar, tettstadar og landskap.

Arkitektonisk kvalitet rommar ulike kvalitetsmessige aspekt ved dei bygde omgjevnadane. Vurderingar av kva som er god arkitektonisk kvalitet må ivareta fleire element. Plan- og bygningslova (pbl) nyttar ulike omgrep som legg føringar for arkitektonisk kvalitet, mellom anna estetisk utforming av omgjevnadane, visuelle kvalitetar, god arkitektonisk utforming og god byggeskikk. Statens arkitekturpolitikk er nedfelt mellom anna i stortingsmeldinga frå 2009; Arkitektur.Nå, som p.t. er under revidering<sup>72</sup>:

- **Estetisk utforming av omgivelsene** henspiller både på god utforming av bygde omgivelser, gode bomiljøer og ivaretagelse av kvaliteter i landskapet.
- **Visuelle kvaliteter** menes at bygg og anlegg gjennom sin form gir uttrykk for sin funksjon, og at andre visuelle kvaliteter skal være ivaretatt i prosjektering og utførelse, som samspill mellom volum og høyde, fasadeuttrykk med videre.
- **God arkitektonisk utforming** anvendes som et samlebegrep for integrering av visuelle kvaliteter, brukbarhet, funksjonalitet og universell utforming i utformingene av det enkelte tiltak.
- **God byggeskikk** benyttes om arkitektur forstått som gode bygde omgivelser.

[Teknisk forskrift kapittel 8](#)<sup>73</sup> definerer arkitektonisk kvalitet slik, med henvisning til pbl:

*Etter bestemmelsene i pbl. § 29-1 skal alle tiltak prosjekteres og utføres slik at de får en god arkitektonisk utforming. Begrepet arkitektonisk utforming anvendes som et **samlebegrep for integrering av visuelle-og funksjonelle kvaliteter**, det vil si god brukbarhet, mulighet for utsikt, dagslys mv. i utformingene av det enkelte tiltak og uteareal.*

*Etter pbl. § 29-2 skal alle tiltak prosjekteres og utføres slik at gode visuelle kvaliteter oppnås. Med dette menes at bygningen gjennom sin form gir uttrykk for sin funksjon og at andre visuelle kvaliteter skal være ivaretatt i prosjektering og utførelse, som **samspill mellom volum og høyde, fasadeuttrykk, riktige forhold mellom byggverkets enkelte deler og helheten, tiltakets tilpasning til landskapet og omgivelsene** (tiltakets fjernvirkning), **tiltakets tilpasning til terrenget** (tiltaket føyer seg etter mindre variasjoner i terrenget) **og i forhold til omgivelsene**.*

Kvalitet i bygde omgjevnadar er meir ein dei fysiske forholda - Korleis dei menneskelege ressursar i lokalsamfunnet har brukt staden og korleis dei tar den i bruk og gjer ein stad levande. Innhaldet i det som skjer på ein stad bør få like mykje fokus som det å forma staden. Derfor er medverknad viktig i slike prosessar.

Dei som bur i og dei som besøker staden er med på å gje plassen *kvalitet*. For å definere kvalitet i omgjevnad er det viktig å kartlegge dei menneskelege ressursane: kva institusjonar, organisasjonar, næringar, frivillige lag mm finnast.

<sup>72</sup> [www.regjeringen.no/globalassets/upload/kkd/kultur/rapporter-og-utredninger/kkd\\_arkitektur.naa\\_web\\_justert\\_pdf-utgave\\_sept09.pdf](http://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kkd/kultur/rapporter-og-utredninger/kkd_arkitektur.naa_web_justert_pdf-utgave_sept09.pdf)

<sup>73</sup> <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2008-06-27-71/KAPI> [https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2008-06-27-71/KAPITTEL\\_4-10#%C2%A729-7](https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2008-06-27-71/KAPITTEL_4-10#%C2%A729-7) TTEL\_4-10#%C2%A729-7

## Kvantitative versus kvalitative egenskaper ved arkitektur

I ein nyleg utgitt [rapport om arkitektonisk kvalitet i plan- og byggesak \(2022\)](#)<sup>74</sup> vert det operert med skilje på kvalitative og kvantitative eigenskapar ved vurdering av arkitekturen:

*En kvantitativ vurdering av arkitektur vil kun dreie seg om målbare egenskaper som eksempelvis høyder, farger, materialvalg, utbredelser, takvinkler, andel av og størrelse på lysåpninger og andre bygningsdeler, romlig inndeling etc. De kvalitative egenskapene berører den sanselige opplevelsen av arkitektur, og er i større grad definert av den enkelte betrakters personlige preferanser. Opplevelser, meninger og følelser i møte med arkitektur vil kunne variere fra person til person og kan i liten grad reguleres eller vurderes kollektivt. Kvalitative vurderinger av arkitektur vil likevel kunne baseres på bestemte yrkesregler, en bestemt praksis, eksempler, referanser eller forbilder som vil kunne gi mer generelle holdepunkter.*


Rapporten skil mellom tekniske, funksjonelle og estetiske kvalitetsaspekter:

- **Teknisk kvaliteter**, eksempelvis energibehov, miljøvennlighet, bestandighet, teknisk funksjonalitet mv.
- **Brukskvaliteter/funksjonelle kvaliteter**, eksempelvis tilgjengelighet, bokkvalitet, bruksfunksjonalitet, fleksibilitet mv.
- **Estetiske kvaliteter**, eksempelvis stedstilpasning, detaljering, romlighet, tidsmessighet, farge- og materialbruk mv.

Med teknisk kvaliteter menes målbare kvaliteter ved bygg og anlegg som energibehovet til bygget, kapasitet til å fordrøye overvann, andel gjenbruksmaterialer benyttet eller lavt karbonavtrykk i anleggs- og driftsfase. Tekniske kvaliteter er i hovedsak styrt av teknisk forskrift, men andre styringsverktøy kan være planbestemmelser og/eller sertifisering som [BREEAM](#), [FutureBuilt](#) etc. Vurderinger av teknisk kvalitet vil i all hovedsak være basert på en kvantitativ og objektiv vurdering (se figur 26 under).

Brukskvaliteter er hvordan bygg og anlegg fyller sin tiltenkte funksjon. Dette vil i stor grad måtte vurderes både kvantitativt og kvalitativt, og det er ofte ikke tilstrekkelig å gjøre rene objektive eller subjektive vurderinger. Selv om vi vet nok om for eksempel bokkvalitet til å kunne gi generelle, objektive vurderinger av en boligs funksjonalitet, vil òg beboerens personlige preferanser avgjøre om boligen vurderes som god og funksjonell. Brukskvalitet er på mange områder styrt av teknisk forskrift, og ofte av planbestemmelser. Det siste gjelder særlig brukskvalitet for utearealer og lekeplasser.

Estetiske kvaliteter er sanselige kvaliteter ved arkitekturen. Vurderingen av disse vil naturlig ligge på den kvalitative og subjektive enden av skalaen. Estetisk kvalitet kan til en viss grad styres av planbestemmelser i form av bestemmelser for materialvalg, farger, fasadeutforming etc. Plan- og bygningsloven § 29-2 er det mest hensiktsmessige styringsverktøyet, forutsatt at byggesaksavdelingen har tilgang på arkitektoniske kompetanse.



Figur 26 Illustrerer korleis kvalitetsomgrepet kan graderast frå kvalitativ til kvantitativt (2022, A-lab)

<sup>74</sup> Arkitektonisk kvalitet i plan- og byggesak, utarbeidet for Kommunal- og distriktsdepartementet, 2022: [www.regjeringen.no/contentassets/b5d515f5b199470f81db7f70ef5a09f9/arkitektonisk\\_kvalitet\\_plan\\_byggesak.pdf](http://www.regjeringen.no/contentassets/b5d515f5b199470f81db7f70ef5a09f9/arkitektonisk_kvalitet_plan_byggesak.pdf)

## Korleis vert arkitektonisk kvalitet heimla?

Krav om arkitektonisk kvalitet er nedfelt i føremålsparagrafen § 1-1 plan- og bygningslova:

*Loven skal fremme bærekraftig utvikling til beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjoner. I planlegging, det enkelte byggetiltak og bustader:*

- *prinsippet om universell utforming skal ivaretas*
- *hensynet til barn og unges oppvekstvilkår*
- *hensynet til estetisk utforming av omgivelsene*

Plansystemet og plankrava i plan- og bygningslova har som eit overordna mål å bidra til heilskapelege løysingar, langsiktighet og samfunnskønomisk effektivitet på alle forvaltningsnivå. Men sektorvise plankrav bidrar til å svekke den helhetlige, sektorovergrepande planlegginga etter plan- og bygningslova som er grunnlaget for kommunenes og fylkeskommunenes virksomhet, i følgje [rapporten frå 2022](#).

All planlegging etter Plan- og bygningslova skal etter § 3-1 (vår kommentar i klamme bak):

- *sette mål for den fysiske, miljømessige, økonomiske, sosiale og kulturelle utviklingen (felles mål)*
- *sikre kvaliteter i landskapet og vern av verdifulle landskap og kulturmiljøer (sikre det eksisterende)*
- *legge til rette for god forming av bygde omgivelser, gode bomiljøer og gode oppvekst- og levekår (sikre det nye - resultatet)*
- *fremme befolkningens helse og motvirke sosiale helseforskjeller, samt bidra til å forebygge kriminalitet (ønska effekt og konsekvens)*
- *reduksjon av klimagassutslipp og tilpassing til forventede klimaendringer (ønska effekt)*
- *fremme samfunnssikkerhet ved å forebygge risiko for tap og skade (forebygge konsekvens)*
- *legge til rette for helhetlig forvaltning av vannets kretsløp (forebgge konsekvens)*

Statlege forventingar frå 2023 er særskilt tydeleg til krav om kvalitet i utforming i forventing 23: *Kommunane bruker arkitektur som eit verktøy i samfunnsutviklinga og definerer lokale ambisjonar for arkitektur og byggjeskikk. Særpreg, kulturmiljø og viktige landskapstrekk ved stadene blir lagde vekt på i by- og stadutvikling.*

## By- og stadutvikling i eit regionalt perspektiv

Fylkeskommunen sitt arbeid med by- og stadutvikling er forankra i [Strategi for tettstadutvikling og senterstruktur for Sogn og Fjordane](#) og [Regional plan for attraktive senter i Hordaland](#). Desse styringsdokumenta gjev både ramar og handlingsrom for å planlegge og utvikla byar og stadar til det beste for innbyggjar, næringsliv og miljø. Som del av arbeidet deler vi kunnskap, erfaringar og metodar for å verne om og utvikle kvalitet i dei bygde omgjevningar digitalt på [nettsider](#)<sup>75</sup>, i samlingar og verkstader, gjennom tilskotsforvatning og dialog med kommunane, og gjennom fråsegn til planarbeid.

---

<sup>75</sup> [www.vestlandfylke.no/planlegging/by-og-stadutvikling/prosjekter-som-har-fatt-stotte-til-klima-og-folkehelsetiltak/](http://www.vestlandfylke.no/planlegging/by-og-stadutvikling/prosjekter-som-har-fatt-stotte-til-klima-og-folkehelsetiltak/)

I arbeidet med bygdeutvikling handlar det særskilt om å ta vare på og utvikla naturgitte, sosiale, kulturelle og menneskelege ressursar i bygdesamfunnet. Arbeidet blir gjerne retta mot næringsverksemd, produksjon av felles godar og eit godt sosialt miljø. Det gjeld å innarbeide ansvar og medvit i lokal og regional politikk, kommunalt arbeid, tenestyting og forvaltning.<sup>76</sup>

## Arkitektur og formgjeving som reiskap

Riksantikvaren sin [klimastrategi for kulturmiljøforvaltning](#) (2021-2030)<sup>77</sup> gir nokre svar på vår tid sine berekraftsutfordringar innanfor temaa bygde omgjevningar. Det er ikkje alltid at kvaliteten bli betre av å rive det gamle og bygge nytt. Ombruk av bygg og område kan både vere rimelegare, ha mindre klimagassutslepp og redusere ressursforbruket. Men, transformasjon og ombygging krev innsikt og god planlegging, og då kan det vere lettare å teikne frå grunnen av på eit *blankt lerret*.

Vi bur stadig tettare, og livet mellom husa blir enda viktigare - samtidig som vi står overfor den globale biodiversitetskrise. Stadane våre skal vere trygge, oppfordra til fysisk aktivitet, skapa nye møteplassar, og samtidig gi plass til biologisk mangfald.

Bergen kommune har vore offensive og nyskapande når det kjem til utforming av arkitekturpolitikk, og rammene for kva og korleis byen og bydelane skal utformast i framtida er nedfelt i kommunedelens arealplan og arkitekturstrategien *Arkitektur+*<sup>78</sup>. Den vart utarbeida av den nyoppretta Byarkitekt-etaten (2017), som skal i varena heilskapleg planlegging og kvalitet i utbyggingsprosjekt i regi av både kommunen og privat sektor.

Kommunal- og distriktsdepartementet sin [rapport](#) om arkitektonisk kvalitet konkluderer mellom anna med at PBL gir verktya, men at mange kommunar manglar kompetanse for å gjere gode vurderingar i sakshandsaminga. Eit av råda er difor til at det bør vera fleire føringar på byggesaksnivå.

### Mobilitet

Mange byar og tettstadar i Vestland er forma på bilen sine premiss, og det er mange plassar vanskeleg og utrygt å bevege seg i og gjennom til fots eller på sykkel. Andre stadar er det mykje lokal køyring fordi det er enklare, gjennom til dømes mykje areal avsett til parkering foran ulike målpunkt. Lokaltrafikk utgjør ei betydeleg kjelde til CO-utslepp og legg beslag på mykje verdifullt areal til *daude* flater.

Samordna areal- og mobilitetsplanlegging må gjere det mogleg, attraktivt og enkelt å sette frå seg bilen til kvardagslege ærend. Det senker CO<sub>2</sub>-utslepp frå bilbruk som gjev klimagevinst, styrker folkehelsa og gjev moglegheit for meir aktiv bruk av verdifullt areal. Parkering, utforming på infrastruktur, etablering av snarveg, vegetasjon, støy- og klimaskjerming har betydning for kor attraktivt det er å sykle eller gå. Fylkeskommunen sitt strategi for mjuke trafikantar seier korleis vi skal jobbe for å få fleire til å gå og sykle, sjå meir i [teksten ovanfor om mjuke trafikantar](#).

*Mange tettsteder har dessuten sterk kultur for bilkjøring og et for dårlig befolkningsgrunnlag for god kollektivtransport. Tilgangen på statlige midler er liten og det finnes ingen bompenger som kan finansiere kollektivløsninger og gang- og sykkelstier*, seier Marianne Knapskog, Transportøkonomisk institutt.<sup>79</sup>

---

<sup>76</sup> [www.vestlandfylke.no/narings-og-samfunnsutvikling/distriktsutvikling/](http://www.vestlandfylke.no/narings-og-samfunnsutvikling/distriktsutvikling/)

<sup>77</sup> Riksantikvaren sin klimastrategi for kulturminneforvaltning, 2021-2030: [www.digitalt.ra.no/riksantikvarens-klimastrategi-for-kulturmiljoeforvaltning-2021-til-2030](http://www.digitalt.ra.no/riksantikvarens-klimastrategi-for-kulturmiljoeforvaltning-2021-til-2030)

<sup>78</sup> Arkitekturstrategi for Bergen: Arkitektur +

<sup>79</sup> [www.forskning.no/baerekraft-de-regionale-forskningsfondene-land-og-regioner/norske-smabyer-far-oppskrift-pa-hvordan-de-kan-bli-mer-attraktive-og-klimavennlige/1928228](http://www.forskning.no/baerekraft-de-regionale-forskningsfondene-land-og-regioner/norske-smabyer-far-oppskrift-pa-hvordan-de-kan-bli-mer-attraktive-og-klimavennlige/1928228)

## Klima og naturmangfald

For å lukkast med ei berekraftig utvikling er det naudsynt med løysingar som løyser fleire utfordringar på ein gong, og ikkje bidrar til å skape nye. I åra som kjem må vi finne løysingar for å takle klimaendringane. Grunnleggande for å skape klimarobuste samfunn er å sikre robuste økosystem og naturmangfald. Eit viktig tiltak nedfelt i regional plan for klima, vil vere å unngå nedbygging og bevare økosystem som kan dempe effektar av klimaendringar<sup>80</sup>.

Skal Norge nå sine mål om klimakutt, må ombruk vera hovudregelen. I utbygging- og transformasjonsprosjekt må det vere større fokus på verdi bevaring, og forsterking av kulturmiljø kan skape. Gjennom arkitekturopprøret ser vi ein større medvitnad blant innbyggjarar som slår ring om eksisterande busetnad fordi den ofte har verdi for identiteten og atmosfæren ved staden. Og fagstanden har komen langt i å utforske og syne korleis vi på ein god måte kan transformere eksisterande bygg, teknisk, funksjonelt og estetisk. Men bransjen manglar insentiv for å transformere dette opp i ein større skala, og gjere det til ein del av den ordinære praksisen.

## Naturbaserte løysingar

Naturen er avgjerande for å gjere oss robuste i møte med klimaendringane. Naturbaserte løysingar er eit samleomgrep for løysingar for klimatilpassing som tek i bruk naturen. Dette er òg løysingar som baserer seg på bruk av, eller restaurering av, eksisterande naturtypar og økosystem, eller etterliknar desse (eks. blågrøne strukturar). Vi tek i bruk naturen si eiga evne til å m.a. ta opp vatn, dempe flaum og hindre skred. Det kan òg vere konstruerte løysingar som grøne tak og veggjar, eller at vi tek i bruk skog som vern mot naturskade som skred, steinsprang og skadeflaum (verneskog).

I Vestland vil løysingane for å handtere auka nedbørsmengder og overvatn vere spesielt viktig. Bruk av naturbaserte løysingar har mange positive tilleggseffektvar, i tillegg til karbonopptak og hindre flaum. Naturbaserte løysingar bidreg med ein helsegevinst, rein luft, trivsel og gode nærmiljø, dei kan vere bra for pollinerande insekt, er ein arena for fritidsaktivitet og er difor viktig for ei berekraftig utvikling av tettstadane våre.

Naturbaserte løysingar i bygde område for å handtera auka vassmengder og flaumfare, er meir vanleg dei siste åra. Underdimensjonert leidningsnett er ei årsak til at fleire kommunar vel opne løysingar for bekkar og elver, ved fornying og oppgradering av infrastruktur som skal leie overvatn. Bergen kommune er føregangskommune i landet på [naturbasert flaumhandtering](#)<sup>81</sup>, der naturbaserte løysingar er ein integrert del VA-normen for kommunen. Meirverdi: positiv verknad på folkehelse og trivsel om god utforming og material vert vektlagt i planlegginga. Forsking syner at lommeparkar og liknande område i tettbygde strøk, kan ha stor verdi for det biologiske mangfaldet sjølv om arealet er avgrensa.

---

<sup>80</sup> [Regional plan for klima 2022-2035](#)

<sup>81</sup> [Bergen kommune, Flomforebygging: www.bergen.kommune.no/hvaskjer/tema/overvann-og-klimatilpasning/flomforebygging](http://www.bergen.kommune.no/hvaskjer/tema/overvann-og-klimatilpasning/flomforebygging)





Figur 27 Kombinert styrtregnsbasseng og ballbane i København (VLFK)

### Bit for bit-planlegging versus områdeplanlegging

Klimaomstilling av samfunnet inkluderer omstilling både av energibruk og energiproduksjon og klimafotavtrykket til prosessane enten det er nybygg eller omforming. Gjennom enkeltprosjekt og fragmentert planlegging kan det skje at viktige omsyn og løysingar ikkje er mogeleg å gjennomføre. Men, om vi heller planlegg for utvikling av nye eller omforming av eksisterande område, og ser større område under eitt, vil det vere større sjanse for at kostbare betre løysingar kan gjennomførast. Døme: Fjernvarme, innkjøp av fossilfri anleggsmaskiner og lading av dette. Trugselen er at vi jobbar litt her og litt der, i staden for å sjå fellesløysingane for eit større område. Eks. Fellesareal, energiløysingar, sirkulære løysingar.

I planlegging og utforming av bygg, gater, infrastruktur, nabolag og bydelar er det naudsynt å sikre at området toler vêr og vind, og ikkje minst toler ekstremhendingar og klimaendringar generelt. Kvalitet i omgjevnadane våre er og å inkludere/integrere funksjonar som både toler meir nedbør, havnivåstiging, stormflo, ras og flaum, og tørke, m.m. Dagens og framtidens vêr og klima kan vere ein trugsel dersom det ikkje vert teke omsyn til i planlegging og utvikling av omgjevnadane våre.<sup>82</sup>

### Folkehelse og kultur

Vi legg til grunn [Handlingsprogram folkehelse 2022-2025](#) i *Regional plan for folkehelse*:

Den nye regionale planen for kultur i Vestland har tittelen *Kultur bygger samfunn!*. Her vert det framheva at kultursektoren sit med mange løysingar innan møteplassar, inkluderande aktivitet og demokratibygging. FN sitt berekraftsmål 17 – samarbeid for å nå måla er sentralt. Det same er inngangen til sosial berekraft, med haldninga om at ingen skal utelatast.

Å satse på kultur handlar om å fjerne tersklar for deltaking, styrke den kulturelle grunnmuren i lokalsamfunna, og å ha eit godt tilbod av arenaer der folk kan møtast og samarbeide. Kultur kan stimulere til nyskaping og innovasjon, og i særleg grad fremje mangfald og deltaking. Samhandling mellom privat og offentleg sektor og sivilsamfunn er ein føresetnad for å nå dette.

### Levekår, livskvalitet og levealder

Vestlendingane har som befolkninga elles i Noreg generelt gode levekår, livskvalitet og levealder. Folkehelseoversikten for Vestland 2023 – 2027<sup>83</sup> har identifisert fire hovudutfordringar for folkehelsa i fylke:

- Sosial ulikskap i helse

<sup>82</sup> [Klimaprofil Sogn og Fjordane](#) og [Klimaprofil Hordaland](#)

<sup>83</sup> <https://www.vestlandfylke.no/folkehelse/kunnskapsgrunnlag/oversikt-over-folkehelsa/>



- Demografiske endringar
- Psykisk helse og livskvalitet
- Klimaendringar

Samtidig som den generelle fysiske kvardagsaktiviteten går ned blant befolkninga, er einsemd eit aukande problem. Til tross for at befolkninga kjem stadig tettare på kvarandre i byar og tettstadar så er inaktivitet og sosial isolasjon ei utfordring.

Våre bygde omgjevnader legg rammer for korleis kvardagsaktivitetane i befolkninga utøvast. Dette kan igjen virke positivt eller negativt på korleis menneskje samhandlar. Det er altså nær samheng mellom utforminga av det bygde nærmiljøet og aktivitetsnivået i befolkninga, både fysisk og sosialt. Vestland er svært prega av ulike årstider med ulik vêrforhold og temperaturar. I store delar av året kan det vere utfordrande for mange å kome seg ut. Derfor er det òg viktig å ha fokus på våre omgjevnadar i eit heilårsperspektiv for å kunne legge til rette for god folkehelse.

Eit fokus på universell og aldersvennleg samfunnsplanlegging som tek ansvar for sosial omgang og aktivitet kan bidra til utjamning av sosial ulikskap, men òg førebygge einsemd og utanforskap. Viktige kvalitetar som tek utgangspunkt i samspelet mellom bustadar, næringsliv, kulturtilbod, og offentlege tenester, som til dømes kollektiv, vil bidra til auka oppleving av eit trygt og tilgjengeleg samfunn, aktiv mobilitet og klimavennelege nærmiljø.

Ein ambisjon for å skape eit aldersvennleg samfunn må vere at alle kan delta på lik linje – uavhengig av funksjonsevne eller alder. Og vidare ei haldning om at ei løysing som er naudsynt for nokon, ofte vil vere bra for alle i tillegg.

Dei fleste kommunar har høge krav til sosial berekraft gjennom mellom anna kommuneplanen sin samfunnsdel. Vi har ikkje felles definisjonar eller forskrifter for kva sosial berekraft er eller korleis det kan oppnåast, langt mindre målast eller dokumenterast. Resultat er at diskusjonane om samfunnseffektar held seg på overordna nivå og stort sett dreier seg om vage målformuleringer, og mange gode moglegheiter for innovasjon og samfunnsmessig meirverdi går tapt.

Dei bygde omgjevnadane kan spele ei stor rolle for å løyse folkehelseutfordringane vi står ovanfor i dag. Men vegen fram til ein faktisk folkehelseeffekt på samfunnsnivå må gå gjennom å sørge for at dei moglegheitene som dukkar opp i alle dei enkeltprosjekt som planleggast og byggjast rundt om i landet, ikkje går til spille. Dette er innovasjonsarbeid, og det krev godt formulerte oppdrag, klare mandat og bevisst innsats.

### **Demografisk utvikling – eldrebølga**

Samansetninga i befolkninga i Vestland er i endring. I 2032 har Vestland fleire personar på 65 år eller eldre enn barn i alderen 0-19 år. I 18 av Vestland sine 43 kommunar er det allereie fleire eldre enn barn. Dei eldre er ei mangfaldig gruppe, og det er ulike utfordringar og moglegheiter knytt til dette. Vi kallar det aldersvennleg stadutvikling, men målet er å skapa eit samfunn som er godt for alle, både eldre og yngre. Skal vi lukkast med det må vi skapa gode nærmiljø som inkluderer og engasjerer. Vi treng fysiske miljø som legg til rette for aktivitet og møte mellom menneske, på tvers av alder, interesser og funksjonsnivå.<sup>84</sup>

### **Kulturarv og kulturmiljø**

Vestland har mykje vakre landskap, kulturmiljø og kulturminne som kan byggast vidare på.

---

<sup>84</sup> Håndbok aldersvennleg stedsutvikling, Norske arkitekters landsforbund, 2019. [www.distriktsenteret.no/wp-content/uploads/2021/03/Aldersvennlig-stedsutvikling-handbok.pdf](http://www.distriktsenteret.no/wp-content/uploads/2021/03/Aldersvennlig-stedsutvikling-handbok.pdf)

I byar og tettstadar ligg spor etter historie og samfunnsutvikling i form av gatenett og eigedomsstruktur, bylandskap, bygningar og bygningsmiljø. Kulturmiljø gir ei oppleving av kontinuitet, skapar sjølvforståing og identitet. Stadanalyse er ein god måte å synleggjere det historiske grunnlag for å kunne ta vare på og bygge vidare på verdfullt kulturmiljø i tettstader.

I overgangen til ein meir sirkulær økonomi er ombruk av eksisterande bygningar og tradisjonshandverket med kunnskap om istandsetting, reparasjon og ombruk av kortreiste materialressursar viktig å løfte fram.

### **Kulturliv<sup>85</sup>**

Tilgangen til tenlege arenaer er ein føresetnad for eit aktivt kulturliv. Idrett, friluftsliv, og frivillige og profesjonelt kulturliv treng fysiske arenaer i byar, tettstader og lokalsamfunn. De er avgjerande for graden av aktivitet. Fleirbruk, sambruk og deling av ulike arena mellom det profesjonelle og frivillige kulturlivet kan styrke kvarandre gjennom felles arenaer og auke samhald, fellesskap og læring.

Grunnskulane og dei vidaregåande skulane er i ulik grad møtestader og arenaer for fritidsaktivitetar. Bruk av desse arenaer utanfor skuletid er god samfunnsøkonomi og skulebygg må planleggast og driftast ut i frå det. Fleire av dei vidaregåande skulane rommar gode kultursalar og folkebibliotek, slik at sivilsamfunnet har nytte og glede av desse.

Det er viktig at kommunane legg til rette for dei meir uformelle møtestadane og det uorganiserte kulturlivet. Dette senker barrierar og kan bidra til eit meir mangfaldig samfunns- og kulturliv. Regionsentera har eit særleg ansvar for å ha regionale kulturtilbod og styrking og utvikling av velfungerande regionale kulturhus er viktig i denne samanhengen. Tilgang til sosiale møteplassar og nærfriluftsområde som ein kan nå utan bruk av bil eller buss har stor tyding.

Vestland fylkeskommune har ei satsing på [Nyskapande aktivitetsanlegg](#), som skal stimulere til å utvikle og bygge enkle, lokale møteplassar med varierte og attraktive lågterskeltilbod for fysisk aktivitet. Desse skal vere nyskapande i funksjon, organisering og aktivitetar og tek utgangspunkt i lokalmiljøa sine behov innan idrett og fysisk aktivitet. Dette er eit kompetansedelingsprosjekt der kommunar, arkitektar og andre deltek for å utvikle dette i kommunar og tettstader rundt om i fylket.

### **Utfordring - Universell utforming**

Proba samfunnsanalyse ferdigstilte i 2023 [ei kartlegging<sup>86</sup>](#) av tilstand av temaet universell utforming i Vestland. Her konkluderer dei med at status på universell utforming synast å vera svak på dei fleste område, men tilstanden er svakast på uteområde, det gjeld både tettstader og friluft, og for kollektivtilbodet. For uteområde visar datamaterialet at parkeringsområde, gang- og sykkelveggar og tilkomst til bygg og til kollektivtilbodet ofte er lite universelt utforma.

Gjennomgangen av litteratur og tilgjengelege kjelder syner at det er betydelege utfordringar knytt til å nå mål om universell utforming i Noreg. Det er grunn til å tru at dei fleste av desse òg gjeld Vestland. På fleire samfunnsområde manglar ein derimot kunnskap for å seia noko sikkert om tilstanden på universell utforming, inkludert IKT, transport, bygg, bustad, uteområde, produkt og tenester. Kunnskap om utforming av skulebygg og tannklinikkar i Vestland er forholdsvis god, men kunnskapen er klart betre knytt til bygg i tidlegare Hordaland.

Barrierane for deltaking heng ikkje aleine saman med den fysiske utforminga. Til dømes er truleg mangel på universell utforming av heile reisekjeder i kollektivtilbodet ei viktig barriere for mange, men

---

<sup>85</sup> Regional plan for kultur 2023-2035: [www.vestlandfylke.no/kultur/regional-plan-for-kultur-idrett-og-friluftsliv/](http://www.vestlandfylke.no/kultur/regional-plan-for-kultur-idrett-og-friluftsliv/)

<sup>86</sup> [www.vestlandfylke.no/globalassets/statistikk-kart-og-analyse/rapportar-og-analysar/proba-rapport-2023-3-tilstandsrapport-om-universell-utforming-i-vestland.pdf](http://www.vestlandfylke.no/globalassets/statistikk-kart-og-analyse/rapportar-og-analysar/proba-rapport-2023-3-tilstandsrapport-om-universell-utforming-i-vestland.pdf)

barrierar for å nytta seg av tilbodet heng òg saman med kor ofte det er avgangar. Folkehelseundersøkinga i Vestland syner at befolkninga si vurdering av tilgjenge på ulike samfunnsområde ikkje først og fremst kan forklarast av mangel på universell utforming.

Det er manglande tilbod, avstandar og transport, samt kostnadar som vert vektlagt. Små forskjellar i vurdering av tilgjenge mellom dei med og utan funksjonsnedsetting styrkar denne konklusjonen. Vi har ikkje grunnlag for å sei kor viktig den enkelte barriere for ulike utfallsmål, til dømes psykisk helse, sosial deltaking eller livskvalitet. Folkehelseundersøkinga i legg derimot betre forutsetningar for å vurdere slike samanhengar.

## Metodikk - innsatsområde og verkemiddel

### **Kartlegging, analyse og mogleighetsstudie**

Vestland har mykje vakre landskap, kulturmiljø og kulturminne som kan byggast vidare på. Landskap og byggeskikk skil seg frå innland til fjord, og frå nord til sør, så det kan vere utfordrande å lage kriterier for kvalitet og stadtilpassing. Men attendemelding frå og erfaring med stadutviklingsarbeidet i Vestland syner at det kan vere avgjerande for kommunane at fylkeskommunen støyr opp kommunane i einskilde utviklingsprosjekt med prosessrådgjeving og/eller økonomisk bistand. Kommunane har etterlyst at vi lager rettleiingsmateriale for prosjektutvikling og planarbeid knytt til by- og stadutvikling, som bygger på etablerte malar og metodikkar som til dømes stadanalyse.

For utviklingsprosjekt i område med stor kulturminneverdi, rår vi ofte til at kommunane / utviklarane nyttar DIVE<sup>87</sup>; eit analyse- og prosessverktøy for bruk i arealplanlegging, konsekvensutgreiingar, kulturminneforvaltning, utvikling av kulturminne planar med meir. Analysemetoden er spesielt eigna til å synleggjere kulturmiljø sine kvalitetar, mogleigheter og handlingsrom i by- og stadutvikling.

Ressurskartlegging på tidleg stadium kan og avdekke lokal kompetanse i lokalsamfunn som kan vere verdifulle bidragsytarar i etablering og/eller drift av anlegg/byrom/bygg. Kartlegging av tilgjengelege menneskelege ressursar, institusjonar, frivillige aktørar mm, i tillegg til næringsliv. God forankring gjennom styrte medverknadsprosessar i tidlege fasar som inkluderer ikkje-materielle kvalitetar i lokalsamfunn, vil kunne skape ringverknader og synergjar som får verdi for langt fleire enn målgruppa ved oppstart.

Eit [mogleighetsstudium](#) er ei tidlegfase-utgreiing som får fram nye idear og viser potensiale for ein eigedom, eit område, eit tettstad eller ein by<sup>88</sup>. Mogleighetsstudiet vert omtalt på fleire måtar, gjerne og som konseptutvalsutgreiing, utviklingsutgreiing og alternativvurdering. I denne fasen kartlegg vi ulike føringar og utviklar dei første ide-skissene for moglege løysingar.


Parallelloppdrag er ein open prosess der fleire konsulentteam arbeider parallelt med å sjå på utviklingsmogleighetene i eit område. På den måten kan oppgåva bli gjort synleg frå fleire synsvinklar samtidig. Til det bruker vert det ofte brukt 2-4 aktørar. Det blir ikkje kåra nokon vinnar i parallelloppdrag, men ein eller fleire av deltakarane kan få etterfølgande utgreiingsoppgåver, forutsett at det er lagt inn som opsjon i anskaffinga. Slik kan eit eventuelt oppfølgingsoppdrag avgrensast til teama som har vore del av parallelloppdraget.

---

<sup>87</sup> [www.riksantikvaren.no/veileder/dive-kulturhistorisk-stedsanalyse/](http://www.riksantikvaren.no/veileder/dive-kulturhistorisk-stedsanalyse/)

<sup>88</sup> [www.regjeringen.no/no/tema/kommuner-og-regioner/by\\_stedsutvikling/verktoy\\_ressursmiljoer](http://www.regjeringen.no/no/tema/kommuner-og-regioner/by_stedsutvikling/verktoy_ressursmiljoer)

I Vestland har fleire kommunar, som til dømes Øygarden kommune i prosessen med å skape framtidsscenario for Straumevatnet, engasjert [Bylivssenteret](https://www.arkitektforbundet.no/om-nal/bylivssenteret/)<sup>89</sup> til å leie prosessen, mens fylkeskommunen har deltatt i juryarbeidet saman med kommunen, og vurdert arbeidet til dei innkomne forslaga.



Figur 28 - Utdrag frå parallelloppdrag for Stovevatnet, Straume. (Vill arkitekter)

### Småskala urbanisme

Småskala urbanisme, eller mikrourbanisering er ei strategisk stadutvikling med særskilt fokus på sentrum der offentlege aktørar, næringsliv og frivilligheit samarbeider om å innføra urbane kvaliteter.

I Transportøkonomisk institutt (2023) vert det presentert ein [eksempelsamling](#)<sup>90</sup> med 10 case med stor aktivitet for å gjera sentrum meir attraktivt og levande ved å samlokalisera ulike funksjonar, bygge bustadar og uterom. Dei konkluderer med at rådhus, skulebygg, kulturhus eller idrettsanlegg ofte er viktige for samlokalisering av mange typar aktivitetar. Casane viser og at kommunane sin eigen innsats er avgjerande for stadutvikling og *mikrourbanisering*, både for arbeidsmåtar og tiltak. Deltaking i FOU-prosjekt og erfaringar frå andre kommunar er viktig for å få kunnskapsgrunnlag på

<sup>89</sup> <https://www.arkitektforbundet.no/om-nal/bylivssenteret/>

<sup>90</sup> [www.regjeringen.no/contentassets/b8c6c4c058764f6dba993a31d38c691d/mikrourbanisering-pa-norsk-eksempelsamling-toi-rapport-1947\\_2023.pdf](https://www.regjeringen.no/contentassets/b8c6c4c058764f6dba993a31d38c691d/mikrourbanisering-pa-norsk-eksempelsamling-toi-rapport-1947_2023.pdf)

plass og for val av tiltak lokalt. Kva som er mikrourbanisering og rett type tiltak, er avhengig av den lokale konteksten. Føresetnad for å få dette til er at det vert satsa på sentrum.

### **Tilskotsordningar**

Vestland fylkeskommune har fleire tilskotsordningar som støttar opp om kulturminne- og -liv og som kan bidra til å skape levande lokalmiljø og omgjevnad med kvalitet, [sjå utdjupande info om desse](#) i kapittelet om *lokalisering av arbeidsplassar, tilbod og tenester*. [Tilskot til berekraftig samfunnsutvikling](#)<sup>91</sup> er ei samordning av tilskotsordningar for fagområda klimaomstilling, folkehelse og by- og stadutvikling. Føremål med ordninga er å støtte opp om prosess- og utviklingsarbeid i kommunane sin innsats for å styrke lokalsamfunn, gode kvardagsliv og like moglegheiter for alle.<sup>92</sup> Kvalitet i omgjevningar vert fremma i utlysing og sett som vurderingskriterium, og målet er at nokre prosjekt kan utforske korleis god utforming kan gje meirverdi ved å gjere anlegg, byrom og bygg meir tilgjengelege og attraktive.

## Samarbeid og partnerskap – særskilt relevante

### **Mobilisering i fylkeskommunal regi**

[LivOGLyst](#)<sup>93</sup> (LOL) er eit program og nettverk for dei som ønskjer å vidareutvikle lokalsamfunnet sitt. Eit LOL-prosjekt skal legge til rette for at alle som bur i området, får høve til å bidra. Føremålet med c er å styrkje lokalsamfunnet i brei forstand; styrkje lokal identitet, lysta til å bu og lokalt næringsliv. Frivillige organisasjonar kan søkje om å bli tatt opp i programmet som og gjer rett til økonomisk tilskot.

Programmet mobiliserer dei som bur i eller har tilknytning til ein gitt stad. Det gjer ein gjennom å samla folk på tvers av alder og andre sosiale skilnader og saman peike ut ein veg mot eit meir levande og inkluderande nærmiljø. Næringsutvikling kan vere ein del av dette, og samarbeid med kommunen er avgjerande.

### **Nettverk**

[By- og stadutvikling Vestland \(BYSV\)](#) er eit nettverk som har både interne og eksterne møter, verkstader og studieturar. Vestland har mange interne faggrupper og er ein stor region geografisk, og forumet er ein arena for samhandling på tvers. Føremålet var då det starta opp i 2017 å orientere kvarandre på tvers om kva som rør seg av prosjekt, planar og prosessar i byane og tettstadane våre, i regi av Vestland fylkeskommune, men er no òg ein stad for fagleg oppdatering og nettverksbygging. Distriktssenteret deltek fast i gruppa, og kommunane er tidvis kobla på.

[Samfunnsdelen som styringsverktøy](#) har vore eit 2-årig prosjekt i samarbeid med KS, der ulike tema knytt til utarbeiding av samfunnsdelen som eit godt styringsverktøy har vore i fokus. Om lag 13-14 kommunar i fylket har deltatt i det. Det er i skrivande stund usikkert om prosjektet vert vidareført no når ein går inn i ein ny politisk periode, med mogleg fleire samfunnsdel revisjonar.

[Mentorordninga](#) er eit nettverk som er delvis finansiert av KS, men vert drive av fylkeskommunen. Her deltek i utgangspunktet nye planleggarar, men òg meir erfarne, har deltatt i denne ordninga. 4 meir erfarne planleggar deltek som mentorar, og er tilgjengeleg for deltakarkommunane òg mellom

<sup>91</sup> [www.vestlandfylke.no/planlegging/by-og-stadutvikling/prosjekter-som-har-fatt-stotte-til-klima-og-folkehelseiltak/](http://www.vestlandfylke.no/planlegging/by-og-stadutvikling/prosjekter-som-har-fatt-stotte-til-klima-og-folkehelseiltak/)

<sup>92</sup> Oversikt over fylkeskommunale tilskot: [www.vestlandfylke.no/tilskot/](http://www.vestlandfylke.no/tilskot/)

<sup>93</sup> [LivOGLyst for lokalsamfunnsutvikling - Vestland fylkeskommune](#)



samlingane. Tema som vert tatt opp er i hovudsak med utgangspunkt i det som vert spela inn som aktuelt frå deltakarane.


### Bygdevekstvtalar<sup>94</sup>

Bygdevekstvtalar skal bidra til busetting, tilgang på kompetent arbeidskraft og framtidsetta næringsutvikling i Distrikts-Norge. Målgruppa for ordninga er dei minst sentrale distriktskommunane med sentralitet 5 og 6. 4 kan og bli inkludert, men då i samarbeid med kommune(-ar) i 5 eller 6. Departementet oppmodar til samarbeid mellom kommunar. Kommunane må ha ein felles ambisjon om å ta tak i felles utfordring(ar) og moglegheiter. Kommunal- og distriktdepartementet (KDD) har lyst ut 15 millionar kroner til utviding av ordninga med bygdevekstvtalar, og opnar for nye prosjekt til å prøve ut ordninga som nytt distriktpolitisk verkemiddel. I 2023 har Sollund og Fedje kommune søkt saman om å få etablert ei bygdevekstvtale for deira område.

### Tettstadpakkar

Ein tettstadpakke kan fremja ei heilskapleg løysing for samordning av areal-, transport- og sentrumspolitikk for mindre norske tettstadar i form av ein politikkpakke på tvers av administrative nivå<sup>95</sup>. Det inneber ein metodisk måte å jobbe med sentrumsutvikling på og å organisera arbeidet. Pakkane baserer seg på kommunen sine overordna mål og vedtatte planar, men krev og at det vert tatt eit heilskapleg grep og at det vert introdusert tiltak som bygger opp under dette.

Tettstadpakkane er utarbeida gjennom forskningsprosjektet [Tettstedpakker for attraktiv, inkluderende og klimavennlig stedsutvikling](#),<sup>96</sup> i regi av Transportøkonomisk institutt (TØI). Det er fleire tettstadar i Vestland med mellom 2400 og 5200 innbyggjarar som vil kunne ha nytte av å utforske tettstadpakke som verkemiddel, og det er alt utarbeida forslag til tettstadpakkar for tettstaden Stryn i Vestland.



Figur 29 - Dei fire emneområda i ein tettstadpakke

### Kvardagsreisa

Dei bygde omgjevnadane gjev både moglegheiter og avgrensingar i samfunnsutviklinga. Kvaliteten på omgjevnadane har innverknad på trivsel og bruk, og kan skapa sosiale, miljømessige og økonomiske verknader. Midlertidige, enkle tiltak kan gje innsikt i korleis vi kan nytta moglegheitene i tidleg fase av byggeprosjekt for å utvikle bygde omgjevnadar med ein større samfunnseffekt. Design og arkitektur Norge (DOGA) samarbeider med kommunar og fylkeskommunar og med andre aktørar

<sup>94</sup> [www.regjeringen.no/no/tema/kommuner-og-regioner/regional-og-distriktpolitikk/bygdevekst/id2920386/](http://www.regjeringen.no/no/tema/kommuner-og-regioner/regional-og-distriktpolitikk/bygdevekst/id2920386/)


<sup>95</sup> Tønnesen m. fl. 2022

<sup>96</sup> <https://www.toi.no/tettstedspakker/>

for å realisere [pilotprosjekter](#)<sup>97</sup> med fokus på folkehelseeffekten av de bustadnære bygde omgjevnadane. I Vestland er Austevoll ein av pilotkommunane, som delte sine erfaringar i eit digitalt webinar/workshop VLFK arrangerte i samarbeid med Doga 9. mars med ei rekkje Vestlandskommunar som deltakarar.

### Gnist - designdrive innovasjon<sup>98</sup>

[GNIST](#)<sup>99</sup> er eit innovasjonsprogram for nærings- og stadutvikling forvalta av DOGA. Programmet er for alle kommunar, og ein del av staten sine verkemiddel for innovasjon. Fylkeskommunen føl opp kommunar i søknadsprosess og i prosjektet seinare. I 2022 deltok 3 vestlandskommunar i fellesskap med utfordringa *Fremtidens bærekraftige bygdeturisme*. I samarbeid med rådgjevarselskapet Lokalt Byrå m.fleire så utvikla dei [fleire strategiar](#)<sup>100</sup> for ei meir berekraftig besøksforvaltning i dei tre bygdene Solvorn, Fjærland og Underdal, som dei no følger opp i lag med mellom anna fylkeskommunen.



Figur 30 Metode for nytenking i Gnist

<sup>97</sup> [www.doga.no/aktiviteter/arkitektur-og-innovasjon/arkitektur-og-folkehelse/hverdagsreisen-bakgrunn/](http://www.doga.no/aktiviteter/arkitektur-og-innovasjon/arkitektur-og-folkehelse/hverdagsreisen-bakgrunn/)

<sup>98</sup> <https://doga.no/verktoy/designdrevet-innovasjon/hva-er-designdrevet-innovasjon/>

<sup>99</sup> [www.doga.no/aktiviteter/arkitektur/gnist-2023/](http://www.doga.no/aktiviteter/arkitektur/gnist-2023/)

<sup>100</sup> [www.doga.no/globalassets/dokumenter/gnist/rapporter-gnist-kommuner-2022/sogndal-luster-og-aurland-lokalt-byra.pdf](http://www.doga.no/globalassets/dokumenter/gnist/rapporter-gnist-kommuner-2022/sogndal-luster-og-aurland-lokalt-byra.pdf)



## Råd/forventingar til politikk:

Kvalitet i bygde omgjevnader er eit tverrfagleg tema som grip inn i alle sektorar og forvaltningsnivå sine arbeidsområde og arbeidsmåtar. For at vi skal lukkast, må kvalitet i bygde omgjevnader forankrast i alle nivå i planhierarkiet, frå regional- til kommunal plan og til byggesak.

Arkitektonisk kvalitet handlar om korleis fysiske forhold støttar opp under og bidreg til at vi når mål for samfunnsutviklinga. Omgjevnadene vi bur, arbeidar og ferdast i har mykje å sei for livskvalitet. Det gjeld både sentrumsområde, nabolag, kultur- og naturområde og ferdselsårer. Kvalitet har og betydning for om vi klarer å trekke til oss investeringar, arbeidskraft og tilreisande.

- **Strategiar / rettleiarar for utforming med arkitektonisk kvalitet i tettbygde strøk.**

Av berekraftsmåla og statlege planretningsliner går det fram at miljøvenleg by- og stadutvikling forutset at ny utbygging i hovudsak skjer som omforming og fortetting gjennom meir effektiv bruk av areal som allereie er bygd og i knutepunkt. Men ei framtidretta utvikling legg større vekt på det sosiale aspektet ved planlegging av nye bygg, plassar og infrastruktur.

- **Retningsliner /strategiar / rettleiarar for transformasjon og fortetting med kvalitet på «Vestlandsk» vis i sentrumsområde og kulturhistoriske miljø.**

For at fortetting og transformasjon ikkje skal gå på bekostning av identitetsskapande element som bevaringsverdige kulturminne og kulturlandskap, krevst det kompetanse og ressursar til å gjere naudsynte utgreiingar og analyser som del av plan- og/eller byggesaksprosessen. Skal ivareta det historiske aspektet.

- **Samordning av tilskotsordningar på tvers av organisasjonen for å famne det bygde miljø betre i vurdering / tildeling av økonomiske tilskot til relevante utviklingsprosjekt.**

- **Økonomisk og faglig bistand til kommunane for å styrke naturbaserte løysingar i klimatilpassingstiltak i tettbygde strøk.**

- **Føresegn / retningsline knytt til etablering av handel**

- **Veg- og gatenorm for fylkesvegnettet som tek i vare historiske og naturverdiar der det er relevant**

- **Lage samarbeidsmodell med kommunane for utforming av vegprosjekt/gatenorm i sentrumsområde**

# Bustad

Tilgang på nok og tenlege bustadar er vesentleg for samfunnsutviklinga, og for å nå måla om ei balansert utvikling og berekraftige lokalsamfunn i heile fylket. Bustadkvalitet står òg sentralt i folkehelsearbeidet. Både fysisk og sosial planlegging har betydning for bustadtilbodet.

Arealplanlegging står sentralt i utvikling av bustadtilbodet, og sikring av arealreserve gjennom plan, lokalisering, kvalitet på bygg og nærmiljø og variasjon i bu-tilbodet er viktige plantema for kommunane. God planlegging bør bidra til å styrke sosial berekraft gjennom å sikre bu- og nærmiljø med funksjonelle og inkluderande uterom og møteplassar og til gong til nære grøntområde/naturområde, der alle føler trygghet og tilhørrelse. Mangfaldet i befolkninga og eit stigande tal einbuarar, medfører behov for variasjon i buformer, bustadtypar, -storleik og -pris. Merksemd bør rettast mot tilpassa bustader for eldre og andre grupper med særlege behov.

Det er store variasjonar i kor godt den marknadsbaserte bustadutviklinga løyser bustadbehova i fylket. I sentrale strøk er det ofte betre eit balanseforhold mellom etterspurnad og tilbod. Det er likevel ei utfordring at bustadtilbodet er ekskluderande på grunn av høg pris, og medverkar til å forsterke ulikskap. Eit døme på dette er innsats for å motverke økonomisk ulikskap som gjev opphoping av levekårsutfordringar i enkelte område. Det er òg ei utfordring å kombinere fortetting med kvalitet. I mindre sentrale områder med svak eller negativ befolkningsutvikling kan låge bustadprisar og svakprisvekst føre til lite bustadbygging og manglande oppgradering av eksisterande bustader.

Ein god bustad er for den enkelte av oss som bur i Vestland er viktig for livskvalitet og livsutfalding, og for verdiskaping for heile Vestlandsamfunnet. Gode bustader - for alle - gir høve til å delta aktivt i arbeidsliv, ta skulegang og ha sosialt samvær saman med andre. Bustadpolitikken i dag er eit samspel mellom staten, kommunane og private aktørar. Temaet er komplekst og vedkjem mange ulike samfunnstema og politikkområde: Vi står føre demografiske endringar i busettinga som vil utfordre samfunnsplanlegginga i mange kommunar. Vi ser eit endra flyttemønster inn mot byar og ei intern sentralisering i distrikta, frå spreidd-budde strøk til større tettstadar, småbyar og regionsentera.

Vestland fylke har i dag eit busettingsmønster med ein markant storbyregion (62 % av innbyggjarane) og arealmessige store distrikt der resten av befolkninga er busett i eit 20-tals småbyar og bygderegionar fordelt i heile fylket. Sjølv om det er bustadbehov fleire stader i Vestland, veit vi at rundt 80 prosent av bustadane allereie er bygde. Med auka krav til ei samla bustad-, areal- og transportplanlegging og tydelegare vekt på bustadpolitiske omsyn, treng vi eit breitt samarbeid og målretta bruk av verkemiddel både i fortettingsområde og i mindre urbane område i Vestland. Vi har lokale og regionale forskjellar og kanskje fleire bustadmarknadar i vårt fylke. Takta i bustadbygginga endrar seg raskt. Alt i alt; trender og behov som krev god planlegging, gode analyser og gode planverktøy.

## Heilskapleg bustadpolitikk, roller og handlingsrom

Den nasjonale bustadpolitikken har over tid hatt ulike målsettingar og i åra 1970 til 2010 gjekk norsk bustadpolitikk gjennom store endringar. Staten si viktigaste rolle var å legge til rette for velfungerande bustadmarknader<sup>101</sup> og setje rammer. Mange ulike tilhøve kan verke inn på bustadpolitikken som sitatet av Sørvoll viser; *Politikkområder utenfor eller i grenselandet til den offisielle boligpolitikken har imidlertid hatt stor betydning for befolkningens boligforhold, og for muligheten til å nå boligpolitiske målsettinger*<sup>102</sup>. Den nasjonale bustadpolitikken har dei seinare åra fått ei sterkare innretning mot sosial bustadutvikling der målet er at òg vanskelegstilte skal bu normalt og integrert.

Kommunane i Vestland har hovudansvaret for heilskapleg bustadpolitisk planlegging og tilstrekkeleg bustadbygging gjennom å definere målsettingar for dette arbeidet gjennom den kommunale planstrukturen. Mange kommunar jobbar godt med bustadpolitiske spørsmål. Samstundes er ansvaret for bustadpolitikken i kommunane ofte fragmentert ved mange aktørar, lite koordinering og strukturelle avgrensingar<sup>103</sup>

Vår tilnærming til bustadpolitikk er derfor følgjande: Heilskapleg bustadpolitikk kan sjåast på som *summen av samarbeid mellom det offentlege, frivillige og private aktørar, og kor kommunane har ei sentral rolle*. Når dette samarbeidet fungerer etter formålet vil ein kunne etablere og utvikle *samfunn som opplevast som inkluderande, trygge, robuste og berekraftige*.

## Roller og handlingsrom i bustadpolitikken

### Kommunane

Kommunane har ansvar for utarbeiding av planstrategi som skal innehalda strategiske val knytt til utviklinga av kommunesamfunnet. Kommuneplanen som inneheld ein samfunnsdel med handlingsdel og ein arealdel, er kommunen sitt overordna styringsdokument som gir rammer for planar og tiltak i verksemda, og planar for bruk og vern av areal i kommunen. Kommunane si rolle og verkemiddel i bustadpolitikken som tilretteleggjar, premissleverandør, pådrivar og aktør er vist i illustrasjon under. Kommunane rår over både juridiske, økonomiske og meir strategiske verkemiddel dei kan nytte i bustadpolitikken:



Figur 31. Helhetlig kommunal boligpolitikk. Fra under radaren til under lupen. Utarbeidd av Asplan Viak, 2018.

<sup>101</sup> Stortingsmelding nr 23 2003: [www.regjeringen.no/no/dokumenter/stmeld-nr-23-2003-2004/id197927/?ch=1](http://www.regjeringen.no/no/dokumenter/stmeld-nr-23-2003-2004/id197927/?ch=1)

<sup>102</sup> NOVA: Norsk boligpolitikk i forandring 1970–2010 [https://oda.oslomet.no/oda-xmli/bitstream/handle/20.500.12199/5027/4799\\_1.pdf?sequence=1&isAllowed=y](https://oda.oslomet.no/oda-xmli/bitstream/handle/20.500.12199/5027/4799_1.pdf?sequence=1&isAllowed=y)

<sup>103</sup> [www.ks.no/fagomrader/samfunnsutvikling/samfunnplanlegging/kommunen-som-aktiv-boligpolitisk-aktor/](http://www.ks.no/fagomrader/samfunnsutvikling/samfunnplanlegging/kommunen-som-aktiv-boligpolitisk-aktor/)

Når det gjeld juridiske verkemiddel er kommunane planmynde og ansvarleg for kommunal styring og by- og stadutvikling. Planverket kan nyttast til å gje føringar for kva planar som skal utarbeidast i offentleg regi, og føringar for m.a. reguleringsplanar. Detaljreguleringsplanar vert i hovudsak utvikla gjennom private initiativ, og kan omfatta både små og store byggjefelt. I reguleringsplanlegginga vert dei juridiske rammene for mellom anna bustadutviklinga fastsett. Kommunane kan ved hjelp av plan- og bygningslova § 17-3 sikre sosial berekraft ved å ta i bruk forkjøpsrett til del av bustader i eit bustadprosjekt til marknadspris, og som til dømes kan vidareformidlast til dei som er vanskelegstilte på bustadmarknaden. Kommunen kan og ekspropriere areal for bustadbygging samt fordele bidrag til fellestiltak og infrastruktur mellom grunneigarar og mellom grunneigarar og offentlege etatar i eit utbyggingsprosjekt. Jamfør óg kapittel 3.5 for meir om kommunane sitt handlingsrom.

Ved å nytte seg av Husbanken sine ulike økonomiske verkemidlar kan kommunen sikre ein miks av ulike grupper av befolkninga, og sikre vanskelegstilte grupper bustadar ved ordinære kjøp og sal av bustadar. Kommunen inngår på denne måten i bod-rundar i den ordinære bustadmarknaden. Kommunen kan ved tomtosal diktere vilkår knytt til dømes sluttbrukarar og bustadkonsept innanfor ein fastsett pris, eller inngå partnerskap med utbyggjar gjennom kommunal eigedom (tomt eller bygg) og på denne måten påverke målgruppe og utforming og reservere del utleige bustadar i nye prosjekt gjennom kommunal tilvisingsrett. Om kommunen inngår avtale med å tilvise dei som søker bustad til ein del av bustadane, kan utbyggjar få lån gjennom Husbanken og dermed auke utleigetilbodet.

Her kan kommunen nytte strategiske verkemiddel som i stor grad er knytt til korleis kommunane nyttar dei juridiske og dei økonomiske verkemiddel som er tilgjengelege, korleis dei utarbeider kunnskap og har oversikt over bustadsituasjonen i eigen kommune. Vidare korleis dei planlegg og organiserer bustadpolitikken og korleis dei gjennomfører konkrete tiltak. Den nye lova om kommunane sitt ansvar på det bustadsosiale feltet trådte i kraft 01.07.23 og pålegg, presiserer og lovfestar fleire av kommunane sine oppgåver på dette feltet.

## Fylkeskommunen

Vestland har *bustad* som satsingar i to regionale planar, [sjå meir under avsnittet regionale føringar](#). Fylkeskommunen har ikkje eigen regional bustadpolitikk i dag, men tek opp bustadområdet i rettleiing og innspel til planarbeid, deltek i nettverk og har i noko grad teke inn bustad knytt til utvikling av kunnskapsgrunnlag. Innsatsen er i stor grad lik punkta i figur 32, under:

<b>Regionale planer</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Utbyggingsmønster og arealdisponering</li> <li>• Krav til fortetting</li> <li>• Kvalitet og attraktivitet i bustadområde</li> <li>• Stadutvikling</li> </ul>
<b>Utviklar kunnskapsgrunnlag</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Befolkningsutvikling og familietypar</li> <li>• Bustadstatistikk og prognosar ved behov</li> <li>• Arealanalyse- utnyttingsgrad, fortettingspotensiale og utbyggingsmønster</li> </ul>
<b>Rettleiing og innspel til planarbeid</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Regionalt planforum og dialogmøte</li> <li>• Nettverksamlingar og konferansar</li> <li>• Innspel og merknader til kommunale planar</li> <li>• Viser til og utviklar gode døme/veglearar</li> </ul>
<b>Deltek i nettverk</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kompetanseheving og erfaringsdeling</li> <li>• Arbeidsgruppe for betre samordning av statlege og fylkeskommunale midlar</li> <li>• Utviklingsprosjekt</li> </ul>

Figur 32 Oversikt over korleis og i kva grad fylkeskommunane i utvalet arbeider med bustadspørsmål i dag. 4 fylkeskommunar deltok i arbeidet. Utvikla av Asplan Viak 2018 i prosjekt initiert av KS (Asplan Viak, 2018).

## Statlege aktørar

Statsforvaltar er etter plan- og bygningslova ein høyrings- og samarbeidspart både for kommunal- og fylkeskommunal planlegging. Gjennom eit tre-årig forsøk, er Husbanken sine rådgjeving- og rettleiingsfunksjonar overført til Statsforvaltarane i Nordland, Vestland og Rogaland. Målsettingane er både å skape eit samla og styrka fagmiljø hjå statsforvaltarane, der bustad i større grad skal sjåast i samanheng med andre fagområde som plan, helse, rus, kommuneøkonomi, barnevern og arbeidsliv.

For det andre skal forsøket bidra til at kommunedialogen vert styrka ved å koordinere statlege initiativ og oppgåver innanfor det bustadsosiale feltet.

Statsforvaltaren i Vestland er i gang med å etablere eit samordningsutval med regionale aktørar, Vestland fylkeskommune, KS, Røde Kors og brukarorganisasjonar knytt til dette forsøket. Målet er å hente inn informasjon, bygge nettverk og samarbeid om gjennomføringa av statlege, regionale velferdsoppgåver der koordinerte tenester gjev betre velferd for tenestemottakarane.

Distriktssenteret har gjennom fleire prosjekt fått fram erfaringar kommunar har frå samhandling med regionale mynde knytt til bustadutvikling. Døme her er kunnskapsnettverket *Aldersvennlige boliger og bomiljø i distriktene* – eit samarbeidsprosjekt mellom Distriktssenteret og Husbanken.

### Marknadsaktørane – utbyggeraktørane

Fleire forhold kan verke inn på utviklinga av bustadpolitikken, nokre av desse er omtala i *Fornyett strategi for boligmarkedet*<sup>104</sup>:

- økonomiske forhold som sysselsetting, renter og kredittilgang
- demografisk utvikling
- tomtetilgang
- lønsemd i byggenæringa
- offentlege krav og reguleringar

Strategien viser til at det er fleire partar som har både ei rolle og interesse i bustadmarknaden: - seljarar, kjøparar, entreprenørar, eigedomsmeklarar, bankar og myndigheiter. Bustadmarknaden er komplisert og uoversiktleg, og den inneheldt fleire delmarknader. Bustadbygging er ein prosess som tek tid. Storleiken og samansettinga av bustadmassen er difor bestemt av avgjerder som er teke på eit tidlegare tidspunkt enn det vert bygd<sup>105</sup>. Innbyggjarar må i utviklinga av eit bustadområde - frå ide til bustadane er ferdige – forhalda seg til eit komplekst sett med regelverk, og der dei samla sett må tilføra prosjektet kompetanse på fleire fagfelt. Dei som har rolla som utbyggjar, har dei siste åra vore den aktive parten i arbeidet med utvikling av bustadfeltet. Byggherrerolla er i aukande grad gått over til kommersielle utbyggjarar. Kjøsterud skildrar endringar i den kommunale bustadpolitikken slik: *Kommunene har òg fått endret sin rolle i boligbyggingen – fra å være en aktiv deltaker som styrte utviklingen, til å bli mer en tilskuer til utviklingen som styres av utbyggere med ulike motiver.*

### Nasjonale føringar

I St. meldinga *Byggje- bu- og leve*<sup>106</sup> er eit hovudbodskap at flest mogleg innbyggjarar skal eige eigen bustad om dei ønskjer det. Eigarlina står sterkt i regjeringa sin *Strategi for boligmarkedet*<sup>107</sup> frå 2015. Her finst fleire tiltak som det vart arbeidd med i åra fram til 2018 då *Fornyett strategi for boligmarkedet*<sup>108</sup> blei lagt fram. I denne strategien vart ei vidare satsing på heilskapleg og effektiv innsats tydeleggjort. Det var ei uttalt forventning her om at fylkeskommunen og kommunane føl opp regjeringa si satsing på by- og tettstadutvikling ved å *sikre tilstrekkeleg og variert bustadbygging.*

I *Levekår i byar, gode lokalsamfunn for alle*<sup>109</sup> vert verdien av kompakte byar og tettstadar framheva jfr. nullvekstmålet. Utgreiinga ser på endringar knytt til eksisterande verkemiddel, strategiar og tiltak som kan bevare opne og inkluderande byar i eit langsiktig perspektiv, i tillegg til det å fremje trygge og gode butilhøve. Risikoen og kostnadene med å byggje bustader i distriktkommunar er større enn dei er i sentrale bystrøk. Dette sidan marknaden er kompleks og difor vert bestemt av meir lokale forhold. Dette kan og vere situasjonen mellom ulike delar av same by.

<sup>104</sup> <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/fornyett-strategi-for-boligmarkedet/id2605560/>

<sup>105</sup> <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nou-2002-2/id145338/>

<sup>106</sup> [www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld-st-17-20122013/id716661/](http://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld-st-17-20122013/id716661/)

<sup>107</sup> [www.regjeringen.no/contentassets/54821f1c3c4f488a8e64e32d155e2b79/strategi\\_for\\_boligmarkedet.pdf](http://www.regjeringen.no/contentassets/54821f1c3c4f488a8e64e32d155e2b79/strategi_for_boligmarkedet.pdf)

<sup>108</sup> [www.regjeringen.no/contentassets/3737467ab7a74611a27dabdded23e9e2/fornyett\\_strategi\\_boligmarkedet.pdf](http://www.regjeringen.no/contentassets/3737467ab7a74611a27dabdded23e9e2/fornyett_strategi_boligmarkedet.pdf)

<sup>109</sup> [www.regjeringen.no/no/dokumenter/nou-2020-16/id2798280/?ch=1](http://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nou-2020-16/id2798280/?ch=1)

Den nasjonale strategien for den sosiale bustadpolitikken *Alle trenger et trygt hjem (2021-2024)*<sup>110</sup> tydeleggjer den offentlege satsinga med *bustader for alle*. I juli 2023 trådte *Lov om kommunenes ansvar på det boligsosiale feltet* i kraft, og synleggjør kommunane si plikt til å planlegge bustadsosialt.

### **Bustadpolitikken som integrert del av plan- og styringssystemet**

I dei [nasjonale forventningane](#)<sup>111</sup> til kommunal og regional planlegging 2023-2027 er det tydelege forventingar til koplinga mellom bustad og planlegging: *Det blir lagt til rette for tilstrekkeleg bustadbygging i kommunane i tråd med lokale og regionale behov (21) og det blir lagt til rette for å utvikle gode lokalsamfunn i bygd og by, i små tettstader og spreidd bygde område med tilgang til bustader og tenester i tråd med kommunale føresetnader og behov (19)*. Vidare er det eit eige punkt om vanskelegstilte: *Det blir lagt til rette for bustadtilbod for vanskelegstilte i ulike delar av kommunen. Eigaretablering for vanskelegstilte blir lagd vekt på (22)*.

Statlege føringar rår og til at *det blir lagt til rette for å utvikle gode lokalsamfunn i bygd og by, i små tettstader og spreidd bygde område med tilgang til bustader og tenester i tråd med kommunale føresetnader og behov*. Målsettinga med dette er å utvikle levedyktige by- og tettstadsenter og lokalsamfunn, og ei styrking av knutepunkta på kollektivaksane. Vi finn likevel ei oppmjuking av dei førre forventningane til samordning med formuleringa: *Det blir lagt til rette for å utvikle gode lokalsamfunn i bygd og by, i små tettstader og spreiddbygde område med tilgang til bustader og tenester i tråd med kommunale føresetnader og behov*.

Forventningsdokumentet viser og til at utgreiingar konkluderer med at det er nødvendig å sjå fortetting i samanheng med sosial berekraft. Ein aukande del eldre og einslege, fleire mindre hushald og eit større mangfald i befolkninga i distrikta gir behov for meir variert bustadmasse. Regjeringa er oppteken av at lokal bustadpolitikk er integrert i kommunen sin strategi for samfunnsutvikling der ein ser ulike behov i samanheng.

Dei statlege planretningslinjene for samordna bustad-, areal-, og transportplanlegging<sup>112</sup> legg òg viktige premisser for bustadutviklinga. Planlegginga skal legge til rette for tilstrekkeleg bustadbygging i område med press på bustadmarknaden, med vekt på gode regionale løysingar på tvers av kommunegrensene. Retningslinjene adresserer viktige tema som miljøvenleg transport, behovet for å samordne areal- og transportpolitikken, jordvern, grøn struktur, naturmangfald og bustadkvalitet.

Asplan Viak peikar på i utgreiing etter oppdrag frå KS at svakheit med dei noverande planretningslinjene er at desse ikkje adresserer sosial berekraft i bustadpolitikken godt nok. Eit viktig dilemma mellom på den eine sida omsyna til retningslinjene og på den andre sida lav ivaretaking av sosioøkonomiske forhold (som er knytt til sosial berekraft) blir forsterka av at *Bustad for alle* i liten grad inngår i samhandlinga mellom kommunane og regionale myndigheiter i samfunns- og arealplanlegginga. Barnefamiliar, vanskelegstilte på bustadmarknaden og andre som treng bustad med vanlege inntekter må kunne sikrast å bu i ein klimavenleg by- og tettstadsstruktur, med moglegheit til å eige eigen bustad om dei ønskjer det.

I den pågåande evalueringa av dei statlege retningslinjene er eit funn at gjeldande retningsliner er godt tilpassa dei store byane, men ikkje like godt tilpassa område med lågt utbyggingspress. Difor ser regjeringa på korleis retningslinjene kan fornyast slik at dei òg legg til rette for vekst og utvikling i område med svak auke eller ned gong i folketal. Evalueringa som er gjennomført drøftar og kjem med fleire forslag til korleis planretningslinjene kan justerast slik at både nasjonale og regionale omsyn blir ivareteke i kommunale planar, og at ulike omsyn i ulike sektorar vert samordna og avvega på alle nivå. Arbeidet med revidering og fornying av retningslinjene vert sett i samanheng med dei nye nasjonale forventingar til planlegging i kommunar og fylke (2023).

<sup>110</sup> [www.regjeringen.no/contentassets/c2d6de6c12d5484495d4ddeb7d103ad5/alle-trenger-et-trygt-hjem-nasjonal-strategi-for-den-sosiale-boligpolitikken-2021-2024-2.des.20.pdf](http://www.regjeringen.no/contentassets/c2d6de6c12d5484495d4ddeb7d103ad5/alle-trenger-et-trygt-hjem-nasjonal-strategi-for-den-sosiale-boligpolitikken-2021-2024-2.des.20.pdf)

<sup>111</sup> [www.regjeringen.no/contentassets/d71a3e61e774485fb4a98cab9255e53f/nasjonale-forventningar-nn.pdf](http://www.regjeringen.no/contentassets/d71a3e61e774485fb4a98cab9255e53f/nasjonale-forventningar-nn.pdf)

<sup>112</sup> [www.regjeringen.no/no/dokumenter/Statlige-planretningslinjer-for-samordnet-bolig-areal-og-transportplanlegging/id2001539/](http://www.regjeringen.no/no/dokumenter/Statlige-planretningslinjer-for-samordnet-bolig-areal-og-transportplanlegging/id2001539/)



## Regionale føringar

To gjeldande regionale planar i Vestland tek opp bustadspørsmåla: I regional areal- og transportplan for Bergensområdet<sup>113</sup> er bustadområde (4.4) eige tema der vekt er lagt på eit kollektivorientert utbyggingsmønster som skal legge grunnlaget for å realisere nullvekstmålet, samtidig som kommunane gjennom arealplanlegginga si skal sikre klimatilpassing og kvalitet i bustadområda.

Vidare tek dei regionale folkehelseplanane for Vestland<sup>114</sup> opp den viktige koplinga mellom lokalsamfunn, nærmiljø og bustad som viktige rammer for folk si helse og levekår. Gode bustadmiljø handlar om å ha mange nok bustader, god kvalitet i sjølve bustaden, samt eit stimulerande fysisk og sosialt miljø. Eit oppfølgingspunkt frå desse planane ligg i Handlingsprogram for folkehelse Vestland 2022-2025. Her er gjennomføring av den nasjonale strategien for sosial bustadpolitikk *Alle trenger et trygt hjem* eit tiltak.

## Regionale verkemiddel – rettleiing til planarbeid

Fylkeskommunen skal bidra gjennom rettleiing, rådgjeving og sakshandsaming i dei kommunale planprosessane knytt til samfunns- og arealdelen til kommuneplanen, eventuelle temaplanar og reguleringsplanar (områdeplanar og detaljplanar). Plan- og bygningslova set rammer for kva føringar som kan leggjast for bustadutviklinga. Dersom fylkeskommunen ynskjer å utarbeide konkrete retningslinjer eller råd knytt til kommunal bustadutvikling, må desse forankrast i regionale planar.

Fylkeskommunen som regional mynde har óg ansvar for det regionale planforumet etter pbl. § 5-3. I dette “..planforumet skal statlege, regionale og kommunale interesser klarleggast og søkast samordna i forbindelse med arbeidet med regionale og kommunale planer.” Dei juridiske føringane for den konkrete bustadbygginga vert fastsett gjennom reguleringsplanlegginga. Dersom føringar ikkje vert innarbeidd i reguleringsplanar vil det heller ikkje vere juridisk heimel for å få gjennomført eventuelle politiske målsettingar som er fastsett i overordna kommunale planar.

Regionale planar kan óg vise ei satsing på tiltak for å utvikla kunnskapsgrunnlag, samhandling og satsing på bustadfeltet. Eit slikt tiltak er etablering av regionalt bustadforum for Bergensområdet, etablert som oppfølging av Regional areal- og transportplan for Bergensområdet.

*Regionalt Bustadforum* er ein arena for utveksling av aktuell informasjon og erfaringar mellom ulike medverkande i bustadfeltet i Bergensområdet. Forumet er tenkt å ivareta dialogen og samarbeidet mellom kommunar, regionale aktorar og utbyggingsaktørar. Forumet skal fokusere på korleis ein kan oppnå sosial berekraft gjennom kvalitet i dei bygdeomgjevningane. I dette ligg det å ta inn framtidens bustadbehov, og leggje til rette for større mangfald og nytenking i bustadsektoren

I Vestland fylkeskommune er det etablert eit fagmiljø for tettstadutvikling; [By- og stadutvikling Vestland \(BYSV\)](#). I den vidare utviklinga av sentrumsområda i fylket bør det vere føremålstenleg å vurdere om eit fagmiljø for bustadutvikling bør etablerast.



Figur 33 Blokkbusestad København syner korleis fyste etasjane kan nytte attraktive uteareal (VLFK)

<sup>113</sup> [www.vestlandfylke.no/globalassets/planlegging/regionale-planer/regional-areal-og-transportplan-for-bergensområdet\\_2017\\_30.10.17.pdf](http://www.vestlandfylke.no/globalassets/planlegging/regionale-planer/regional-areal-og-transportplan-for-bergensområdet_2017_30.10.17.pdf)

<sup>114</sup> <https://www.vestlandfylke.no/folkehelse/regionale-plan-for-folkehelse/>



## Situasjonsrapport bustad i Vestland – utvalde tema


### Folk flyttar til storbyregionen og til tettstadar i distrikta

I følge rapporten *Senterstrukturer, regionsentre og regional utvikling i Vestland fylke*<sup>115</sup> så er dei tettstad- og senterstrukturane vi har i fylket i dag utvikla over ei lang historisk periode og representerer materielle og relasjonelle strukturar som legg sterke føringar på den vidare utviklinga i fylket.

Befolkninga i fylket bur no i større grad enn tidlegare konsentrert til tettstader og tettbygde strøk. Mens kvar tredje innbyggjar i 1990 budde i spreidd bygde strøk, var det i 2017 kvar femte innbyggjar som budde spreidd. Nye regionale analyser syner at det er ei intern sentralisering i distrikta, frå spreidd budde strøk til større tettstadar, småbyar og regionsenter. 62 prosent av befolkninga i fylket no bur i storbyregionen Bergen, mens 35 prosent bur i mindre byregionar og 3 prosent i spreidd-bygde regionar.

**Figur 18** illustrer busettingsmønsteret i Vestland med befolkningskontrasjonar i Bergensområdet og rundt regionsenter. *Sentrale byregioner* (dvs. Bergen, Midt- og Nordhordland) *har hatt klart sterkest befolkningsvekst grunna innflytting, fødselsoverskudd og ung befolkning. Mindre sentrale regioner* (fylket eks. sentrale regioner) *har stort sett opprettholdt folketallet, men her er utviklingen særlig blant kommunene ujevn.*<sup>116</sup> I Vestland er 72 prosent av kommunane plassert i sentralitet -kategori 5 (14 kommunar) og 6 (17 kommunar).

Korleis folk tilpassar seg i dagleglivet med omsyn til bustad og arbeid definerer mykje av korleis den økonomiske aktiviteten vert organisert i geografien. Utviklinga av arbeidsplassar vil påverke pendlinga mellom kommunar. Høg innpendling kan seie noko om framtidig busetting og mogleighetene for å kunne legge til rette for fleire bustader.



**Figur 34** syner folketalsutviklinga i Vestland for regionklassar i perioden 1980-2022

Det har vore folketalsvekst i små- og mellomstore byregionar dei siste 40 åra, og stabilt nivå i bygdeby- og småsentera med noko nedgang i klassen spreidd-budde regionar. Mesteparten av nye bustadar i Noreg vert lokalisert innanfor eksisterande tettstadar med kort avstand til service-, fritids- og kulturtilbod (KS, 2022). Bustadutvikling handlar om å dekke bustadbehov/ bustadmangel, som følgje av folketalsvekst. [NoU](#)'en *Det handlar om Norge* peiker å at mange distriktskommunar har einsarta, små, usikre eller stagnerande bustadmarknader som er prega av låge bustadprisar og svak prisvekst<sup>117</sup>. Kommunar med stabilt folketal eller folketal som minkar, har ein utfordrande bustadsituasjon, med mangel på eigna bustader i tråd med behov og ønskje. I slike tynne marknader er føresetnadene for å skaffe fram nødvendige bustader annleis enn i meir sentrale område.


<sup>115</sup> NIBR-rapport 2022:15 <https://oda.oslomet.no/oda-xmlui/handle/11250/3039118>

<sup>116</sup> NIBR 2023 – Onsager, K. Upublisert kunnskapsgrunnlag til utviklingsplanen

<sup>117</sup> [www.regjeringen.no/contentassets/3b37c1baa63a46989cb558a65fccf7a1/no/pdfs/nou202020200015000dddpdfs.pdf](http://www.regjeringen.no/contentassets/3b37c1baa63a46989cb558a65fccf7a1/no/pdfs/nou202020200015000dddpdfs.pdf)

## Dei eldste vert buande i distriktskommunane og dei unge flyttar ut

I mange kommunar endrar samansettinga av befolkninga seg. Dei store etterkrigskulla aukar den eldre delen av befolkninga. I følgje generalistutvalet<sup>118</sup> vert dei minste distriktskommunane mest påverka av slike endringar.



Figur 35: Prosent av befolkninga som er 65 år eller eldre i kommunane i Vestland i 2022, 2040 og 2050. Kjelde: VLFK, SSB.

Figur 35 syner prosent av befolkninga over 65 år for åra 2020, 2040 og 2050. I 2030 er delen eldre over 65 år i Vestland auka til 21 prosent og i 2050 til heile 27 prosent. Mønsteret er at dei unge flyttar ut, medan del eldre aukar i distrikta. Men samstundes med at unge flyttar til større stadar, så viser tal frå Ungdata at 68 prosent av ungdomsskuleelevar i Vestland er ganske eller svært fornøgde med lokalmiljøet sitt. Opplevinga av lokalmiljøet vil óg vere prega av utsiktene til utdanning, arbeid og familieetablering på sikt<sup>119</sup>

Når unge flyttar ut vert det færre innbyggjarar i yrkesaktiv alder i distriktskommunane i Vestland. Folkehelseoversikta 2023-2027 syner at allereie no har 18 av Vestland sine 43 kommunar fleire eldre enn barn og unge mellom 0 og 19 år. Sentraliseringstrenden der 80 prosent av befolkninga vil bu i by og tettstadar utfordrar politikken fleire stadar. Fungerande bustadmarknader er eit premis for ein vellukka distriktpolitikk. Bustadsituasjonen i tynne marknader og konsekvensar for velferd/livskvalitet og verdiskaping er viktig.

I juni 2023 la regjeringa fram ny eldremelding; *Felleskap og meistring – Bu trygt heime*<sup>120</sup> kor hovudstrategien framleis er at eldre skal bu lengst mogeleg heime i eigen bustad. Dette vil utfordre planlegginga i kommunane og gje auka etterspurnad etter eigna bustader for denne gruppa i åra som kjem.

## Om bustader og bustadtilhøve

Alle treng ein stad og bu, og i det moderne samfunnet vil dette hovudsakleg oppfatast å bety ein bustad som inneheld ein viss standard<sup>121</sup>. Det vi har innsikt i gjennom kommunekart ved hjelp av data

<sup>118</sup> <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nou-2023-9/id2968517/>

<sup>119</sup> Velferdsforskningsinstituttet NOVA, KoRus-Vest Bergen, 2021, s.18. Ungdata Vestland..

<sup>120</sup> [www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-24-20222023/id2984417/](https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-24-20222023/id2984417/)

<sup>121</sup> [www.regjeringen.no/no/dokumenter/analyse-av-begrepet-tilstrekkelig-boligbygging/id2965666/](https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/analyse-av-begrepet-tilstrekkelig-boligbygging/id2965666/)

frå SSB er kva type bustadar som finst i fylket knytt til bustadmasse/bustadtypar. Kartet viser ei fordeling over ulike bustadtypar (einebustadar, tomannsbustadar, rekkehus med fleire) etter kommunar og etter økonomiske regionar. Einebustad er den vanlegaste buforma i fylket, og særleg i distriktskommunane. I Bergen kommune ser vi ein klar skilnad i at det er fleire leilegheiter enn i resten av fylket. Når det gjeld hushald i tomannsbustader og rekke-, kjede- og andre småhus, er fordelinga i Noreg som heilskap og Vestland svært lik. Det finst òg ei bustadpreferansekartlegging for Bergensområdet. Denne syner tydeleg at bustadsamansettinga i Bergen skil seg frå kommunane rundt. For kart – [sjå figur 19.](#)

Mangel på eigna bustadar vert i omtala som ein flaskehals for rekruttering og verdiskaping. Fleire ulike meldingar tek opp at det er behov for omfordeling i eksisterande bustadmasse. Særleg vil dei demografiske endringane med fleire eldre utforde det eksisterande bildet ved at behovet for tilrettelagde leilegheiter og andre buformer vil auke i åra som kjem i distrikta. Attraktiv tettstadutvikling og ein fungerande bustadmarknad med variert bustadutvikling og med næringslivet som sentral part er viktig<sup>122</sup>.

*Vi har ikkje kunnskap om i kva grad bustadmassen i Vestland er tilgjengeleg for ulike behov i befolkninga, som kunne vore eit mogleg tiltak i ein regional plan.*

Figur 36 syner del av hushald i prosent i nokre utvalde kommunar med regionale senter i Vestland. Og eit felles trekk er at del åleinebuande er den største gruppa i alle kommunane. Del åleinebuande i prosent varierer mellom 28 prosent (Askøy) til rundt 44 prosent (Bergen). Par utan heimebuande born er den nest største gruppa i dei fleste kommunane. I følgje kartlegginga gjort av Asplan Viak tenkjer folk ulikt om kva som er viktigast eller best når dei tenkjer på kor og korleis dei vil bu. Det er heller ikkje føreteke analyser knytt til kva bustadpreferansar hushalda har i heile Vestland.

For Bergensregionen finst det meir materiale i Vista analyse sin rapport *Kunnskapsinnhenting – bustad for alle*. Rapporten viser ei samanstilling av relevant statistikk og data knytt til temaet bustadmarknaden – leige og eige i «Bergensområdet». I tillegg er det henta inn intervjudata og kunnskap frå ideverkstad saman med kommunane. Dette materialet vart grunnlag for ei drøfting av påstandar om bustadmarknaden i Bergensområdet. Deltakande kommunar var Alver, Askøy, Bergen, Bjørnafjorden og Øygarden<sup>123</sup>.


Viktige funn i følgje Vista analyse er at talet på einebustader i omlandskommunane dekkjer etterspurnaden for store hushald, men at i desse bustadane bur den eldste delen av befolkninga. Basert på dette seier rapporten at bustadtilbodet i omlandskommunane til ein viss grad er i samsvar med det generelle behovet. I Bergen kommune er det trong for fleire større bustader av alle bustadtypar, enn det som finst i marknaden i dag. Mange små leilegheiter i Bergen samsvarar godt med at det er mange små hushald i kommunen. Rapporten peikar på at for å frigjere einebustader og oppnå ønska rotasjon i bustadmarknaden, er det behov for å byggje fleire mellomstore leilegheiter til eldre i omlandskommunane til Bergen. Tilførsle av leilegheiter dei seinare åra har ført til ein viss rotasjon i einebustadmarknaden, ved at fleire eldre bur i leilegheiter no enn tidlegare<sup>124</sup>.

---

<sup>122</sup> Handeland, M.W, Risnes, T og Solbakken, M, 2020; Næringslivets betydning for stedsutvikling, boligutvikling og inkudering i distriktkommuner. Distriktsenteret.

<sup>123</sup> [www.vestlandfylke.no/globalassets/planlegging/regionale-planer/regional-areal-og-transportplan-for-bergensområdet/sluttrapport-for-regionalt-bustadprogram.pdf](http://www.vestlandfylke.no/globalassets/planlegging/regionale-planer/regional-areal-og-transportplan-for-bergensområdet/sluttrapport-for-regionalt-bustadprogram.pdf)


<sup>124</sup> Einarsdottir, A. Dysvik, E, Støm, V og Rasmussen, I.; Bustad for alle Rapport 2021/20 s 11. Vestland fylkeskommune, Vista Analyse.



Figur 36 Fordeling av hushald, med 2022-tal. (SSB)

### Kommunalt disponerte bustader i Vestland

Kommunane disponerer i varierende grad bustader for utleige, til døme omsorgsbustad, bustad til flyktningar, økonomisk vanskelegstilte med meir.



Tal på kommunalt disponerte bustader for slike føremål varierte i 2017 (etter den gamle kommunestrukturen) frå 10 –60 bustader per 1000 innbyggjarar blant kommunane i Vestland fylke.

Nye tal frå 2022 viser same bildet. I denne analysen varierer bustader kommunane disponerer frå 10 eller mindre til opptil 40 til 63 bustader per 1000 innbyggjarar.

Tala indikerer at det er i distriktskommunar som disponerer flest kommunalt disponerte bustader per 1000 innbyggjarar. I og rundt Bergensregionen disponerer fleire av kommunane frå 20 bustadar og nedover per 1000 innbyggjarar. Kartlegginga gjev ikkje innsikt i standard på desse bustadane.

Figur 37 Kommunalt disponerte bustadar. 2022. Kjelde: SSB

### Trongbudde hushald


Det å bu trangt kan påverke psykisk balanse, skulepresentasjonar og talet på vener. I overkant av 90 prosent av alle hushald i Vestland fylke bur romsleg; i bustader med mange rom og kvadratmeter. Det same bildet finn vi i 2022, sjå figur 38. Nasjonale tal frå KS syner at del (prosent) og tal hushaldingar som bur trangt syner vekst frå 2015 - 2020<sup>125</sup>. Dette er ikkje vurdert for Vestland. Det er flest trongbudde hushald i Bergen kommune samanlikna med dei andre kommunane. Vista-analyse peikar på at trongbudde bustader\* i byane og regionssentra må sjåast i samanheng med behov og preferansar.

Rapporten frå Vista-analyse syner at omgrepet trongbudde bustadar, vektleggast mindre av personar som bur sentralt. Dei stiller spørsmål om denne definisjonen på trongbudde bustader bør leggast mindre vekt på i sentrale strøk, med høge prisar, ettersom det er ei avveging mellom preferansar og prisar. Dette kan vere t.d. bustadstandard, prisar, planløyising og konsumentane sine preferansar.


\* Definisjon etter SSB er: *Bor trangt, rom og kvm: Husholdningar regnes som trongbodd dersom: 1. Antall rom i boligen er mindre enn antall personer eller én person bor på ett rom, og 2. Antall kvadratmeter (p-areal) er under 25 kvm per person.*

<sup>125</sup> [www.ks.no/fagomrader/statistikk-og-analyse/status-kommune/status-kommune-2022/](http://www.ks.no/fagomrader/statistikk-og-analyse/status-kommune/status-kommune-2022/)

Trongbudde bustader er ikkje like utprega i distrikta, noko som kan illustrere ulike behov ved at preferansane i og utanfor sentrumsområda er ulike.



Figur 38 Trongbudde einingar -del, 2022. Kjelde: SSB



Figur 39 Oversikt over del leige vs eigde bustader

### Eige – leige bustad i Vestland og Bergensregionen

Ulik tilgang til relevante ressursar for å kjøpe eller eige bustad kan vere ei kjelde til betydeleg ulikskap i bustadkonsum/- tenester<sup>126</sup>. Tal frå KS syner at i Noreg eig omtrent 80 prosent av befolkninga bustaden sin. I denne rapporten kjem det fram at dei som har lågast inntekt leiger bustad, og at denne saman med andre indikatorar knytt til levkår og bustad, som til dømes å bu trongt og bustadprisvekst er viktige område å følgje med på. Eit viktig mål etter den bustadsosiale strategien frå 2020, er at fleire skal gå frå leige til eige<sup>127</sup>

Tal frå 2017 viser at om lag tre fjerdedelar av hushalda i fylket eigde eigen bustad, mens resten leigde bustad. Vista Analyse skriv at funna som er knytt til analyser om utleigemarknaden i Bergensregionen kan tyde på at det er mangel på utleigebustader, og særleg større bustadar og leilegheiter. Det kan vere vanskeleg å seie noko konkret i følgje rapporten om samsvaret mellom pris og kvalitet i utleigemarknaden. Eit funn er at det generelt sett er dårlegare samsvar mellom pris og kvalitet i sentrumsnære område, særleg i Bergen, men ein ser òg eit teikn til det same i omlandskommunane. Sett i lys av den nasjonale politikken om at alle som ønskjer det skal kunne eige eigen bustad så viser tala frå Bergensområdet at mange nyttar leigemarknaden. Bergen er òg ein studentby, der folk leiger i kortare periodar.

## Bustadmarknaden – sentrale delar og distrikt

### Bustadprisutviklinga i Vestland


I ein marknad med fri prisdanning (utan prisregulering) vil prisnivået bli bestemt av forholdet mellom tilbod på den eine sida og etterspurnaden på den andre. Ein høg pris kan dermed vere eit signal på at

<sup>126</sup> [www.regjeringen.no/contentassets/2ae852c304d4437dabaaf9762a9e5359/analyse-av-begrepet-tilstrekkelig-boligbygging-pdf.pdf](http://www.regjeringen.no/contentassets/2ae852c304d4437dabaaf9762a9e5359/analyse-av-begrepet-tilstrekkelig-boligbygging-pdf.pdf)

<sup>127</sup> [www.regjeringen.no/globalassets/upload/kmd/boby/nasjonal\\_strategi\\_boligsosialt\\_arbeid.pdf](http://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kmd/boby/nasjonal_strategi_boligsosialt_arbeid.pdf)




bustadtilbodet ikkje er tilstrekkeleg og pris kan tolkast som signal på knappheit (Asplan Viak, 2023). Gjennomsnittleg kvadratmeterpris på nye og brukte einebustader har auka i Vestland og i heile landet sidan 2001. Tal frå 2020 syner at prisveksten på brukte einebustader har vore høgare i Hordaland, og særskilt i Sogn og Fjordane, samanlikna med den nasjonale utviklinga i same periode.




Figur 40 Utvikling i gjennomsnittleg kvadratmeterpris på omsette brukte og nye einebustadar i Sogn og Fjordane, Hordaland og Noreg. Referanseår: 2002. Kjelde: VLFK, SSB

KS i Status kommune. Der folk bur <sup>128</sup> skriv at «bustadprisstigninga mange stadar har vore det dobbelte av lønsveksten dei siste ti-åra. Prisutviklinga for nye bustadar, kopla med gjennomsnittsinntekt, syner at det er utfordrande for dei med normalinntekt å få tak i eigen bustad om dei ikkje har bustad frå før. Dette gjeld særleg barnefamiliane. At fleire bur trøngt kan bli resultatet og òg vere eit uttrykk for utfordringane med å skaffe permanente gode bustader til barnefamiliane.

Vestland fylkeskommune har i kart illustrert kva type bustader og kvar i fylket folk kan ha råd til å kjøpe bustad ut frå kvm/budsjett. Indeksane tek utgangspunkt i kva type bustadar ein singel sjukepleiar (figur 42) og ei familie i Vestland (figur 41) har råd til å kjøpe. Referansetala for sjukepleiar er sett til 2.5 mill kroner og for ei familie til 6 mill kroner. (sjå vedlegg 6 for større kart) Det er ikkje lett tilgjengelege tal for den samla bustadbygginga i Vestland dei siste ti åra.



Figur 41 Familieindeks (kvm/budsjett) - SSB 2022



Figur 42 Sjukepleiarindeks (kvm/budsjett) - SSB 2022



## Bustadmarknaden for vanskelegstilte

I bustadpolitikken er det kommunane som har ansvar for at bustadmarknaden fungerer godt for alle. Dette betyr tilstrekkeleg bustadbygging som følgjer den demografiske utviklinga. Dette gjeld både bustadbehovet generelt, men og bustadbehovet til dei som av ulike grunnar er vanskelegstilte på bustadmarknaden. Vanskelegstilte, kan både vere folk som slit med å kome inn på den private marknaden eller personar som har ulike tilleggsutfordringar.

KS peikar på at det er trøng for å adressere sosioøkonomiske omsyn og bustad for alle sterkare, som ein del av å styrke innsatsområdet sosial berekraft. I samarbeidet med Vista analyse har kommunane i Bergensregionen formidla at det er nok bustadar i marknaden, men balansen mellom bustadtype og tal bustader er feil. Det vert uttrykt at det er behov for leilegheiter som gir befolkninga fleksibilitet i val av buform. Det vert òg peika på at ut i frå eit velferdsperspektiv bør noko av bustadbygginga rettast mot dei som opplever det vanskeleg å kome inn på den private marknaden. Rapporten avdekkar at utbyggjarar erkjenner at dei har eit viktig samfunnsansvar for å møte bustadbehova for alle i marknaden. Samstundes er dette utfordrande då utbyggjarar må legge vekt på lønsemd og salsrisiko i prosjekta sine.

## Barrierar for kjøp av bustad i Bergensregionen

I Vista rapporten om bustadmarknaden for Bergensområdet er det peika på at fleire fell mellom finansieringsordningane til Husbanken og privat finansiering. Dette gjeld spesielt yngre einslege. Generelt aukar bustadprisane i Bergensregionen raskare enn kjøpekrafta til hushald, og spesielt einslege med barn har ei svak utvikling i kjøpekrafta. Rapporten syner ei geografisk fordeling der prisane generelt sett er høgare i regionsentera, noko som indikerer at prisane er høgare i sentrale strøk.

## Bustadbygginga i Bergens-regionen dei siste ti åra

Vista analyse fann i si oversikt over bustadbygginga i Bergensregionen for perioden 2011 til 2020 at utbygginga av leilegheiter er relativt stor samanlikna med tilførsel av einbustader og småhus. Dette var i tråd med preferansar til innbyggjarar og kommunane sine bustadstrategiar. Framleis vert det bygd ein god del einbustader og småhus. Vista analyse finn at nybygginga av leilegheiter kan ha hjelpt fleire eldre til å flytte til desse dei siste fem åra, og har dermed bidrege til å frigjere einbustader i kommunane.



Figur 43 Endring i bustadtyper i Bergensområdet mellom 2011 og 2020, tal. Kjelde: SSB, Vista Analyse

## Om bustadareal i kommunane i Vestland og arealbehov

Bustadpolitikken og bustadplanlegginga til kommunane er ideelt sett ein integrert del av kommunen sin strategi for samfunns- og arealutvikling. Politikken og planlegginga kan leggje til rette for ein variert befolkningsstruktur gjennom god tilgang på bustadtomter som grunnlag for tilstrekkeleg, variert og sosial bustadbygging. Bustadbygging krev både kapital, areal, ressursar og planlegging.

Kommunane kan ta bustadsosiale omsyn i areal- og samfunnsplanlegginga gjennom eksempelvis krav til både bustadstorleik og nærrområde, og ved å regulere nok bustadtomter (kommunale og regionale føringar). Ei viktig vurdering ligg i å sjå om bustadbygginga er tilstrekkeleg og om arealreservane er reelle.

Som skildra i planprogrammet til denne planen står arealplanlegginga sentralt i utvikling av bustadtilbodet. Arealreserve fastsett i plan, lokalisering, kvalitet på nærmiljøet og variasjon i bumiljøet er alle viktige plantema for kommunane og deira moglegheiter for utvikling. Vestland fylkeskommune skal saman med fleire aktørar starte opp eit større utviklingsarbeid knytt til areal- og naturrekneskap. I dette arbeidet kan ein òg få oversikt over ubygde (men regulerte) areal i kommunane i Vestland. Innsikt i areal er viktig kunnskap då auka befolkningstettheit i byar og tettstadar gjer at tilgang til nærturområder og leike – og rekreasjonsareal er under press. Ein sær viktig stadkvalitet er variert bustadsamansetting med god miks av bustadar tilpassa ulike aldersgrupper og livssituasjonar, samt ein bustadmarknad som tilbyr bustader innanfor 10 minutt stadar.

## Råd/forventingar til politikk:

Bustadutvikling og bustadforsyning kjem til uttrykk på ulike måtar gjennom regionale planar, rettleiing og planhandsaming samt gjennom samarbeid i nettverk og anna utviklingsarbeid, men regional bustadpolitikk i liten grad er løfta fram som eit samla satsingsområde i Vestland.

Sentraliseringstrenden der 80 prosent av befolkninga vil bu i by og tettstadar utfordrar målsettinga om å ta heile fylket i bruk. Den regionale rolla på det bustadpolitiske feltet er uklar og verkemiddela lite samordna. Det er trong for å gje retning for, og vidareutvikle den regionale bustadpolitikken for å styrke bustadkompetanse i den regionale samfunns- og arealplanlegginga.

Kommunane i Vestland fekk forsterka ansvar knytt til bustad for alle ved ny lov i juli 2023, som vil gi eit større behov for koordinering og stønad på bustadpolitikk i tida framover.

- **Nye og eksisterande bustadar må formast for alle - i alle livsfasar -, og koplast tettare til stad- og byutvikling**

Vestlandssamfunnet er i endring; vi står føre store demografiske endringar samstundes som folk buset seg i tettstadar og byområde. Men bustadmassen er ikkje tilpassa framtidig behov og jf. statlege føringar og gjeldande utviklingsplan så skal Vestland legge til rette for busetting, næringsutvikling og et godt tenestetilbod i bygd og by i hele fylket.

- **Utvikle nye modeller for finansiering av bustadbygging**

Ein fungerande bustadmarknad er eit premiss for ein vellukka bustadpolitikk. I mange distriktskommunane er det ofte ein *tynn* bustadmarknad og dermed med andre føresetnader for å byggje bustadar enn i meir sentrale strøk. Framtidsretta bustadutvikling kan og vere rehabilitering, påbygg og transformasjon av bygningsmasse tidlegare bruk til andre føremål enn bustad.

- **Styrke koordineringa og samarbeid mellom fylkeskommunen og andre regionale aktørar for å få fram eit betre kunnskapsgrunnlag**

Det er ulike føresetnader hjå kommunane i fylket til å utvikle eit treffsikkert kunnskapsgrunnlag i det bustadpolitiske arbeidet. Dette gjeld både innanfor ein felles bu- og arbeidsregion, og for fylket samla. for å styrke gjennomføringa, kan fylkeskommunen bistå kommunane med kunnskapsproduksjon.

- **Større fokus på den sosiale dimensjonen i utbyggingsprosjekt**

Fortettinga som skjer med bakgrunn i berekraftperspektivet, har hatt ei tung vekt på dei miljømessige og økonomiske dimensjonane. Den sosiale dimensjonen bør vektleggjast meir i den vidare utviklinga, for å sikre utjamning av sosiale skilnader og betre bu- og oppvekstvilkår.

- **Etabler strukturar for samarbeid mellom regionalt nivå, kommunane, næringslivet og statlege aktørar for å sikre felles mål og verkemiddelbruk.** (Til dømes etter modell frå *Regionalt bustadforum for Bergensområdet*.)

*Bustad for alle* er ein viktig premiss i den nasjonale bustadpolitikken, men inngår i liten grad i samhandlinga mellom kommunane og regionale myndigheiter i samfunns- og arealplanlegginga. Barnefamiljar, vanskelegstilte på bustadmarknaden og andre med vanlege inntekter som treng bustad bør kunne sikrast moglegheita til å å bu i ein klimavenleg by- og tettstad, med både eige- og leieform som reelle alternativ.

- **Stø opp om og legge til rette for eit større mangfald av buformer**

Gjennom samarbeidsprosjekt og samskapingsarenaer, støtte kommunane i å utforske og utvikle alternative bustadløysingar, med innslag av til dømes dele-løysingar. Eventuelt i samarbeid med Bergen kommune si [Bopilot-satsing](#).

## Barn og unge - trivsel og tilhørsle

Det er mykje kunnskap som viser at forholda som barn lever under, heilt frå tidleg barndom og gjennom oppveksten og overgangen til vaksenlivet, påverker utviklinga deira på godt og vondt. Det er difor eit mål at kunnskapsgrunnlaget for gruppa barn og unge vil bidra til ei vidareutvikling av det offentlege sine satsingar og vidare arbeid på dette feltet.

Barn og unge skal vakse opp i trygge omgjevnader som skapar livskvalitet. Dette er eit viktig helseaspekt som gir konsekvensar i tidlege år, men òg langt inn i vaksenlivet. Samfunnet treng både barn, unge og vaksne som har utvikla seg innanfor trygge rammer, og som har det godt. Som ein konsekvens av det vil fleire vaksne kunne greie seg sjølv og bidra i samfunnsutviklinga i fleire samanhengar, gjennom deltaking i arbeidslivet, i lokalmiljøa, med meir.

Ei samfunnsutvikling som no viser at dei unge flyttar til sentrale strøk, på same tid som dei eldre i samfunnet vert ei større gruppe, har behovet for satsinga barn og unge vorte enno meir tydeleg. Det er ei utfordring for regionen at så mange av dei unge flyttar frå heimstaden til større stader, kanskje utan å kjenne til arbeidsmarknaden og moglegheitene i lokalmiljøet. Gjennom samspel mellom skule og arbeidsliv frå barnehage til høgare utdanning, kan ein kanskje dempe noko av flyttinga og styrke folketal og tilgang på kompetanse og arbeidskraft òg utanfor sentrale strøk. Barn og unge som veks opp eller flyttar til urbane område kan ha andre utfordringar, ofte knytt til dårleg bustad, utanforskap, og utryggleik. Det er behov for å styrke den lokale tilhørsle til ungdom, å auke trivsel og deltaking i lokalsamfunnet. Satsing på ungdomskultur og tilgang til utdanning og bustad er viktig.

Det trengs eit breitt tilbod, både på skulen og i fritida, møteplassar og god mobilitet. Dei minst aktive er den viktigaste målgruppa. For hybelbuarar er det ekstra viktig å at det vert tilrettelagt for deltaking i lokalmiljøet der dei går på skule. I tillegg til spesialiserte område og friluftsliv skal planlegginga bidra til at sentrum og offentlege rom i sentrum, kollektivhaldeplassar og grøntområde er trygge og aktivitetsfremmande stadar å opphalde seg for barn og unge. Planlegginga kan sikre at barn og unge vert eit gjennomgåande og prioritert tema i samfunnsutviklinga.



Figur 44 - Illustrasjon frå Schutterstock

## Rammer for planlegging - barn og unge

Norge har ratifisert internasjonale konvensjonar som pliktar det offentlege til å arbeide til det beste for barn og unge, som er innarbeidd i nasjonalt lovverk. Barn og unges oppvekstkår og moglegheit for medverknad er løfta fram som særleg viktige omsyn i planlova. Barn og unge sin trivsel og tilhørslse har koplingar til dei fleste av offentleg sektor sine tenester og ansvarsområde. Som innsatsområde krev det eit sterkt brukarfokus som skjer gjennom ulike sektorar og forvaltningsnivå, og med samordning og samarbeid som viktigaste verkemiddel.

Samfunns- og arealplanlegginga er ein viktig arena for å gripe fatt i utfordringar og moglegheiter. Tematikken heng saman med alle andre tema i senterplanen, og særleg kvalitet i bygde omgjevnader og bustadpolitikk. Ved å løfte dette som innsatsområde i regional plan skal vi bidra til å løfte medvitnet om viktigheita av heilskap og samanheng når det gjeld dette særlege omsynet.

Kunnskapsgrunnlaget gir eit oversyn over lovverket som dei regionale og lokale myndighetsnivåa har fått for arbeidet med blant anna barn og unge, og det viser til dei ulike oppvekstarenaene som utgjer viktige miljø for dei yngste i samfunnet vårt. Fylkeskommunen har i 2023 utarbeidd ei ny utgåve av folkehelseoversikta som gir eit bilete av korleis barn og unge har det i Vestland i dag. Det vert i kunnskapsgrunnlaget óg vist til Ungdata undersøkinga, og dels elevundersøkinga<sup>129</sup>for Vestland.

### **Avtalar, lovar, retningslinjer og strategiar**

Barn og unge i Norge er einskildpersonar med ukrenkelege rettar. Vaksne har ansvar for å gje born og unge vern. Born og ungdom skal ha trygge og gode liv. Alle skal ha høve til å bli sett, delta og utvikle seg. God planlegging for gode lokalsamfunn er ein viktig ramme for å skape tryggleik og gode oppvekstvilkår. Dette er fastsett gjennom internasjonale avtalar, nasjonale lover, retningslinjer og strategiar.

**Barnekonvensjonen** er den første internasjonale menneskerettigheits-konvensjonen som gir barn ein særskild juridisk status. Den stadfestar at barn er omfatta av menneskerettar, og har krav på vern. Artikkel 12 skal fremje barnets beste, og gje barn rett til å seie meininga si og bli høyrde. Artikkel 18 slår fast at alle barn og unge under 18 år har rett til å ha ein trygg og god oppvekst, uansett kven dei er, og kvar dei bur. Velferdsordningar som støttar opp om eit trygt foreldreskap, eit godt barne- og familievern for dei som treng det, og barnehagar, skular og skulefritidsordningar av høg kvalitet som er tilgjengelege for alle, er avgjerande for god helse og sosial utjamning. Óg artikkel 31, fritidserklæringa, seier at alle barn skal få moglegheit til å delta jamleg i organisert fritidsaktivitet, uavhengig av foreldras sosiale og økonomiske situasjon. Dette er óg i tråd med det gjennomgåande prinsippet etter FN sine berekraftsmål - *alle skal med*.

**Folkehelselova** er rammeverket for kommunane, fylkeskommunen og statlege etatar for å sikre ei samfunnsutvikling for heile befolkninga – óg for barn og unge. Gjennom lova skal folkehelsearbeidet fremje befolkninga si helse, fremje trivsel, gode sosiale tilhøve og miljømessige forhold, og bidra til å førebygge psykisk og somatisk sjukdom, skade eller lidning. Ei sær viktig oppgåve er innsats for å redusere dei sosiale helseskilnadene. Vidare setje i verk tiltak og arbeide langsiktig og systematisk. Gjennom krav om nødvendig oversikt over helsetilstanden kan ein få innsikt i folkehelseutfordringane, samt vurdere konsekvensar og årsaksforhold. Gjennom folkehelseoversikta kan ein ha merksemd over tid på barn og unge sine oppvekst- og levekårstilhøve som bustad, arbeid, inntekt, fysisk og sosialt miljø, fysisk aktivitet med fleire.

**Tannhelselova** regulerer barn- og unge sin rett til tannhelsetenester. Etter lova skal fylkeskommunen mellom anna fremje tannhelse i befolkninga og sørge for nødvendig førebygging og behandling<sup>130</sup>.

<sup>129</sup> [www.udir.no/tall-og-forskning/statistikk/elevundersokelsen](http://www.udir.no/tall-og-forskning/statistikk/elevundersokelsen)

<sup>130</sup> <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1983-06-03-54>

For å styrke oppfølginga av utsette barn, unge og familien deira, har Stortinget vedtatt nye reglar om samarbeid, samordning, barnekoordinator og individuell plan. Det er utarbeidd ein rettleiar til desse reglane. Dei nye reglane gjeld frå 1. august 2022, og omfattar mellom anna helse- og omsorgstenester, skule og barnehage, NAV og barnevern. Målet med rettleiaren er å forklare dei nye reglane nærare, tydeleggjere ansvar og mynde, og gje praktiske døme på korleis tenestene kan oppfylle pliktene sine<sup>131</sup>.

**Plan - og bygningslova** pålegg at det skal leggjast til rette for medverknad frå innbyggane – òg frå barn og unge - i planlegging av arealbruk og fysisk utvikling. Omsynet til barn og unge sitt oppvekstmiljø særskilt, er løfta fram i formålsparagrafen i plan- og bygningslova. Vidare heiter det at lova skal fremje berekraftig utvikling til det beste for den enkelte, for samfunnet og framtidige generasjonar. Lova er gjennom § 3 tydeleg på føremålet med at planlegginga skal legge til rette for god forming av bygde omgjevnader, gode bumiljø og gode oppvekst- og levekår i alle delar av landet. Planlegging skal òg fremje befolkninga si helse, motverke sosiale helseforskjellar og bidra til å førebygge kriminalitet. Kommunane har eit særleg ansvar for å sikre aktiv medverknad frå grupper som krev spesiell tilrettelegging, her under barn og unge<sup>132</sup>.

**Rikspolitiske retningslinjer** for å styrke barn og unges interesser gjeld for heile landet og skal leggast til grunn ved statleg, regional- og kommunal planlegging. Dei skal synleggjere, styrke, og sikre interessene til barn og unge i all planlegging etter plan- og bygningslova. Det er særskilt viktig at kommunane legg til rette for at barn og unge sine stemmer blir høyrde og at rettane vert ivaretekne i planlegginga.

**Folkehelsemeldinga – Gode liv i eit trygt samfunn**<sup>133</sup> peikar på forsterka innsats på områda tidleg innsats for barn og unge – for å bidra til å gje dei ein god og trygg oppvekst, førebygging av einsemd og mindre sosial ulikskap i helse.

I den nye **folkehelsemeldinga Meld.St.15 Nasjonal strategi for utjamning av sosiale helseforskjellar**<sup>134</sup> er regjeringa sin folkehelseambisjon å utjamne dei sosiale og økonomiske skilnadane. Meldinga har ei brei tilnærming, og legg opp til tverrsektorielt arbeid gjennom seks hovudinnsatsområder:

- Dei samfunnsskapt vilkåra for god helse
- Levevanar og førebygging av ikkje-smittsame sjukdomar
- Psykisk helse og livskvalitet
- Vern mot helsetruslar og rett til eit sunt miljø
- Kommunikasjon og innbyggardialog

I tillegg vil klimaendringar, demografiske endringar og internasjonalt samarbeid ha stor betydning for folkehelsearbeidet framover. Innsatsområda i folkehelsemeldinga støttar opp om utfordringane som skissert i folkehelseoversikta for Vestland fylke. Desse er: sosial ulikskap i helse, demografiske endringar, psykisk helse og livskvalitet, klimaendringar.

**Nasjonal strategi for den sosiale boligpolitikken** (2021-2024)<sup>135</sup> understreker at barn og unge skal ha gode boforhold. 78 000 av de 179 000 vanskeligstilte i 2019 var barn og unge. De som bor i en leid bolig, har lavinntekt 5. Se nærmere gjennomgang i under avsnittet om [bustadmarknaden for vanskelegstilte](#). SSB anslår at rundt 179 000 personer er vanskeligstilte på boligmarkedet og bor trangt er særlig utsatt. 35 000 barn og unge var i denne situasjonen i 2019. Det var 1,4 pst. færre enn i

<sup>131</sup> [Samarbeid om tjenester til barn, unge og deres familier - Helsedirektoratet](#)

<sup>132</sup> [https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2008-06-27-71/KAPITTEL\\_2#KAPITTEL\\_2](https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2008-06-27-71/KAPITTEL_2#KAPITTEL_2)

<sup>133</sup> [www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-19-20182019/id2639770/](http://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-19-20182019/id2639770/)

<sup>134</sup> <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/Stmeld-nr-20-2006-2007-/id449531/>

<sup>135</sup> [www.regjeringen.no/no/tema/plan-bygg-og-eiendom/boligmarkedet/boligsosial-strategi/id2786896/](http://www.regjeringen.no/no/tema/plan-bygg-og-eiendom/boligmarkedet/boligsosial-strategi/id2786896/)



2018. Den 1. juli 2023 trådte *Lov om kommunenes ansvar på det boligsosiale feltet*<sup>136</sup> i kraft. Formålet er å førebygge bustadsosiale utfordringar, og å bidra til at vanskelegstilte på bustadmarknaden skal få bistand til å skaffe seg og behalde eigen bustad.

I dei nye [Nasjonale forventingane til kommunal og regional planlegging](#)<sup>137</sup> er utfordringa med å skape eit sosial berekraftig samfunn og eit trygt samfunn for alle sentralt. Særleg i kapittel 3; *Trygge og inkluderande lokalsamfunn*, er forventingane til kommunal planlegging for å sikre interessene til barn og unge gjennom ei samfunns- og arealplanlegging som skaper trygge, attraktive og aktivitetsfremjande møteplassar og bumiljø tydelege. Dette inneber å planlegge aktivt for å motverke og førebyggje levekårsutfordringar og medverke til utjamning av sosiale forskjellar, legge universell utforming til grunn i planlegginga av omgjevnader og busetnad og sikre omsynet til folkehelse samt sikre aktivt gode vilkår for god psykisk helse og fysisk helse i planlegginga.

Som vist til i [avsnittet over](#) er det nedfelt i internasjonal rett og nasjonale lovverk at barn og unge har rett til å få gje uttrykk for meiningane sine, å medverke, og at samfunnet skal høyre på innspel som kjem frå dei. Ei tilnærming til medverknad er å leggje til rette for partnerskap, andre tilnærmingar er eksempelvis å gjennomføra spørjeundersøkingar, å diskutere tema som er under arbeid, eller etablere prosjekt der målgruppa deltek aktivt for å bidra og lære gjennom det konkrete arbeidet. I dette kapittelet vert det vist til arbeid som er gjennomført for å få fram røysta til barn og unge, enten gjennom at dei unge arbeider med det sjølv, eller at andre legg fram perspektiva for dei.



Figur 45 - illustrasjon frå Schutterstock

## Planar og satsingar i Vestland knytt til barn og unge

Fylkeskommunen bidra til at barn og unge i Vestland får gode vilkår under oppveksten, og vi føl opp dei ulike nasjonale rammene for planlegging knytt til barn og unge på fleire ulike plannivå.

Rammeverket for barn og unge kan knytast til dei ulike oppvekstarenaene. Desse har over tid vorte sett meir i samanheng sidan vi over tid har utvikla ei tilnærming der ein jobbar med *heile mennesket*.

Den regionale tilnærminga for barn og unge i Vestland har eit utviklingspotensiale. I første omgang er det viktig å sjå arbeidet som vert gjennomført i ein større samanheng, gjennom ulike planverk, og konkrete satsingar. Partnerskap for barn og unge i Vestland kan vere viktig satsingsfelt som og kan gje god kunnskap og dermed grunnlag for seinare planlegging.

<sup>136</sup> <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2022-12-20-121>

<sup>137</sup> [www.regjeringen.no/contentassets/d71a3e61e774485fb4a98cab9255e53f/nasjonale-forventningar-nn.pdf](http://www.regjeringen.no/contentassets/d71a3e61e774485fb4a98cab9255e53f/nasjonale-forventningar-nn.pdf)

Utviklingsplanen for Vestland 2020-2024 identifiserer 10 utfordringar for fylket og regionane. Ein av hovudutfordringane har nemninga ungdom – trivsel og tilhøyrse:

*Det er ei utfordring for regionen at unge i for stor grad flyttar frå heimplassen utan å kjenne til arbeidsmarknaden og moglegheitene i lokalmiljøet. Fråfall i idretten er aukande, og unge har låg valdeltaking. Det er behov for å styrke den lokale tilhøyra til ungdom, for å auke trivsel og vilje til å satse i lokalsamfunnet. Satsing på ungdomskultur, og tilgang til utdanning og bustad, er viktig.*

Fleire av dei andre utfordringane kan knytast til kvardagslivet for dei unge i samfunnet, dette gjeld:

- attraktive stader og gode nærmiljø
- eit fornyande, profesjonelt og frivillig kulturliv
- eit likeverdig samfunn

### **Dei regionale folkehelseplanane med handlingsprogram**

Vestland har to regionale folkehelseplanar som begge har innsatsar knytt til utvikling av barn og unge og utvikling av lokalsamfunn, nærmiljø og bustader, sjå meir om [desse under overskrifta bustapolitikk](#). Fleire av innsatsområda og dermed tiltaka er målretta til utvikling av barn og unge si helse. Gode, trygge og deltakande nærmiljø/lokalsamfunn, barn og unge, livskvalitet og psykisk helse, samt innsats knytt til sosial ulikskap er dei mest sentrale.

Vestland har utvikla **folkehelseoversikter** i 2015, 2019 og no i 2023, og denne er viktig for å identifisere sentrale utviklingsområde for fylket samla. Undersøkinga viser mellom anna at graden av trivsel i nærmiljøet er lågast blant ungdom, og rapportert einsemd er og størst i denne gruppa. Jentene rapporterer om aukande psykiske utfordringar. Fråfallet i idretten og andre kulturaktivitetar er aukande i ungdomstida, og unge har låg valdeltaking. Det er difor viktig at kommunar satsar på barn og unge, både gjennom planlegging og prioritering av tiltak for trivsel og deltaking. Fleire av utfordringane som er identifiserte for åra 2023-2027 er omtala [øvanfor i dokumentet](#).

I kunnskapsgrunnlaget til den førre utviklingsplanen for Vestland; *Vestland – utfordringar for fylket og for regionane (2019)*<sup>138</sup>, vert auken i talet på barn i familiar med vedvarande låg inntekt framheva som ei urovekkande utvikling. Barn og unge med innvandrars-bakgrunn kan ha særskilde utfordringar som gjer det vanskeleg å ta del i organiserte kultur- og fritidsaktivitetar på lik linje med andre. Målretta innsats må til for at desse gruppene skal få del i aktivitets- og kulturtilboda.

Den geografiske samansetninga av Vestland fylke kan gi grunnlag for å satse på ei betre utnytting av by/land-skilnaden i kunnskapsutviklinga. Det er både utfordringar og fortrinn ved å ha Bergen som eit stort tyngdepunkt i eit elles spreidd busett fylke. Det ligg eit klart potensial i at Bergen går føre ved krevjande kunnskapsløft, samstundes som desse løfta får langt meir verdi for resten av fylket dersom andre kommunar blir involvert. Kunnskapsutvikling frå område med spreidd busetnad og lange avstandar vil dessutan truleg òg gi verdifull kunnskap til nytte for meir tettbygde område. Eit godt døme er Barne- og familiepanelet, utvikla av Bergen kommune og rulla ut i heile Vestland.

**Vestland tannhelseteneste** skal gje eit regelmessig og oppsøkande tilbod til alle barn og unge frå fødsel og til dei fyller 26 år, sjå meir i [avsnittet over](#). Tannhelsetenesta har gode moglegheiter til å hjelpe barn og unge til å få gode vanar knytt til tann- og munnhelse, samt auke forståinga for kva dei sjølv kan gjere for å ha god tannhelse. I tillegg er arbeidet med å førebygge, avdekke og avverje vald og seksuelle overgrep blant barn og unge sentralt i det førebyggjande og helsefremmande arbeidet i tannhelsetenesta.

### **Vidaregåande opplæring i Vestland fylkeskommune 2021-2025**

Temaplanen, mål og strategiar, *Fornye og Forbetre – Auka gjennomføring* er eit styrings- og kvalitetsverktøy i arbeidet med å fornye og forbetre vidaregåande opplæringa i takt med sterke og

---

<sup>138</sup> [www.vestlandfylke.no/globalassets/planlegging/regional-planstrategi/vestland--utfordringar-for-fylket-og-komunane.pdf](http://www.vestlandfylke.no/globalassets/planlegging/regional-planstrategi/vestland--utfordringar-for-fylket-og-komunane.pdf)

raske samfunnsendringar<sup>139</sup>. Temaplanen gjeld elevar og lærlingar. Vidaregåande opplæring i Vestland fylkeskommune har følgjande 4 mål for perioden 2021-2015:

1. Elevar og lærlingar i Vestland har det beste opplæringstilbodet med høg merksemd på trivsel, motivasjon, læring og meistring i eit inkluderande miljø
2. Eit godt samansett lag utviklar eleven, lærlingen og skulen
3. Vidaregåande opplæring har god samanheng med grunnskule og er heilskapleg, fram til arbeidsliv eller høgare utdanning
4. Vidaregåande opplæring i Vestland er ein viktig utviklingsarena for ungdom, vaksne og arbeids- og samfunnsliv.

### **Kommunane**

Kommunane er det myndigheitsnivået som er tettast på innbyggjarane. Dei har ansvar for tilbodet som vert gitt gjennom helsestasjonar, barnehagar, grunnskular. Det kommunale nivået har og ansvar for den fysiske planlegginga som bidreg til rammer for barn og unge sine omgjevnader, jamfør plan- og bygningslova. Fylkeskommunen skal bidra med råd- og rettleiing for kommunane på fleire område, og er i fleire samhengar og ein samarbeidspart eksempelvis gjennom prosjektarbeid knytt til stadutvikling og kultursatsingar.

### **Statlege etatar**

*Statsforvaltaren* har mynde og fagkunnskap på fleire overordna samfunnsområde, samtidig som dei sit på viktig lokalkunnskap. Statsforvaltaren skal sørge for rettstryggleiken for enkeltinnbyggjarar, verksemdar og organisasjonar ved å sjå til at grunnleggjande prinsipp som likebehandling, likeverd, føreseie, handlefridom, habilitet og rettferd blir sikra i forvaltninga<sup>140</sup>.

NAV er arbeids- og velferdsforvaltninga til innbyggjarane i Norge. I NAV samarbeider stat og kommune om å tilby ei dør inn til dei offentlege arbeids- og velferdstenestene. Samfunnsoppdraget til NAV er å bidra til sosial og økonomisk tryggleik, og fremma overgang til arbeid og aktivitet. Målet er å skapa eit inkluderande samfunn, eit inkluderande arbeidsliv, og ei velfungerande arbeidsmarknad.<sup>141</sup>

## Regionale og lovpålagte samarbeid

Gjennom oppfølging av nasjonale pålegg eller intensjonar, regionale planar og strategiar og partnerskap vert det og gjennomført samarbeid mellom regionale myndigheiter og kommunane i Vestland. Temaet barn og unge er naturleg å ta opp i desse samhandlingsarenaene.

**Folkehelsenettverket Vestland** er eit nettverk for folkehelsekontaktane på tvers av kommunane, drevet av fylkeskommunen. Nettverket skal styrke fagmiljøet, vere ein arena for folkehelsearbeidet og vere med på å styrke samhandling og samordning mellom fylkeskommune, statsforvaltar, kommune, FOU-miljø og andre relevante aktørar.

**Folkehelseeringen** er ein intern tverrfagleg samarbeidsarena mellom ulike fagavdelingar i fylkeskommunen for informasjonsdeling og samordning. Gjennom fylkeskommunale verkemiddel skal vere med å skape eit trygt samfunn, fremje god helse for alle og arbeide for å utjamne sosiale skilnadar.

**Folkehelseforum Vestland** er eit forum for samarbeidspartane i folkehelsearbeidet i Vestland fylke for å styrke det strategiske og heilskaplege folkehelsearbeidet. Formålet er å styre samarbeidet i Vestland mellom dei ulike aktørane innanfor folkehelsefeltet, og styrke samhandling og samordning –

<sup>139</sup> <https://ek.vlfk.no/eknet/docs/pub/DOK00830.pdf>

<sup>140</sup> [www.statsforvalteren.no/nn/vestland/om-oss/](http://www.statsforvalteren.no/nn/vestland/om-oss/)

<sup>141</sup> [www.nav.no/hva-er-nav](http://www.nav.no/hva-er-nav)

mellom fylkeskommunen, kommunane og FOU – miljø og andre relevante aktørar – om kunnskaps – og tiltaksutvikling med verdi for Vestland. Samarbeidet gjeld:

- Bidra til tydlegare vegval og retning i folkehelsearbeidet i Vestland fylke
- Program for folkehelsearbeid i kommunane (barn og unges psykiske helse og livskvalitet, 0-24 år)

### **Tenester og tiltak med forankring i fylkeskommunen**

Gjennom oppfølging av regionale planar, strategiar og partnerskap vert det og gjennomført samarbeid mellom regionale myndigheiter og kommunane i Vestland. Det er og etablert fora som er initiert av andre. Dette kapittelet viser til nokre slike døme og denne oversikten må betraktast som ein start på arbeidet med å få eit bilete over kva fylkeskommunen deltek i og har satsingar i, uavhengig av om det er formelle satsingar med forankring, eller det er nettverk ein deltek av fagleg karakter.

### **Open skule og utlån av vidaregåande skular og fylkeskommunale eigde idrettsanlegg**

Vestland fylkeskommune ser at det er trong for nye tiltak knytt til aktuelle samfunnsutfordringar som utanforskap, fråfall i vidaregåande utdanning, lokalsamfunnsutvikling og ungdom si psykiske og fysiske helse. Det pågår difor i 22/23 eit prøveprosjekt som inneber at skulebygningar skal vere opne arenaer og lånast ut gratis eller rimeleg til frivillige lag og organisasjonar ved 22 vidaregåande skular. Prøveprosjektet blir utvida med fleire vidaregåande skular skuleåret 2023-2024 for å hauste erfaringar, med mål om oppstart av permanente ordningar hausten 2024. Ansvar for utlån vert lagt til rektor, og det skal gjerast tilpassingar knytt til lokal aktivitet/ etterspurnad. Lag og organisasjonar, og særleg med aktivitetar for born og unge, skal ha førerrett. Der det er relevant med utlån til kommunar forutsett ein at dei dekker kostnader med tilsyn og reingjering.

Gode døme frå arbeid i Vestland dei siste åra:

#### **Avslutta prosjekt**

Prosjektet *YES specialist* har handla om korleis involvere ungdom meir i å oppretthalde busetting i distriktet, og korleis kan tiltakslysten styrkast blant unge innbyggjarar. Gjennom prosjektet er det utvikla og testa ut ein innovativ metode i entreprenørskap der nedanifrå og opp metodikk er sentral. Flora og Odda vidaregåande skular har delteke i prosjektet, og sluttrapport føreligg som referatsak i [Hovudutval for næring 25/04/23](#)<sup>142</sup>.

*Planprosess for førebyggjande planar på barn og unge-feltet*. Fire samlingar som går føre seg i vår (2023), som handlar om å skape samanheng i planverket på førebyggingsfeltet<sup>143</sup>. Statsforvaltaren saman med VLFK, KORUS, Napha, RVTS, RKBU og KS er saman om å arrangere samlingane.

Bergen: *Helsefremmende miljø på sosiale medier*. Prosjektet bidrar til ny kunnskap om hvordan bruk og aktivitet på sosiale medier blant ungdom påvirker psykisk helse og trivsel. Periode 2019 – 2022. Evalueringsmateriale (vert utvikla fram til 2025 av stipendiat ved FHI)

Stord og Fitjar: *16 år - Ka no?* Tilpassa og trygg overgag frå ungdomsskule til vidaregåande skule. Periode 2019 - 2022 Utvikle og prøve ut tiltak som skal fremje meistring, trivsel og tilhøyrsløse for unge i overgangsfasen mellom ungdomsskule og vidaregåande skule.

*Bømlo kommune*: Medverknad og deltaking for god trivsel og livskvalitet for alle barn og unge. Periode 2018- 2022.

<sup>142</sup> [Sluttrapport - Erasmus+ Strategisk partnerskap YESpecialists - entreprenørskap blant ungdom i rurale strøk.PDF](#)

<sup>143</sup> [www.statsforvalteren.no/contentassets/758534ea8ff94da68a8d2e661a24ac02/invitasjon-til-kommunane-i-vestland-1.pdf](http://www.statsforvalteren.no/contentassets/758534ea8ff94da68a8d2e661a24ac02/invitasjon-til-kommunane-i-vestland-1.pdf)

## Prosjekt i prosess

Yes specialist vert vidareført i eit nytt prosjekt; *Auka ung bulyst og tiltakslyst* der partnerskap mellom skule, næringsliv, kommunen og frivillig sektor vert utvikla. Dette prosjektet er eit samarbeid mellom avdelingane opplæring og kompetanse, næring, plan og innovasjon, og kultur og folkehelse.

Bergen: *Flyselskapet* – fritidsklubb på Hyssingen produksjonsskule for å motvirke ungt utenforskap, periode 2022-2026

Askøy: Prosjektet skal bidra til å få etablert en kommunal faggruppe med kommunale konnektorer som skal være brobygger mellom innbyggere og kommunen, og som skal utvikle spisskompetanse på medvirkning og mobilisering etter ABCD prinsippene. Prosjektet bygger vidare på modell for samskaping som tar utgangspunkt i lokale behov og ressurser. Periode 2021-2024

LivOgLyst (LOL) for lokalsamfunnsutvikling er eit program og nettverk for mobilisering og utvikling av samfunnet gjennom mobilisering og samhandling, [les meir under tema kvalitet i omgjevnadar](#). Follese LOL på Askøy jobbar på tvers av generasjonar, og er eitt døme der dei tek ungdom aktivt med i utviklinga av lokalsamfunnet på fleire måtar.

Fylkeskommunen si satsing [Nyskapande aktivitetssanlegg](#) har stort fokus på breie medverknadsprosessar der ungdom spelar ei viktig rolle. Det er fire prosjekt årleg i kommunar og vidaregåande skular i Vestland, som alle jobbar med tilpassa prosessar for å svare på lokale behov.

## Medverknad - ei kjelde til kunnskap og samfunnsdeltaking

### Om medverknad og deltaking frå barn og unge

Medverknad frå barn og unge handlar på den eine sida om mogelegheiter til reell påverknad på viktige samfunnsområde gjennom formaliserte organ og organisasjonar. Elevråd og ungdomsråd er døme på slike. Medverknad handlar òg om moglegheitene det enkelte barnet eller ungdommen har til å bli høyrde og ha innverknad over områder som har betydning for deira eigne liv.

Sjølv om breidda av lovverk og retningslinjer peikar på barn og unge som ei viktig målgruppe som skal involverast, så viser forskinga at om unge skal ønskje å bidra og delta i medverknad, må denne opplevast som nyttig. Det avgjerande å ha klare rammer og retningsliner for korleis planlegginga av tiltak og prosjekt skal ivareta barn og unge sine behov og interesser. Medvirkning kan bidra til at barn og unge føler seg sett, høyrde og respekterte. Dette omfattar mellom anna at dei som skal delta må få god informasjon og vite kva planar, avgjerder eller tiltak deira kunnskap og meiningar skal nyttast til<sup>144</sup>.

Norske elevar har høg tillit til politiske institusjonar og har positive haldningar til å fylle rolla som medborgar<sup>145</sup>.

**Ungdommens distriktspanel** vart oppretta gjennom Meld.St.5 (2019-2020) *Levande lokalsamfunn for framtida*. Panelet var sett saman av ti ungdomar, frå alle landsdelar, i alderen mellom 14 og 23 år<sup>146</sup>. Ungdommens distriktspanel presenterte våren 2021 ti råd om kva som bør gjerast for at det skal vere godt og attraktivt å bu og arbeida i heile Norge, òg i framtida<sup>147</sup>, som mellom anna inneber betre mobilitetsløyser og behovet for betre møteplassar i lokalsamfunnet.


<sup>144</sup> [rapport-gjennomfort-prosess-inderoy.pdf \(regjeringen.no\)](#)

<sup>145</sup> NOVA-Rapport 15, 2017; Unge medborgere. DEMokratiforståelse, kunnskap og engasjement blant 9.-klassinger i Norge. The International Civic and Citizenship Education Study (ICCS) 2016

<sup>146</sup> [www.regjeringen.no/contentassets/e733252d7a604e388612984ee04e0544/rapport\\_kunnskapsgrunnlag\\_ungdommens\\_distriktspanel.pdf](#)

<sup>147</sup> [www.regjeringen.no/contentassets/e733252d7a604e388612984ee04e0544/ungdommens\\_distriktspanel\\_rapport.pdf](#)

## Oppvekstarenaer



Helsa og livskvaliteten til barn og unge vert utvikla i eit samspel med andre barn og vaksne. Dette samspelet skjer i dei ulike miljøa som barn og unge er ein del av, sjå figur 47 som viser 5 viktige oppvekstarena for barn og unge.

Oppsettet er knytt til dei viktige arenaene i barn og unge sine liv: Familie, barnehage, skule, vener og fritid, samt lokalsamfunn.

Figur 46 Oppvekstarenaer for barn og unge. Kjelde: folkehelseprofil 2019.

### Familien

Familieøkonomien er viktig for oppveksten til barn. For offentleg mynde er det viktig å vere merksam på låginntektsfamiliar og andre utsette familiar som eksempelvis bur trongt. Økonomiske bekymringar hos foreldre kan gje stress og påverke psykisk helse. Dette kan igjen påverke deira ferdigheiter som foreldre. Konflikhtar og dårleg samspel i familien kan vere skadeleg.

### Vener og fritid

Venskap er ei kjelde til sosial og kjenslemessig støtte. Gode venskap kan gje god psykisk helse og livskvalitet og beskytte mot negative verknader av mobbing og utestenging. Gode og rimelege fritidstilbod og møteplassar for barn og unge kan gje gode relasjonar mellom ungdommane og hindre utanforskap. Sosiale media er dei siste åra vorte ein viktig arena for barn og unge. Dei kan lettare ha kontakt med vener, få nye vener, og følgje med på kva som skjer både i lokalsamfunnet og i verda elles.

### Barnehage

Gode barnehagar kan bidra til at born meistrar skulen betre, og dermed òg utjamning av sosiale forskjellar. Spesielt for born frå familiar me lav sosioøkonomisk status, kan barnehagen ha stor betydning for språkutvikling og psykisk helse.

### Skule

Skulen er ein arena for fagleg og sosial utvikling. Dei fleste trivst, men nokon likar seg ikkje der og står i fare for å slutta. Dei som kjenner skulemiljøet som ei belastning eller kjenner på stress kan få psykiske plagar og dårlege føresetnader for læring. Å lære elevane strategiar for problemløysing, samarbeid og kommunikasjon kan styrke barn og unge si sjølvoppfatning, gje dei moglegheiter for å oppleve meistring, og betre moglegheita for læring. I tillegg kan det førebyggje angst og depresjon.

### Lokalsamfunn

Ei oppvekst i eit lokalsamfunn som er prega av fellesskap, sosial samhandling og varierte fritidsaktivitetar fremjar trivsel og helse blant barn og unge. Fritidstilbod som er utforma på ein slik måte at dei er tilgjengelege for alle, kan bidra til utjamning av sosiale skilnader. Unge med mindre nettverk, flyktingar, og unge utanfor skule og arbeidsliv, kan få ei styrka lokal tilhøyre med slike tilbod. Eit godt tilrettelagt gang- og sykkeltilbod, og kollektivtransport, kan gjere det lettare og tryggare for barn og unge å treffa kvarandre på fritida. Kommunar og fylkeskommunen kan leggje til rette for trygge og aktivitetsfremjande omgjevnader der barn og unge får varierte moglegheiter for sosialt samvær, og for å leike og utfalde seg saman med andre.



## Råd/forventningar til politikk:

Arenaer for å styrke barn og unge sin oppvekst og som kan bidra til å redusere sosiale helseskilnader og styrke trivsel og livskvalitet. Vi vil omtale kva gode lokalmiljø kan bety for trivsel, tilfredsheit og livskvalitet. Vidare vil vi belyse kort om sosial ulikskap og kople dette til nærmiljø.

Eit overordna mål for fylkeskommunen nedfelt i Utviklingsplanen 2020-2024 er å skape trygge, inkluderande og helsefremjande oppvekstmiljø for alle og sikre sosial utjamning. Eit godt oppvekstmiljø er viktig for at barn og unge skal kjenne seg trygge og oppleve meistring. Både kommunane og fylkeskommunane har verkemiddel for å skape gode miljø i barnehage, skulen og i lokalsamfunnet. Dei kan og bidra med tiltak i knytt til fritidsaktivitetar og oppvekstforhold i familien.

- **Betre intern samordning og samskaping**

Fagmiljøa i fylkeskommunen samarbeider og samhandlar i for liten grad om temaet barn og unge. Dette fører til manglande oversikt og kunnskap om temafeltet og om kva fylkeskommunen som heilskap meiner og gjer på dette feltet. Det fører og til at utfordringar ikkje vert sett og innmeldt.

- **Styrke samarbeidet med kommunane**

Fylkeskommunen har lite samordna oversikt over korleis kommunar arbeider med Ung-perspektivet i kommunane. Det er behov for oversikt for å kunne støtte kommunane betre i deira arbeid med innsatsen for denne målgruppa.

- **Fremje perspektivet til barn og unge i planlegging**

Vurderingar knytt til barn og unge er i mange plansaker ulikt vektlagt. Meir aktiv bruk av handlingsrommet i plan- og bygningslova og rikspolitiske retningslinjer for barn og unge i areal- og samfunnsplanlegging.

- **Styrke mobilitetstilbodet for barn og unge**

Kollektivtransporttilbodet ut over skuleskyss er viktig spesielt for ungdomar. Utanfor Bergensområdet er det store variasjonar i tilgjenge når det gjeld kollektivtilbod, og ikkje alle har moglegheita til å bli kjørt til fritidsaktivitetar og anna. Betre gang- og sykkelveggar, og nye kollektive transportordningar vil gje fridom og moglegheit til å delta på ulike sosiale arenaer.

- **Etablere fleire møteplassar og kultur- og aktivitetsanlegg for barn og unge**

Sosiale møteplassar, både formelle og uformelle er viktig for barn og unge si helse, og seinare som vaksne. Denne utfordringa samsvarar med utfordring nr 3 i Folkehelseoversikten: «psykiske helse og livskvalitet».

- **Stø kommunane i å utvikle gode, trygge og attraktive lokalsamfunn**

Ein stor del av ungdomane er fornøgd med lokalmiljøet der dei bur. 68 % av ungdomsskuleelevane (oppvekstbarometeret) og 79% i Ungdata-undersøkinga. Men det er berre 42% av ungdomen som har lyst til å bu i kommunen sin når dei vert vaksne. Vestland fylkeskommune må legge til rette for ein aktiv politikk (bustad, arbeid, kompetanse, næring) for å redusere flytting frå distrikt til sentrale område i Vestland, og ut frå Vestland til andre fylke.

- **Tilpass medverkinga til barn og unge**

Opplevinga av deltaking og det å bli sett og høyrde, kan verke helsefremmande og skape tillit, tilhøyrsløse og myndiggjering hos dei som medverkar<sup>148</sup>. I følgje forskning kan medverknadsprosessar derfor vere med å skape helsefremjande og sosialt berekraftige lokalsamfunn<sup>149</sup>. Men aller viktigast er det at unge veit best kva unge treng i framtidens lokalsamfunn, og difor er uunnverlege aktørar inn i plan- og utviklingsprosessar.

---

<sup>148</sup> Helsedirektoratet IS-2387, 2015; Deltaking, støtte, tillit og tilhørighet. En analyse av ulikehet i sosiale relasjoner med utgangspunkt i levekårundersøkelsene

<sup>149</sup> Hofstad, 2017; NIBR rapport 2021:7 NIBR Sosialt bærekraftige lokalsamfunn - en litteraturstudie

# Vedlegg 1: Identifiserte kunnskapsbehov

## **Kapittel 1: Senterstruktur**

GIS-kartlegging (kvantitativ analyse): Gangavstandar rundt grunnskolar i Vestland etter [modell frå Viken](#). Kunnskapsgrunnlag som kan støtte fylkeskommunen og kommunane i avgrensing av senterutstrekning.

## **Kapittel 2: Lokalisering** (*Gruppeleiar*)

GIS-kartlegging (kvantitativ analyse): Dimensjonering og lokalisering av handel, etter [modell frå Viken fylkeskommune](#). Kunnskapsgrunnlag som avdekkjer konsentrasjon av eksisterande handelsknutepunkt, og mogleg over- og underdekning.

## **Kapittel 3: Arealbruk**

GIS-kartlegging (kvantitativ analyse):: Status for dagens arealbruk i fylkesatlas-format

Metodeutvikling: Egna metodikk for endre arealbruk

## **Kapittel 4: Kvalitet i bygde omgjevnadar** (*Gruppeleiarar Marianne Bugge og Liz Eva Tøllefsen, NPI*)

Kunnskapsmangel om kulturmiljøverdier i byar og tettstadar i Vestland, er framfor alt knytt til ein systematisk oversikt over kva som finst av ulike typar eldre byplanmønstre og byggjemønstre i tettstadar (gatenett/ferdsleårar, bygde areal, opne areal, plassering av bygningar i høve til topografi og ressursar etc., arealbruksmønstra med tanke på bustad, næring, transport etc.). For Bergen finst det undersøkingar og kunnskap om byplanhistoria, men for mange av dei andre byane tettstadane i Vestland er dette i større grad manglande, og ikkje satt i samheng med kvarandre.

Utviklinga av NBI-registra (Nasjonalt Bevaringsområde) og differensiering av undersøking av by- og tettstadsmiljøa i landskapsnivå, områdenivå, bygningsnivå og møbleringsnivå, kan tilføre ny kunnskap om dette ved rullering i Vestland, men det vil jamvel vere trong for å setje nivå i samheng med spesifikke trekk ved by- og tettstadshistoria i regionen vår.

## **Kapittel 5: Barn og unge**

Vi manglar kunnskap samla sett om status for arbeidet i vidaregåande skule, jamfør mål 3 i *Mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Vestland fylkeskommune 2021- 2025. Temaplan: Fornye og forbetre – Auka gjennomføring*.

Fylkeskommunen har lite oversikt over korleis kommunar arbeider med *Ung perspektivet* i kommunane. Det er ynskjeleg å utvikla den interne samhandlinga i VLFK mellom dei som arbeider med ungdom og som gjennom tilrettelegging og tilbod påverkar fritidstilboda til dei unge, og dei som påverkar liva til dei unge gjennom planlegging og utviklingsarbeid (regional og kommunal plan). I dette arbeidet er det viktig med kommunal dialog og samarbeid. Gjennom intern samhandling og dialog med eksterne samarbeidspartar som kommune og Statsforvaltar vil kunnskapsbehov identifiserast som grunnlag for ei framtidig satsing.

## **Kapittel 6: Bustad**

Kartleggingsområde: Kartlegging av både bygningsmasse for bustader og bustadpreferanse for Vestland samla. Dette kan vere ein viktig indikator for å diskutere bustadbehov og bustadbyggjarane sine utfordringar knytt til å møte etterspurnad versus bustadbehov i bustadutviklinga.

Kartleggingsbehov: Få utvikla oversikt over prisutviklinga over nye og brukte bustader i heile fylket.

Kartleggingsområde: Det kan ha verdi å få vurdert barrierane for kjøp av bustad for heile Vestland.

Kartleggingsområde: Kommunane i Vestland får forsterka ansvar knytt til bustad for alle ved ny lov i juli 2023. Det er behov for å etablere regional samhandling mellom ulike aktørar på dette innsatsområdet og få fram meir kunnskap.

Kartleggingsområde: Å få oversikt over planavklarte arealreservar i fylket, og føringar for bruken av desse har vore ei for omfattande oppgåve i denne fasen. Det er sett i gong arbeid med utvikling av kunnskapsgrunnlag om areal- og naturrekneskap.

Kartleggingsområde: Det kan vere særleg viktig å få svar på korleis låge verdiar på bustadar i distrikta – særleg einebustadar med låg verdivurdering er barriere for sistegangskjøp av bustad hos eldre, og behovet for andre grupper for bustad i distrikta.

## Vedlegg 2: Hovudinndeling av regionklasser, BA-regionar, senter- og omlandskommunar:

Regionklassen	Bo- og arbeidsmarkedsregionene (BA 2020):							Regionrådene (IKR/IKS)		
	Navn på BA	Innbyggere i BA (2020)	Største tettsted (regionsenter)	Innbyggere reg.senter (2020)	Subregion-sentre (navn og innb. 2020)	Kommunetypen (i BA)	Navn kommune (2020)		Innbyggere i kommune (2020)	
1. Storbysregioner	Bergen-BA	391 266	Bergen	250 958	Osøyro(14046) Knarrevik/Straume (11711) Askøy (23959)	Senterkommune	4601 Bergen	283 929	Ingen	
						Omlandskommune	4623 Samnanger	2 485	Ingen	
						Omlandskommune	4624 Bjørnafjorde	24 908	Ingen	
						Omlandskommune	4626 Øygarden	38 316	Ingen	
						Omlandskommune	4627 Askøy	29 553	Ingen	
2. Større byregioner	Haugesund-BA	(97 226)*	Haugesund (i Rogaland)	17 605		Omlandskommune	4628 Vaksdal	3 977	Nordhordaland IKS/Regionråd	
						Omlandskommune	4630 Osterøy	8 098	Nordhordaland IKS/Regionråd	
3. Mellomstore byregioner	Stord-BA	33 905	Leirvik	17 605		Omlandskommune	4812 Sveio	5 768	Sunnhordaland Samarbeidsråd	
						Omlandskommune	4614 Stord	18 759	Sunnhordaland Samarbeidsråd	
4. Småbyregioner	Alver-BA	32 482	Knarvik	6 024		Omlandskommune	4613 Bamlo	11 957	Sunnhordaland Samarbeidsråd	
						Omlandskommune	4615 Filjar	3 189	Sunnhordaland Samarbeidsråd	
						Senterkommune	4631 Alver	29 224	Nordhordaland IKS/Regionråd	
	Kinn-BA	30 293	Fiore	12 222	Måløy (3300), Svelgen (1164)		Omlandskommune	4629 Modalen	388	Nordhordaland IKS/Regionråd
							Omlandskommune	4632 Austrheim	2 870	Nordhordaland IKS/Regionråd
	Sunnfjord-BA	29 142	Førde	10 420	Nordfjordeid (3069) Naustdal (1205)		Senterkommune	4602 Kinn	17 207	Fjordane IKR
							Omlandskommune	4648 Bremanger	3 029	Fjordane IKR
	Voss-BA	16 820	Vossevangen	6 828	Høyanger (2002)		Omlandskommune	4649 Stad	9 457	Fjordane IKR
							Omlandskommune	4847 Sunnfjord	22 030	Fjordane IKR
	5. Bygdeby- og småsenter-regioner	Sogndal-BA	17 021	Sogndalsfjøra (inkl. Kjørnes)	4 950	Hermansv/Leikanger(2164), Kaupanger(1034) (Gaupne 1246)	Omlandskommune	4638 Høyanger	4 101	Sogn Regionråd
Omlandskommune							4645 Askvoll	3 011	Fjordane IKR	
Ullensvang-BA		11 954	Odda	4 840			Senterkommune	4621 Voss	15 740	Ingen
							Omlandskommune	4620 Ulvik	1 080	Hardangerrådet IKS
Ardal-BA		7 319	Øvre Ardal	3 092	(Ardalstangen 1369) (Lærdalseyri 1130)		Senterkommune	4640 Sogndal	11 847	Sogn Regionråd
							Omlandskommune	4644 Luster	5 174	Sogn Regionråd
Kvinnherad-BA		13 071	Husnes (inkl. Sunde/Vålen)	4 475			Senterkommune	4618 Ullensvang	11 048	Hardangerrådet IKS
							Omlandskommune	4619 Eidfjord	906	Hardangerrådet IKS
Kvam-BA		8 457	Norheimsund	4 475			Senterkommune	4843 Ardal	5 193	Sogn Regionråd
							Omlandskommune	4642 Lærdal	2 126	Sogn Regionråd
Stryn-BA	7 130	Stryn	2 533			Omlandskommune	4617 Kvinnherad	13 071	Sunnhordaland Samarbeidsråd	
						Omlandskommune	4622 Kvam	8 457	Hardangerrådet IKS	
Gloppen-BA	5 854	Sandane	2 446			Omlandskommune	4651 Stryn	7 130	Fjordane IKR	
						Omlandskommune	4650 Gloppen	5 854	Fjordane IKR	
Austevoll-BA	5 236	Storebø	1 584			Omlandskommune	4625 Austevoll	5 236	Sunnhordaland Samarbeidsråd	
						Omlandskommune	4639 Vik	2 635	Sogn Regionråd	
Vik-BA	2 635	Vikseyr	1 227			Senterkommune	4646 Fjaler	2 802	Fjordane IKR	
						Omlandskommune	4837 Hyllestad	1 328	Fjordane IKR	
Fjaler-BA	4 130	Dale	1 187			Omlandskommune	4811 Etne	4 062	Sunnhordaland Samarbeidsråd	
						Omlandskommune	4641 Aurland	1 781	Sogn Regionråd	
6. Spredtboede regioner (regioner uten tettsteder > 1000 innb.)	Aurland-BA	(12 776)*	Ølen (i Rogaland)	819		Omlandskommune	4616 Tynnes	2 869	Sunnhordaland Samarbeidsråd	
						Omlandskommune	4618 Tysnes	2 869	Sunnhordaland Samarbeidsråd	
Fedje-BA	548	Fedje	424			Omlandskommune	4633 Fedje	548	Nordhordaland IKS/Regionråd	
						Omlandskommune	4636 Solund	802	Fjordane IKR	
Solund-BA	802	Hardbakke	319			Omlandskommune	4635 Gulen	2 297	Nordhordaland IKS/Regionråd	
						Omlandskommune	4634 Masfjorden	1 691	Nordhordaland IKS/Regionråd	
Gulen-BA	3 988	Ervindvik	317			Omlandskommune	4634 Masfjorden	1 691	Nordhordaland IKS/Regionråd	
						Omlandskommune	4634 Masfjorden	1 691	Nordhordaland IKS/Regionråd	

\*Mesteparten av BA-regionen ligger i Rogaland

### Innbyggere i mindre byregioner, senter og omland Vestland fylke 2020:

	Innbyggere reg.senter (2020)	Innbyggere i omlandet (BA utenom reg.senter) (2020)	Innbyggere i BA (2020)
Mellomstore byregioner	17.600	16.300	33.900
Småbyregioner	6.000-12.200	10.800-20.300	16.800-32.500
Bygdeby- og småsenter-regioner	1.200-5.000	1.400-12.000	2.600-17.000

## Vedlegg 3: Nøkkeltal for BA-regioner og senterkommuner rangerte etter ulike nivå:

Senter- og region nivåer (1-5)	Regionstyper	BA-region		Senterkommunen		Største tettsted (reg.sentre)		Omland		Subreg.sentre		Tjenestetilbud og funksjoner lokalisert i senterkommunen*							BA-regionens næringsspesialiseringer (ok.kvop-1.1 og >200 arbeidsplasser)		
		Navn	Inv.byggere (2020)	Inv.byggere (2020)	Navn	Inv.byggere (2020)	Navn	Inv.byggere (2020)	Inv.byggere i hele området	Inv.byggere i største tettsted	Subreg.sentre (navn og inv. 2020)	Generelt tjeneste-tilbud (antall tjeneste-bygger, type invst 100)	Handel tjeneste-tilbud (omsetning/inv (arb.plasser) landstev- 100)	Kultur - faste tilbud (arb.plasser)	Lønn-fagstiler (arb.pl)	Allmenn-lykke-hus (arb.pl.)	Spesialiserte lege-fjerner (arb.pl.)	Lege (arb.pl.)		Statlig/fylkesk. adm. sos.forsk. senter (arb.pl)	
1	Storby	Bergen-BA	391 266	Herkoms	4031 Bergen	283 929	Bergen	259 958	131 308	107 337	Pire	99	114	7683	807	7750	9658	228	633	8575	Teknologiindustri, forettingsmessog tjenesteytng, medier/kultur, Lich-undervisning
2a	Midre byregioner	Alver-BA	32 482	Herkoms	4031 Alver	29 224	Knarvik	6 024	26 458	3 258		89	78	478			12		210	Landbruk/foredling, teknologiindustri/annen industri, kraft/vann, transport	
2a		Stord-BA	33 905	Herkoms	4014 Stord	18 759	Leivik	17 605	16 300	15 146		93	113	540	16	238	460	4	138	232	Sjemat, teknologiindustri, kraft/vann
2a		Kinn-BA	30 293	Herkoms	4022 Kinn	17 207	Flore	12 222	18 071	13 086	Måøy (2000), Nordfjord (3068)	93	86	397	28	5		7	26	87	Sjemat, landbruk/foredling, teknologiindustri, transport
2a		Sunnfjord-BA	29 142	Herkoms	4047 Sunnfjord	22 030	Førde	10 420	18 722	7 112	Naustrø (1205), Høyanger (2002)	93	120	689	27	118	1510	5	107	488	Landbruk/foredling, sjemat, metallindustri, transport, sykehus
2b		Sogndal-BA	17 021	Herkoms	4040 Sogndal	11 847	Sogndalsfjra (inkl.Kjernes)	4 950	12 071	5 174	Harnes/Lekanger(2164), Kaupanger(1034), Gaupne (218)	90	106	365	67	441			19	932	Landbruk/foredling, transport, reiseliv, Lich, off adm.
2b		Voss-BA	16 820	Herkoms	4021 Voss	15 740	Vossevangen	6 828	9 992	1 080		92	110	494	20		394			165	Landbruk/foredling, transport, reiseliv
2b		Ullensvang-BA	11 954	Herkoms	4018 Ullensvang	11 048	Odda	4 840	7 114	906		80	86	299	38		145			94	Landbruk/foredling, metallindustri, teknologiindustri, transport, reiseliv
2b		Kvinnherad-BA	13 071	Inkoms	4017 Kvinnherad	13 071	Husnes (inkl. Sundevålen)	4 475	8 596	-		82	87	331	17					63	Landbruk/foredling, metallindustri, teknologiindustri
3		Kvam-BA	8 457	Herkoms	4023 Kvam	8 457	Norheimsund	4 475	3 982	-		77	96	222	41					62	Landbruk/foredling, metallindustri, teknologiindustri
3		Ardal-BA	7 319	Herkoms	4003 Ardal	5 193	Øvre Ardal	3 092	4 227	2 126	Aresenanger (1368), Læstalsøyri (1130)	66	80	104	6		181			16	Metallindustri, annen industri,
3	Stryn-BA	7 130	Inkoms	4031 Stryn	7 130	Stryn	2 533	4 597	-		76	96	200	6					41	Landbruk/foredling, transport, reiseliv	
3	Gløppen-BA	5 854	Inkoms	4030 Gløppen	5 854	Sandane	2 446	3 408	-		80	92	164	31					42	Landbruk/foredling	
3	Austevoll-BA	5 236	Inkoms	4025 Austevoll	5 236	Storebø	1 584	3 652	-		66	87	123		3				13	Sjemat	
3	Fjaler-BA	4 130	Herkoms	4046 Fjaler	2 802	Dale	1 187	2 943	1 328		61	71	74	12					19	(Landbruk/foredling, men færre enn 200 arbeidsplasser)	
4	Vik-BA	2 635	Inkoms	4020 Vik	2 635	Vikøyri	1 227	1 408	-		58	69	53						52	(Landbruk/foredling, men færre enn 200 arbeidsplasser)	
4	Aurland-BA	1 781	Inkoms	4014 Aurland	1 781	Aurlandsvanges	819	962	-		55	148	38						3	(Landbruk/foredling og reiseliv, men færre enn 200 arbeidsplasser)	
4	Tynes-BA	2 869	Inkoms	4016 Tynes	2 869	Våge	801	2 068	-		52	66	82						14	(Landbruk/foredling og sjemat, men færre enn 200 arbeidsplasser)	
4	Gulen-BA	3 988	Herkoms	4030 Gulen	2 297	Elvindvik	317	3 671	1 691		53	62	55	1					8	(Sjemat, landbruk/foredling og kraft/vann, men færre enn 200 arbeidsplasser)	
5	Fedje-BA	546	Inkoms	4033 Fedje	546	Fedje	424	124	-		18	38	10						2	(Sjemat, landbruk/foredling, men færre enn 200 arbeidsplasser)	
5	Solund-BA	802	Inkoms	4008 Solund	802	Horbakke	319	483	-		38	69	14						7	(Sjemat, men færre enn 200 arbeidsplasser)	

\*For BA-regioner med bare én kommune oppgis tallene for kommunen (dvs. BA-regionen). For tre BA-regioner oppgis også tall for områdeskommune der subregionstypen ligger (Nordfjord i Stad kommune, Høyanger i Høyanger kommune og Læstalsøyri i Lærdal kommune).


## Vedlegg 4: Svar frå Ungdata-undersøkinga

Våren 2021 vart Ungdata-undersøkinga gjennomført i barneskulen, ungdomsskulen og vidaregåande skule i kommunane i Vestland fylke. Om lag 48 000 barn og ungdom i Vestland svarte på undersøkinga. Under følgjer nokre utvalde funn som har relevans for arbeid med byar og stader.

## Føler deg veldig eller ganske trygg...


Heime hos deg sjølv

Vestland:  
98




På veg til og frå skulen

Vestland:  
96




Når du er ute i områda der du bur

Vestland:  
96



På skulen


Vestland:  
95



## Korleis kjem du deg til og frå skulen?

Tal for Vestland:

Til/frå ● frå skulen ● til skulen




Buss, tog, båt eller annan kollektivtransport, kombinert med går og syklar: Heile Vestland: til skulen: 71%, og frå skulen: 75% (Sykle og gå – høgast score: Gloppen, Høyanger, Stad og Kvam)




**Vel transportmiddel:**

- Bil
- Buss, tog, båt eller annan kollektivtransport
- Går
- Moped eller skuter
- Syklar



**Vel transportmiddel:**

- Bil
- Buss, tog, båt eller annan kollektivtransport
- Går
- Moped eller skuter
- Syklar




**Framtid i kommunen**


Kan du tenke deg å bu i kommunen din når du blir vaksen? Ja: 42% – Austevoll høgast score på 66, Bergen 49

**Kan du tenke deg å bu i kommunen din når du blir vaksen?**

Svar  Ja  Velt ikkje  Nei



Prosentdel ungdom som har lyst å bu i kommunen sin når dei blir vaksen:




**Ungdom som trivst godt i nærområdet der dei bur**

Vestland 79% – av dei 24 kommunane som det er svar frå er det ingen score under 71

# Vedlegg 5: Folkehelseprofil for Vestland 2023

## Tema Bomiljø og folkehelse:




- Fylket ligger signifikant bedre an enn landet som helhet
- Fylket ligger signifikant dårligere an enn landet som helhet
- Fylket er ikke signifikant forskjellig fra landet som helhet
- Fylket er signifikant forskjellig fra landet som helhet
- Ikke testet for statistisk signifikans
- Verdien for landet som helhet
- Variasjonen mellom fylkene i landet

Vær oppmerksom på at òg «grønne» verdier kan innebære en folkehelseutfordring for fylket, fordi landsnivået ikke nødvendigvis representerer et ønsket nivå

Datakilder: Statistisk sentralbyrå, NAV, Utdanningsdirektoratet, SSBs levekårsundersøkelse om helse 2019 (LKU), SSBs reise- og ferievaneundersøkelse, Vernepliktsverket, Vannverksregisteret, KUHR-databasen i Helsedirektoratet, Meteorologisk institutt, Hjerte- og karregisteret, Reseptregisteret og Nasjonalt vaksinasjonsregister SYSVAK. For mer informasjon, se [Norges helse statistikkbank](#).


# Vedlegg 6: Busetnadmønster i Vestland



Figur 47 Kjelde SSB (2022)




# Vedlegg 7: Fordeling av bustadtyper i Vestland



Figur 48 Kjelde SSB (2022)

# Vedlegg 8: Sjukepleiarindeksen Vestland



Figur 49 Kjelde SSB (2022)

Høgreklikk her og  
vel «Skift ut bilde»  
for å sette inn eller  
endre eit bilete



[vestlandfylke.no](http://vestlandfylke.no)